

BOKN KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: onsdag 26. mai 2021
Tid: kl. 18.00
Sted: Bokn Arena, møterom Kongshamn 1.etg.

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller
tlf 95 98 69 79 /sms/ e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli kalla inn særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil lagt ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saksliste:

9/21 Godkjenning av protokoll frå møtet 12.02.20

10/21 Uttale til årsrekeskap og årsmelding 2020 - Bokn kommune

11/21 Forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga 2020

12/21 Prosjektplan - forvaltningsrevisjonsprosjektet «Kvalitet i grunnskulen»

13/21 Referat- og orienteringssaker 26.05.21

Eventuelt

Aksdal, 19.05.21

Lars Øyvind Alvestad (sign.)
utvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (kalla inn)
Varamedlemmer (til orientering)
Presse/publikum

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	26.05.21	9/21
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 17.02.21

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 17.02.21 blir godkjent slik han ligg føre.

Vedlegg: Protokoll frå møtet 17.02.21

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 17.02.21 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 19.02.21

Toril Hallsjø
Utvalssekretær

BOKN KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL**PROTOKOLL**

Onsdag **17. februar 2021** blei det halde møte i Bokn kontroll- og kvalitetsutval under leiing av leiar Lars Øyvind Alvestad.

MØTESTAD:	Bokn Arena, møterom Boknahåve, 2. etasje
MØTESTART/-SLUTT:	kl.18.00 – kl. 19.15
MØTANDE MEDLEMMER:	Lars Øyvind Alvestad (Ap), Anne Løvereide Faye (Ap), Catharina Øvrebø (Sp), Kim Erik Larsen (H) og Hans Jørgen Ognøy (KrF)
FORFALL:	Ingen
MØTANDE VARAMEDLEM:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN:	Partner Else Holst-Larsen, Deloitte AS Forvaltningsrevisor Ingrid Kalsnes, Deloitte AS Bergen via mobil i sak 4/21
ANDRE SOM MØTTE:	Rådmann Ingeborg Skjølingstad Ordfører Osmund Våga
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**SAK 1/21 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 11.11.20****Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 11.11.20 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.02.21:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.02.21:

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 11.11.20 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 2/21 PLAN FOR ORIENTERINGAR I 2021-22**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtek følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen eller kommunale selskap:

møtet 26.05.21	
møtet 08.09.21	
møtet 17.11.21	
1. møte 2022	
2. møte 2022	 osv.

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål. Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.02.21:

Utvalsmedlemma kom med framlegg og dei blei samde om aktuelle personar/tema og om rekkjefølgje på invitasjonane.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.02.21:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtek følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen eller kommunale selskap:

<i>møtet 26.05.21</i>	<i>Rektor v/Bokn skule</i>
<i>møtet 08.09.21</i>	<i>Teknisk sjef</i>
<i>møtet 17.11.21</i>	<i>Rådmannen</i>
<i>1. møte 2022</i>	<i>Område kultur</i>
<i>2. møte 2022</i>	<i>Bokn Tomteselskap AS</i>

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål. Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

SAK 3/21 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «SJUKEFRÅVER I SKULE OG BARNEHAGE»**Sekretariatet si innstilling:**

Bokn kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Sjukefråver i skule og barnehage» til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.02.21:

Rådmannen viste til si tilbakemelding og meinte at kommunen var kome inn på eit godt spor. Personalundersøkinga var no gjennomført og resultata ville vere klar før påske. HMS-gruppene ville arbeide vidare basert på funna.

Utvalet var svært nøgd med å høyre at HMS-arbeidet var satt i system og følgt opp. Utvalet slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.02.21 og innstilling til kommunestyret:

Bokn kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Sjuefråver i skule og barnehage» til orientering.

SAK 4/21 OPPFØLGING AV ETTERLEVINGSKONTROLL AV ØKONOMIFORVALTNINGA FOR 2019

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar rådmannen sin tilbakemelding på oppfølging av revisor sine merknader til årsrekneskapen 2019 i nummerert brev nr 3 og etterlevingskontrollen for økonomiforvaltninga til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.02.21:

Utvalsleiar innleia. Rådmannen hadde klokke tru på at dei i år ville kome i mål med rekneskapen innan den lovbestemte fristen 22. februar og gjere anleggsregisteret ferdig til 16. mars, som er sett som dato for møte med revisor.

Utvalet var også her nøgd med at det no vert jobba systematisk med oppfølging av tidlegare merknader frå revisor. Utvalet slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.02.21:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar rådmannen sin tilbakemelding på oppfølging av revisor sine merknader til årsrekneskapen 2019 i nummerert brev nr 3 og etterlevingskontrollen for økonomiforvaltninga til orientering.

SAK 5/21 VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval ber Deloitte om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "....." til neste møte 26. mai 2021.

Utvalet har følgjande innspel til tema/problemstillingar:

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.02.21:

Utvalsleiar innleia. Han gjekk for at utvalet valde prosjekt nr 1 «Kvalitet i grunnskulen», slik utvalet hadde innstilt på overfor kommunestyret og som var vedtatt. Utvalet støtta hans framlegg.

Forvaltningsrevisor Ingrid Kalsnes, Deloitte AS blei kobla opp digitalt og ho kom med fleire innspel på aktuelle problemstillingar, slik som tidleg innsats, spesialundervisning, digitale læremidlar.

Frå utvalet kom det innspel knytte til stabilitet i fådelt skule, talet på faglærte lærarar og vikarar målt i timar, rutinar for tidleg innsats og rutinar knytte til informasjon til dei føresette. Revisor noterte seg innspela og meinte dei kunne kome med ein prosjektplan til neste møte.

Utvalsleiar gjorde revisor og utvalet merksam på at det er sett av små ressursar til forvaltningsrevisjon (150 timar) og at det truleg ikkje er mogleg å få alt med i nytt prosjekt.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.02.21:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval ber Deloitte om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "Kvalitet i grunnskulen" til neste møte 26. mai 2021.

Utvalet har følgjande innspel til tema/problemstillinga knytte til stabilitet, lærarkrefter og rutinar for tidleg innsats og informasjon til dei føresette.

SAK 6/21 INVITASJON TIL DELTAKING I FORVALTNINGREVISJON AV HAUGALANDSPAKKEN

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar fylkestinget si invitasjon til ein forvaltningsrevisjonsundersøking med tema Haugalandspakken til orientering.

Utvalet finn prosjektmandatet interessant og ønskjer å bli halden løypande orientert om arbeidet og dei konklusjonar som vil bli tatt når rapport ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 17.02.21:

Utvalsleiar innleia. Han meinte det ikkje var noko trong for Bokn å be om tillegg, då det allereie var gjort ei stor bestilling. Han såg seg difor nøgd med innstillinga. Utvalssekretær supplerte om vedtak i andre utval. Utvalet støtta leiar sitt syn.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.02.21:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar fylkestinget si invitasjon til ein forvaltningsrevisjonsundersøking med tema Haugalandspakken til orientering.

Utvalet finn prosjektmandatet interessant og ønskjer å bli halden løypande orientert om arbeidet og dei konklusjonar som vil bli tatt når rapport ligg føre.

SAK 7 /21 KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET - ÅRSMELDING 2020

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsmelding for 2020. slik ho ligg føre (med evt. endringar/tillegg).

Bokn kommunestyre tek kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding 2020 til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.02.21:

Utvalet meinte meldinga var ryddig og oversiktleg, og dei hadde ingen merknader eller tillegg til innhaldet. Årsmeldinga blei så underskriven av leiar.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.02.21:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsmelding for 2020 slik ho ligg føre.

og innstilling til kommunestyret:

Bokn kommunestyre tek kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding 2020 til orientering.

SAK 8/21 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 17.02.21

1. Statusrapport pr. februar 2021
2. Komm.styrevedtak 15.12.20, sak 55 – Oppfølging av rapport «Rus- og psykiatritenesta»
3. Komm.styrevedtak 15.12.20, sak 56 – Plan for eigarskapskontroll 2020-2024
4. Komm.styrevedtak 15.12.20, sak 57 – Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024
5. Rekneskap 2020 og budsjett 2021 – ansvar 1010 – kontroll og revisjon – funksjon 1100
6. Protokoll frå representantskapsmøtet i HIM IKS 02.12.20 (IM)
7. Protokoll frå representantskapsmøtet i Haugaland Vekst IKS 11.12.20 (IM)
8. Kommunal Rapport 15.12.20 – Kommunale kontrollutval – lokaldemokratiets vaktbikkje

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.02.21:

Utvalssekretær gjekk igjennom sakene 1-8. Utvalet hadde ingen særskilte merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.02.21:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene nr 1 – 8 til orientering.

EventueltProessen rundt skulebygginga

Nestleiar (og kommunestyrerepresentant) viste til kommunestyresak 8/21 i går kveld om revidert budsjett for bygging av ny skule. I følgje ho hadde kommunestyret eit val mellom «kolera og pest» (løyve 72 mill., 78 mill. eller stanse prosjektet). Ho meinte prosessen måtte ha kome galt ut og ønskte utvalet sin tankar om saka. Utvalet meinte ramma i 2016 på 40 mill. hadde vore urealistisk og siste talet på 83 mill. var svært høgt. Utvalet var samd i at det kunne vere ei læring i å spørje rådmannen om korleis prosessen hadde vore handtert desse åra. Utvalet ønska ei skriftleg tilbakemelding til neste møte.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.02.21:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval ber rådmannen svara skriftleg og orientere i neste møte 26.05.21 om prosessen rundt skuleutbygginga.

Neste møte

Etter møteplan er dato sett til onsdag **26. mai** 2021.

Saker: Orientering ved/rektor, bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjektet «Kvalitet i grunnskulen», årsrekneskapen og etterlevingskontrollen for 2020

Bokn, 17. februar 2021

Lars Øyvind Alvestad
leiar (sign.)

Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	26.05.21	10/21
Formannskapet	08.06.21	
Kommunestyret	15.06.21	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	212	

UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2020 – BOKN KOMMUNE

Sekretariatet sitt framlegg til innstilling:

Bokn kontroll- og kvalitetetsutval vedtek vedlagte uttale til Bokn kommune sitt årsrekneskap 2020 slik den ligg føre / med desse endringane/tillegga.

Kontroll- og kvalitetsutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet på korleis merknadene frå revisor er følgt opp innan 01.11.21.

Kontroll- og kvalitetsutvalet vil be rådmannen merke seg kommunelova sine fristar og at rekneskap og årsmelding for 2021 vert halden.

Vedlegg:

1. Framlegg til **uttale** for 2020 frå kontroll- og kvalitetsutvalet
2. Rekneskapen for 2020 (økonomisk oversyn drift og investering) med notar og rådmannen sin årsmelding 2020
3. Revisjonsmelding for 2020 frå Deloitte, dagsett 11.05.21
4. Revisjonsrapport/årsoppgjerbrev nr 10, dagsett 11.05.21

Innleiing

Sekretariatet vil vise til vedlagte dokument. Heile rekneskapen med notar og årsrapport for 2020 ligg også på kommunen si nettside. Forutan revisor, vil også rådmann delta under handsaminga av saka.

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal etter kommunelova § 14-3 tredje ledd gje uttale om årsrekneskapet og årsberetningen. Uttalen skal oversendast til kommunestyret med kopi til formannskapet. Uttalen må vere klar før formannskapet skal gje si innstilling til årsrekneskapet og årsberetningen.

Vidare står det også i forskrift om kontrollutval og revisjon § 3:

«Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak».

Rekneskapen må difor fyrst leggjast fram for kontrollutvalet før det vert handsama i formannskapet. Kontrollutvalet skal også sjå til at rekneskapsrevisor sine påpekingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 blir retta eller følgt opp. Dersom påpekingane ikkje blir retta eller følgt opp, skal kontrollutvalet rapportere det til kommunestyret.

Administrasjonen har frist med levering av årsrekneskapen seinast **22. februar** og årsberetning innan **31. mars**. Frist for rekneskapsrevisor til å gje revisjonsmelding til kommunestyret er seinast **15. april** i følge § 24-8.

Det er opp til kontrollutvalet sjølv å bestemme kva uttalen skal innehalde. Lova eller forskrifta sett ikkje konkrete krav til kva uttalen skal innehalde, utover at den skal knytte seg til forhold i årsrekneskapen eller årsberetningen og tilhøyrande revisjonsberetning.

Det følgjer imidlertid av lova at kontrollutvalet si uttale skal inngå i grunnlaget for kommunestyret si handsaming av og vedtak om årsrekneskap og årsberetning. Kontrollutvalet si uttaleplikt må ses i ljøs av dette, og uttalen skal såleis knytte seg til forhold ved årsrekneskapet eller årsberetningen.

Det primære utgangspunktet for kontrollutvalet sin uttale vil dermed vere dei feil og manglar eller andre forhold som rekneskapsrevisor har tatt opp i tilknytning til rekneskapsrevisjonen, jf. koml. § 24-5 til § 24-8.

Kontrollutvalet har eit ansvar for at det vert ført kontroll med økonomiforvaltninga. Dette kontrollansvaret gjeld økonomiforvaltninga generelt, og går utover kontrollen med sjølve rekneskapen og årsberetninga som regnskapsrevisor har ansvar for. Kontrollutvalet si plikt til å uttale seg om årsrekneskapene og årsberetningene inneber *ikkje* eit krav om at kontrollutvalet skal uttale seg om kommunens økonomiforvaltning generelt, utover det som gjeld forhold ved årsrekneskapet eller årsberetningen.

Det bør framkomme i uttalen om revisor har tatt atterhald eller har merknader i revisjonsberetningen eller har avgitt ein normalberetning. Det bør vurderast om dei formelle krava til årsberetning er følgt, jf. § 14-7 om kva ein årsberetning skal gjere greie for.

Hovudformålet med økonomiforvaltninga etter kommunelova § 14-1 er å ivareta økonomisk handleevne. Kommunestyret skal sjølv vedta finansielle måltall for utviklinga av kommunens økonomi, og vil normalt omtale utviklinga i finansielle måltall i årsberetninga, jf. kommuneloven § 14-7 punkt a).

Kontrollutvalet kan velje å kommentere utviklinga av måltalla. Det same gjeld kommunens økonomiske situasjon som heilskap, men dette må basere seg på årsberetninga og må vere ei nøktern vurdering frå kontrollutvalet si side. Det er kommunestyret som har stått for alt låneopptak i ein kommune og kontrollutvalet skal ikkje kritisere slike disposisjonar.

Dersom frist for avgje årsrekneskapen eller årsberetningen ikkje vert følgt, bør dette vurderast tatt inn i kontrollutvalet si uttale.

Det er formannskapet som skal avgi innstilling når det gjeld årsrekneskap og årsberetning.

Kontrollutvalet kan til dømes ha følgjande avslutning i sin uttale:

Kontrollutvalget er ikke kjent med andre forhold, fremkommet i dialog med revisor, som kunne hatt betydning for utvalgets uttalelse, jf. kommuneloven § 11-2. 5

Kontrollutvalget anbefaler at kommunestyret godkjenner årsregnskapet og årsberetningen.

Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale.

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er Bokn kommune sitt avlagde årsrekneskap for 2020 med notar, rådmannen si årsmelding, revisjonsmeldinga og revisjonsrapport.

Årsrekneskapen

Rekneskapen syner eit brutto driftsresultat (tilhøvet mellom driftsutgifter inkl. avskrivningar og driftsinntekter inkl. skatteinntekter og rammeoverføringar) på minus 2,7 mill kr.

Avviket mellom brutto driftsresultat og revidert budsjett skuldast at driftsinntektene auka 7,7 mill kr og driftsutgiftane auka med 16 mill. kr.

Netto driftsresultat for 2020 blei på nær 1 mill.kr. Det er 0,8 % av driftsinntektene. Dette er dårlegare enn målsettinga om 1,75%.

Sjølv om kommunen samla sett har eit positivt økonomisk resultat, skuldast dette i stor grad utbetaling frå havbruksfondet, medan den underliggjande drifta viste at utgiftene til drifta aukar raskare enn inntektene. I 2020 vart det utbetalt 6 mill. kr til Rogaland fylkeskommune i samband med tidlegare vedtak om finansiering av Føresvikvegen. Denne utbetalinga reduserer netto driftsresultat i 2020.

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene blir nytta som eit mål på økonomisk handlingsfridom. Teknisk beregningsutval (TBU) anbefaler at denne storleiken over tid bør liggje på minst **1,75 %**. Kommunen sitt snittdriftsresultat for 2020 er med dette under TBU sitt tilrådde nivå.

Pr 31.12.20 har Bokn kommune ei lånegjeld på 283 mill. kr. Det er mykje gjeld og gjer at kommunen får ei høg lånegrad.

Landet generelt

Kostra-tala frå SSB viser eit samla netto driftsresultat i snitt på 2,4 % i 2020. Det er ei auke frå 2019. [Teknisk beregningsutvalg \(TBU\)](#), kor Kommunaldepartementet og KS er representert, har definert netto driftsresultat som det viktigste nøkkeltalet for kommunane sin økonomi. Både Kostra-tall og rekneskapsundersøking til KS visar at spredninga i netto driftsresultat er stor.

59 avslutta koranaåret 2020 med eit negativt netto driftsresultat, i følgje SSB. I fjor var det 179 kommunar, så ein klår forbetring. Samstundes ligg 200 av kommunane øve det tilrådde nivået på 1,75 % for solid drift.

Driftsresultata blant kommunane på Haugalandet ligg frå minus 4,3 (Etne) til 9,1 % (Utsira) med dei fleste mellom 4-6 %. Årets resultat på 0,8 % for Bokn kommune er lågt sett i ljøs av dei andre kommunane.

Bokn kommune

Årets resultat på 0,8 % for Bokn kommune er langt under resultatet i fjor (6,8 %), men under landssnittet på 2,4 %.

Rådmannen forklarar Bokn sin økonomi i 2020 godt og utfyllande i sin årsmelding, som følgjer saka som vedlegg.

Rådmannen kommenterer situasjonen mellom anna slik:

Året 2020 var ikkje som andre år, verken for verden, boknarane eller kommunen. Pandemien har prega tenestene til kommunen, aktivitetane våre, kvardagen til dei tilsette og økonomien. Uttrykket "pandemi i drift" syner at pandemien i 2020 blei ein del av kvardagen vår. Sjølv om Bokn ikkje hadde meir enn et smittetilfelle dette året har alle måtta leva med utryggleiken smittesituasjonen har ført med seg. Pandemien har vist kor viktig det er å ha eit tett og godt samarbeid på tvers av kommunegrensene både på politisk og administrativt nivå. Haugalandet som felles bo – og arbeidsmarknad har verkeleg måtta løyse utfordringane i pandemien i lag til beste for innbyggjarane

.....

Bokn kommune sitt netto driftsresultat for 2020 er kr 962 856 som er kr6 823 168 lavere enn i 2019, noko som tilsvarer en nedgang på 87,6%. Hovedårsaken til nedgangen er en utgift på 6 millioner til Føresvikveien som blei bokført i 2020.

Netto driftsresultat for 2020 er på 0,8 % av driftsinntektene.

Kommunen sitt disposisjonsfond inkludert mindreforbruket for 2020 er på 26,7 % av driftsinntektene. Det finansielle måltalet er 10%.

Det er svært viktig for Bokn kommune å ha "penger på bok". Det gjer kommunen betre rusta til å handtere utfordringane i framtida, som aukt rentenivå, lågare inntekter eller aukt behov for egenfinansiering av investeringar. Reserver gir kommunen tid til omstilling og aukt handlingsrom

.....

Investeringsrekneskapen

Sum utgifter i investeringsrekneskapen i 2020 viser at det er nytta 29 mill. kr. Det var ikkje lagt inn budsjett ved årets start, medan i revidert budsjett var det planlagt investert 64 mill. kr. Oversyn over dei største investeringane går fram i årsmeldinga. Rekneskapen er gjort opp i balanse.

Notar

For at rekneskapen skal gje brukarane så god informasjon som mogleg er det viktig at tala i rekneskapen blir supplerte med notar som gjev tydeleg henvisning til kva element i årsrekneskapen dei knyter seg til. Vidare er det i KRS (kommunal rekneskapsstandard) nr 6 lista opp ei rekkje notar som bør vere med i rekneskapen. Notane, som er utarbeidde til rekneskapen i år, går fram bakerst i årsrekneskapen, på sidene 10-17.

Årsberetning/årsmelding

Etter lova skal det leggjast fram ei årsmelding som skal gi opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapen og som er viktige i vurderinga av kommunen si økonomiske stoda og resultatet av verksemda, samt om andre forhold av vesentleg tyding for kommunen.

Den skal gjere greie for følgjande:

- a) forhold som er viktige for å bedømme **den økonomiske utviklingen** og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid,
- b) **vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet**, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene,

- c) virksomhetens **måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning** for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne,
- d) tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å **sikre en høy etisk standard**,
- e) den faktiske tilstanden når det gjelder **kjønnslikestilling**,
- f) hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle **arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26**.

Årsmeldinga skal i følge årsrekneskap- og årsberetningsforskrifta vere klar innan 31. mars. Rådmannen si årsmelding er dagsett 15. april. Rekneskap og årsmelding ble oversendt sekretariatet 19. mai. Det er uholdbart, når møtekart skal vere sendt ut same dag.

Det er krav om at rådmannen skriv noko om kva som er gjort eller om dei planar som er laga innanfor arbeidet med **eigenkontroll** og arbeidet med å heve **etisk standard** i kommunen. Det skal også vere med noko om faktiske tilstand når det gjeld **likestilling** i kommunen.

Årsmeldinga gjer utfyllande opplysningar til det talmateriale som går fram av rekneskapen. Forklaringar på avvik er gjort nærare greie for i meldinga.

Generelt om innhaldet i ei revisormelding

Atterhald vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

I revisjonsrapport kan revisor komme med merknader om forhold som er av ein slik karakter at han/ho finner grunnlag for å kommentere desse. Rådmannen skal då ha høve til å gje sin uttale.

Revisor si revisjonsmelding

Oppdragsansvarleg revisor sendte følgjande brev 15.04.21:

Uttale om manglande årsrekneskap

Kommunedirektøren har ikkje avgitt ein årsrekneskap og årsmelding for Bokn kommune for rekneskapsåret 2020 innan den frist som følgjer av forskrift om årsregnskap og årsberetning.

Vi har følgjeleg ikkje vore i stand til å utføra revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk innan fristen for å avgi revisjonsmelding 15. april, jf. § 24-8 i kommunelova.

Denne revisjonsmeldinga vil bli trekt attende når årsrekneskapen og årsmeldinga er avgitt og vi har fått tid til å gjennomføra dei revisjonshandlingar vi finn naudsynte for å bekrefte årsrekneskapen.

Revisjonen har sende revisjonsmelding, dagsett 11.05.21. Revisor har avlagt så kalla «rein» melding eller standardberetning, dvs. utan atterhald eller presiseringar.

Revisor konkluderer med at:

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrift og gir i det alt vesentlige en dekkende framstilling av den finansielle stillingen til kommunekassen per 31. desember 2020,

og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

.....

Revisor har, i tillegg til meldinga, også kome med ei revisjonsrapport (brev nr 10).

Årsoppgjersbrev/revisjonsrapport

Eit årsoppgjersbrev/rapport frå revisor viser forhold som revisor meiner er av ein så vesentleg karakter at det treng oppfølging frå leiinga.

Brevet er dagsett 11.05.21 og revisor meiner at det generelt er framlagt tilfredsstillende dokumentasjon på balanseposter, men på enkeltområder er det fortsatt forbedringspotensial vedrørende kvalitet på dokumentasjonen. Det gjeld mellom anna følgjande forhold:

- *svakheiter knytta til internkontroll og tilfredstillande arbeidsdeling,*
- *manglande oppfølging av av budsjett på lønnsområde,*
- *betydelig avvik mellom rekneskap og budsjett i investeringsrekneskapen*
- *ikke vedtatt investeringsbudsjett i den ordinære budsjettbehandlingen*

Rapporten, saman med meldinga, dannar grunnlaget for den oppfølging utvalet må gjere etter kommunelova § 24-7. Kontrollutvalet må vurdere om dei vil be om tilbakemelding frå administrasjonen på revisor sine merknader. Utvalet skal også sjå til at oppfølging av revisjonsmerknader blir følgt opp.

I møtet vil revisor gje ei munnleg orientering i møtet om innhaldet om revisjonen gjennom året og av årsoppgjeret.

Sekretariatet meiner ut frå det tilsendte, at det er naudsynt at utvalet ber om tilbakemelding. Det blei gjort i fjor og frist blei sett frist til 31.12.20 for tilbakemelding. Eit godt resultat av det er at anleggsregisteret no er oppdatert.

Sekretariatet vil gjere framlegg om at fristen vert sett til 01.11.21 slik at utvalet får ei sak om oppfølging av rekneskapen til møtet 24. november.

Rådmann vil i kontrollutvalsmøtet gje ei nærmare gjennomgang om kva som ligg bak årets resultat.

Kontrollutvalet sin uttale

KMD (kommunal og moderniseringsdepartementet) har på nyåret 2021 laga eit høyringsutkast og ein rettleier i forhold til uttale frå kontrollutvalet til årsrekneskap og årsberetning. Det som er vesentleg endra frå regnskapsåret 2020, er at uttalen frå kontrollutvalet også gjeld årsberetningen, dvs for rådmannen si årsmelding.

Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen (vedlegg 1). Den er stort sett lik den som var i fjor, men med eit tillegg.

Utvalet tok i 2018 inn i uttalen eit tillegg for å understreke alvoret for kommunen framover:

«Den økonomiske situasjonen for kommunen må likevel vurderast nøye framover da kommunen sin økonomi er sårbar når gjeld rammetilskot og innbyggjartal».

Sekretariatet tok i fjor ikkje med dette i uttalen for 2019. Bakgrunnen var at folketalsutviklinga hadde vore var positiv. Men i og med at inntektssystemet og framskriving av befolkningsutviklinga dei neste tiår, vil medføre at Bokn vil få redusert sine inntekter og folketal, vil det gje kommunen utfordringar med å opprettholde dagens, og sekretariatet meiner dette bør kommenterast.

Sekretariatet har på bakgrunn av årets revisjonsrapport tatt inn i framlegg til uttale for 2020 følgjande tillegg:

«Den økonomiske situasjonen for kommunen, basert på vedtekne måltal, må vurderast nøye framover, da kommunen sin økonomi er sårbar, sett i ljøs av rammetilskot, lånegjeld og innbyggjartal».

Kontroll- og kvalitetsutvalet merker seg at revisor har peika på manglande oppfølging av budsjett, spesielt for lønnsområdet og innanfor investeringsrekneskapen og merknader til avslutning av rekneskapen og vil be om ei tilbakemelding om det frå rådmannen.»

Kontroll- og kvalitetsutvalet må også vurdere om det er andre forhold i årsrekneskapen dei vil kommentere i sin uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saka og orienteringa gjeve i møtet.

Aksdal, 20.05.21

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar/utvalssekretær

Til Bokn kommunestyre

Uttale til årsrekneskap og årsmelding 2020 – Bokn kommune

Innleiing

Kontroll- og kvalitetsutvalet har i møte 26.05.21, sak 12/21 handsama årsrekneskap og årsmelding for 2020 for Bokn kommune, samt tilhøyrande revisjonsmelding dagsett 11.05.21.

Rekneskapen består av økonomisk oversyn for drift, investeringsrekneskap, balanserekneskap, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar.

Grunnlaget for uttalen

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen med notar, rådmannen sin årsmelding 2020, revisjonsmelding dagsett 11.05.21 og revisjonsrapport nr 10 dagsett 11.05.21. I tillegg har revisor og rådmann supplert kontroll- og kvalitetsutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar under handsaminga av årsrekneskapen og årsmeldinga i utvalet.

Kontroll- og kvalitetsutvalet sin uttale:

*Bokn kommune har i 2020 eit **netto driftsresultat med 0,9 mill. kr**, som utgjør 0,8 % av driftsinntektene. Det er eit langt dårlegare resultat enn i fjor, som var på 6,8 %, og resultatet er under teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75%, men skyldast bruk av disposisjonsfond til å dekkje eit tidlegare vedtak.*

Den økonomiske situasjonen for kommunen, basert på vedtekne måltal, må vurderast nøye framover, da kommunen sin økonomi er sårbar, sett i ljøs av rammetilskot, lånegjeld og innbyggjartal.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2020, meiner kontroll- og kvalitetsutvalet at årsrekneskapen og årsrapporten for 2020 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2020 og for kommunen si økonomiske stoda pr. 31.12.20.

Kontroll- og kvalitetsutvalet merker seg at revisor har peika på manglande oppfølging av budsjett, spesielt for lønnsområdet og innanfor investeringsrekneskapen og merknader til avslutning av rekneskapen og vil be om ei tilbakemelding om dette frå rådmannen.

Kontroll- og kvalitetsutvalet er ikkje kjent med andre forhold, som er kome fram i dialog med revisor, som kunne hatt noko å seie for utvalet sin uttale, jf. kommuneloven § 11-2, 5.

Ut over ovannemnde og det som går fram av saksframlegget til kontroll- og kvalitetsutvalet, samt revisors orientering om revisjonsarbeidet og revisjonsmeldinga, har ikkje kontroll- og kvalitetsutvalet merknader til årsrekneskapen til Bokn kommune for 2020.

Kontroll- og kvalitetsutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner Bokn kommune sitt årsrekneskap og årsmelding for 2020.

Føresvik, 26. mai 2021

Lars Øyvind Alvestad
Utvalsleiar

Kopi: Formannskapet

Til kommunestyret i Bokn kommune

Kopi:
Kontrollutvalget
Formannskapet
Kommunedirektøren

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert Bokn kommunes årsregnskap som viser et netto driftsresultat på kr 962 856. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2020, bevilgningsoversikter drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samlet budsjettavvik og årsoppgjørdisposisjoner for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til kommunekassen per 31. desember 2020, og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av kommunen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Kommunedirektøren er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av [informasjon i kommunens årsrapport], men inkluderer ikke årsregnskapet og revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen. Vi henviser for øvrig til avsnittet «Konklusjon om årsberetningen» og «Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik» under uttalelse om øvrige lovmessige krav.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Kommunedirektørens ansvar for årsregnskapet

Kommunedirektøren er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge. Kommunedirektøren er også ansvarlig for slik intern kontroll som anses nødvendig for å kunne

utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av kommunens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av kommunedirektøren er rimelige.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir en dekkende fremstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalget og kommunedirektøren blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av kommunens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at årsberetningen inneholder de opplysningene som lov og forskrift krever og at opplysningene om økonomi i årsberetningen stemmer overens med årsregnskapet.

Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Bokn kommunes redegjørelse for vesentlige budsjettavvik, enten det skyldes beløpsmessige avvik eller avvik fra kommunestyrets premisser for bruken av bevilgningene.

Konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt kjent med forhold som gir grunn til å tro at årsberetningen ikke gir dekkende opplysninger om vesentlige budsjettavvik.

Kommunedirektørens ansvar for å redegjøre for budsjettavvik

Kommunedirektøren er ansvarlig for å etablere administrative rutiner som sørger for at det utarbeides og iverksettes rutiner som sikrer at alle vesentlige budsjettavvik identifiseres og beskrives. Dette gjelder både beløpsmessige rammer og vedtatte premisser for bruken av bevilgningene. I årsberetningen skal kommunedirektøren redegjøre for vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets premisser for bruken av bevilgningene.

Våre oppgaver og plikter

Vår oppgave er å se etter om årsberetningen gir dekkende opplysninger om vesentlige beløpsmessige avvik fra årsbudsjettet og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene. Vi skal avgi en uttalelse om årsberetningen på grunnlag av bevisene vi har hentet inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerhet i samsvar med kommunelovens regler og RSK 302 Kontroll av vesentlige budsjettavvik. Standarden krever at vi planlegger og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerhet for hvorvidt det foreligger dekkende opplysninger om vesentlige budsjettavvik i årsberetningen.

Utføring av et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet i henhold til RSK 302, innebærer å utføre handlinger for å innhente bevis for om det foreligger avvik fra budsjettvedtak, både beløpsmessige avvik og avvik fra **kommunestyrets premisser for bruken av bevilgningene**, og om det i årsberetninger er gitt dekkende opplysninger om årsakene til avvikene. Typen, tidspunktet for og omfanget av de valgte handlingene er gjenstand for revisors skjønn. Moderat sikkerhet har klart lavere sikkerhetsgrad enn betryggende sikkerhet, og vi gir derfor ikke uttrykk for samme nivå av sikkerhet som i konklusjon om årsregnskapet i revisjonsberetningen. Vi mener at vi har innhentet tilstrekkelig og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Andre forhold

Denne beretning erstatter tidligere avgitt beretning, datert 15.04.2021, som ble avgitt ved utløpet av lovens frist for avholdelse av generalforsamling. Fullstendig årsregnskap og årsberetning var på dette tidspunkt ikke avgitt av kommunestyret og kommunedirektøren.

Haugesund, 11.5.2021
Deloitte AS



Else Holst-Larsen
Partner
statsautorisert revisor

Bokn kommune
5561 BOKN

Haugesund, 11.mai 2021

Att: Kontrollutvalget
Kopi: Rådmann

Revisjonsrapport nr 10 (journalføres)

REVISJONSRAPPORT FOR ÅRSREGNSKAPET 2020

Vi er nå i ferd med å avslutte revisjonen av årsregnskapet for Bokn Kommune for 2020. Vi vil i denne forbindelse knytte noen kommentarer til vårt arbeid og det fremlagte årsregnskap. Revisjonsrapportens formål er å gi en oppsummering av vesentlige forhold som vi er blitt kjent med i løpet av revisjonen.

I vår revisjon har vi gjennomført de revisjonshandlinger vi har ansett nødvendig for å få bekreftet at årsregnskapet ikke inneholder vesentlige feil eller mangler.

Etter vår mening har samarbeidet med kommunens ledelse og øvrig personale vært godt. Vi har fått den assistanse og de opplysninger vi har bedt om.

Kommunens ledelse er ansvarlig for å etablere og opprettholde en tilfredsstillende intern kontroll, herunder sørge for at regnskapsføringen er i samsvar med lov og forskrifter og at formuesforvaltningen er ordnet på betryggende måte.

Vi gjør oppmerksom på at vår gjennomgang av den interne kontroll er begrenset til den gjennomgang vi er pliktige til å utføre iht. god revisjonsskikk.

Vi konstaterer at det spesielt i forbindelse med ferieavvikling, er vanskelig å få til en tilfredsstillende arbeidsdeling i en liten kommune med få ansatte i økonomiavdelingen. Vi anbefaler at risikoen knyttet til manglende arbeidsdeling gjennomgås, og at det etableres kompenserende kontroller for å redusere risikoen for misligheter og feil.

Revisjonen gjennom året

Ved interimrevisjonen har vi på noen utvalgte regnskapsområder kartlagt og testet om vesentlige interne kontroller har fungert i heile regnskapsperioden. I tillegg har vi benyttet analyser og kontrolltester som grunnlag for å vurdere kvaliteten på regnskapet. Videre har vi utført kontroll av vesentlige inntekts- og kostnadsposter i regnskapet.

Vi har ikke avdekket forhold som var av en slik karakter eller størrelse at de fører til usikkerhet knyttet til det fremlagde årsregnskapet utover forhold som er kommentert under.

Revisjonen av årsoppgjøret

Ved vår revisjon av årsoppgjøret har vi lagt vekt på kontroll av fullstendighet av inntekter og gjeld, og gyldighet av eiendeler og kostnader.

Bokføringsloven og dokumentasjon av regnskapet

Bokføringsloven (Lov 2004-11-19 nr 73) og bokføringsforskriften (Forskrift 2004-12-01 nr. 1558) ble fra 1. januar 2011 gjeldende for kommuner og fylkeskommuner, samt kommunale og fylkeskommunale selskap. Det betyr at disse må følge alle reglene i bokføringsloven § 2 til § 14. Videre må bokføringsforskriften kapittel 2 til 7 følges.

Bokføringslova med forskrifter inneholder enkelte nye krav samt viderefører en rekke krav fra tidligere lover og forskrifter. På flere områder betyr loven en innstramming jamført med tidligere praksis. Bokføringsloven § 4 gir 10 grunnleggende bokføringsprinsipp som skal følges.

Ved utarbeiding av årsregnskap skal det etter bokføringsloven § 11 være dokumentasjon av alle balanseposter i regnskapet uten de som er ubetydelige.

Generelt er det framlagt tilfredsstillende dokumentasjon på balanseposter, men på enkeltområder er det fortsatt forbedringspotensial vedrørende kvalitet på dokumentasjonen.

Lønnsområdet

Ved gjennomgang av lønnsområde er det avdekket svakheter knyttet til internkontrollen i det det ikke er etablert tilfredsstillende arbeidsdeling og mangelfulle avstemmingsrutiner. Det er også avdekket manglende oppfølging av budsjett på lønnsområdet. God oppfølging av regnskap mot budsjett vil kunne fungere som en kompenserende kontroll for manglende arbeidsdeling. Mangelfull budsjettering bidrar til økt risiko for at feil ikke blir avdekket.

Det har videre ikke vært mulig å foreta en fullstendig avstemming mellom aktuarberegning og utgiftsførte pensjonskostnader. Estimert avvik anses ikke å være vesentlig

Minimumsavdrag

Som følge av opprydding i anleggsregister er det i 2020 bokført vesentlig høyere avskrivninger enn i et normalår. Dersom årets avskrivninger legges til grunn for beregning av minimumsavdrag, er betalte avdrag under minimumsavdrag i henhold til kommuneloven. Da dette er en engangseffekt aksepteres at normalnivå for avskrivninger legges til grunn for beregning av minimumsavdrag. Anleggsregisteret er nå i samsvar med regnskapet.

Investeringsregnskap

Det er betydelig avvik mellom regnskap og budsjett i investeringsregnskapet. Det ble heller ikke vedtatt investeringsbudsjett i den ordinære budsjettbehandlingen i tråd med kommuneloven § 14-3. Regelverket pålegger realistisk budsjettering og oppfølging av budsjettavvik i løpende budsjettkontroller.

Revisjonen anbefaler at det vedtas mest mulig realistiske budsjett også for planlagte investeringer, og at nødvendige endringer i investeringsbudsjettet vedtas løpende.

Avslutning av regnskapet

Det ble ikke bokført avregning mot selvkostfond for 2019, dette korrigert i 2020. Bruk av disposisjonsfond er dermed omlag kr 1,3 mill høyere i 2020 enn det ellers ville vært. Det er videre foretatt en overføring fra drift til investering som vi ikke har fått bekreftet er politisk besluttet.

Dersom noe skulle være uklart i framstillingen ovenfor, eller at det er behov for hjelp i forbindelse med konkretisering og gjennomføring av tilrådte tiltak eller andre forhold, står vi gjerne til tjeneste.

Med vennlig hilsen
Deloitte AS



Else Holst-Larsen
statsautorisert revisor

Til kommunestyret i Bokn kommune

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Uttale om manglande årsrekneskap

Kommunedirektøren har ikkje avgitt ein årsrekneskap og årsmelding for Bokn kommune for rekneskapsåret 2020 innan den frist som følgjer av forskrift om årsregnskap og årsberetning. Vi har følgjeleg ikkje vore i stand til å utføre revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk innan fristen for å avgi revisjonsmelding 15. april, jf. § 24-8 i kommunelova.

Denne revisjonsmeldinga vil bli trekt attende når årsrekneskapen og årsmeldinga er avgitt og vi har fått tid til å gjennomføre dei revisjonshandlingar vi finn naudsynte for å bekrefte årsrekneskapen.

Haugesund, 15. april 2021

Deloitte AS

Else Holst-Larsen

statsautorisert revisor

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	26.05.21	10/21

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	212	

FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL 2020 – REVISOR SI ATTESTASJON OM ØKONOMIFORVALTNINGA

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Deloitte AS om økonomiforvaltninga for 2020 og revisor si gjennomgang til orientering.

Vedlegg: Revisor si attestasjonsuttale om økonomiforvaltninga 2020, dagsett 14.05.21

Bakgrunn

I følgje kommunelova § 23-2 skal kontrollutvalet bl.a. påse «...at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak...».

Revisor er difor pålagt i den nye kommunelova § 24-9 kvart år å gje ei skriftleg uttale til kontrollutvalet **seinast 30. juni** knytt til dette. Dette blir omtalt som ei ny oppgåve for revisor, kalla «forenkla etterlevelingskontroll».

Lovforarbeida visar til intensjonen at revisor innanfor ei avgrensa ressursramme kan bidra til å førebygge svakheiter og sikre at kommunen følgjer sentrale bestemmelser og vedtak på økonomiområdet. Dette vil byggje opp under god økonomiforvaltning, openheit og tillit til forvaltningspraksis og kan også gje kontrollutvalet eit betre grunnlag til å tinge forvaltningsrevisjon og andre undersøkingar.

Det er sagt at revisor skal ha ei brei tilnærming, men likevel at kontrollen skal gjerast innanfor ei avgrensa ressursramme. Dette vil mellom anna krevje ei god risiko- og vesentlegsvurdering hos revisor. Eksemplar på områder/tema for mulig forenkla etterlevingskontroll er innan:

- Sjølvkost
- Offentlege anskaffingar
- Offentleg støtte
- Etterleving GDPR
- Driftstilskot til private barnehagar
- Tilskot/overføringar til private
- Kontraktsoppfølging.

Uttale for 2020

Deloitte AS har gjeve si uttale, dagsett 14.05.21, for Bokn kommune om perioden 01.01-31.12.20. Attestasjonsuttalen følger vedlagt.

Revisor konkluderer med:

«Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på forhold som gir oss grunn til å tro at Bokn kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene i regelverket.

Det vises dog til at det i vårt nummererte brev 10/2021, på enkelte områder er anbefalt en styrking av internkontrollen.

Denne uttalelsen er utelukkende utarbeidet for å gi kontrollutvalget et bedre grunnlag for å ivareta sitt ansvar med økonomiforvaltningen og til Bokn kommunes informasjon, og er ikke nødvendigvis egnet til andre formål.»

Revisor vil i tillegg gje ei munnleg orientering til utvalet.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kommer fram noko spesielt i møtet, vil sekretariatet tilrå at kontroll- og kvalitetsutvalet tar informasjonen frå Deloitte til orientering.

Aksdal, 19.05.21

Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekretær

Til

Kontrollutvalget i Bokn kommune

UAVHENGIG REVISORS ATTESTASJONSUTTAELSE OM ETTERLEVELSE AV BESTEMMELSER OG VEDTAK FOR ØKONOMIFORVALTNINGEN

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Bokn kommunes etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen.

Vi har kontrollert perioden fra 01.01.2020 – 31.12.2020.

Ledelsens ansvar for etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen

Kommunedirektøren er ansvarlig for å etablere administrative rutiner som sørger for at økonomiforvaltningen utøves i tråd med bestemmelser og vedtak, og at økonomiforvaltningen er gjenstand for betryggende kontroll.

Vår uavhengighet og kvalitetskontroll

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for revisjonsselskapet, som inneholder uavhengighetskrav og andre krav basert på grunnleggende prinsipper om integritet, objektivitet, faglig kompetanse og tilbørlig aktsomhet, fortrolighet og profesjonell opptreden.

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQC 1 Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og forenklet revisorkontroll av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester) har Deloitte AS et tilstrekkelig kvalitetskontrollsystem, herunder dokumenterte retningslinjer og rutiner for etterlevelse av etiske krav, faglige standarder og krav i gjeldende lovgivning og annen regulering.

Våre oppgaver og plikter

Vår oppgave er å avgi en uttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på grunnlag av bevisene vi har hentet inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerhet i samsvar med kommunelovens regler og RSK 301 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen. Standarden krever at vi planlegger og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerhet for hvorvidt det foreligger vesentlige feil eller mangler ved etterlevelse av bestemmelser og vedtak i kommunens økonomiforvaltning.

Vi baserer oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering som er lagt frem for kontrollutvalget.

Utføring av et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet i henhold til RSK 301, innebærer å utføre handlinger for å innhente bevis for at bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen etterleves. Typen, tidspunktet for og omfanget av de valgte handlingene er gjenstand for revisors skjønn. Moderat sikkerhet har klart lavere sikkerhetsgrad enn betryggende sikkerhet, og vi gir derfor ikke uttrykk for samme nivå av sikkerhet som i en revisjonsberetning.

Vi mener at vi har innhentet tilstrekkelig og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på forhold som gir oss grunn til å tro at Bokn kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd gjeldende regelverk.

Det vises dog til at det i vårt nummererte brev 10/2021, på enkelte områder er anbefalt en styrking av internkontrollen.

Denne uttalelsen er utelukkende utarbeidet for å gi kontrollutvalget et bedre grunnlag for å ivareta sitt ansvar med økonomiforvaltningen og til Bokn kommunes informasjon, og er ikke nødvendigvis egnet til andre formål.

Haugesund, 14.5.2021
Deloitte AS



Else Holst-Larsen
statsautorisert revisor

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	26.05.21	11/21
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

PROSJEKTPLAN - FORVALTNINGSREVISJON – «KVALITET I GRUNNSKULEN»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Kvalitet i grunnskulen i Bokn kommune» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS (med den/desse endring/ane:

Ramma vert sett til 150 timar.

Vedlegg: **Deloitte:** Utkast til prosjektplan «Kvalitet i grunnskulen»
(vedlegg med timebudsjett er ikkje off., Offl § 13/Forv.§ 13)

Saksorientering

I møtet 17.02.21, sak 3/21 bad kontrollutvalet Deloitte As om å leggje fram utkast til prosjektmandat innanfor temaet kvalitet i grunnskulen til neste møte. Utkast til prosjektplan blei oversendt sekretariatet 12.05.21.

Bakgrunn

Temaet er tatt inn som prioritert prosjekt nr 1 i Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024, vedteken i kommunestyret 15.12.20, sak 56/20.

Føremål og problemstillingar

Revisor foreslår i det vedlagte utkast til prosjektplan at føremålet med prosjektet er å undersøke om det er etablert system og rutinar som bidreg til å sikre kvalitet i grunnskuleopplæringa i Bokn kommune når det gjeld kompetanse og stabilitet i personalet ved skulen, tidleg innsats og informasjon frå skule til heimen om endringar i organiseringa av klassar ved skulen.

Med bakgrunn i føremålet er det formulert følgjande problemstillingar:

1. ***I kva grad har kommunen system og rutinar for å sikre naudsynt kompetanse og stabilitet i lærekrefter ved skulen?***
 - a. *I kva grad blir det gjennomført systematiske vurderingar av kompetansebehov og laga kompetanseplanar for skulen?*
 - b. *I kva grad er det i kommunen utfordringar med turnover hjå lærarar, og kva for tiltak gjer skulen for å sikre stabilitet i personalet?*
 - c. *I kva grad blir i praksis ufaglært personell nytta i undervisninga, og har skulen noko system for å føre oversikt over timar undervist med og utan faglært personell?*
2. ***I kva grad er det etablert system og rutinar som sikrar at opplæringsloven sine krav til tidleg innsats på 1. til 4. trinn blir etterlevd?***
 - a. *Kva for system og rutinar har skulen for å fange opp elevar som blir hengande etter i lesing, skriving eller rekning?*
 - b. *I kva grad og på kva måte vert det sett i verk intensiv opplæring for desse elevane?*
3. ***I kva grad har skulen system og rutinar for å sikre at foreldre får informasjon ved endringar i organiseringa av klassar mv. ved skolen***

Ressursbruk

Slik prosjektet nå ligg føre er det estimert ein ressursbruk på 150 timar. Det inkluderar førebuing, utarbeiding av prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse og utarbeiding og kvalitetsikring av rapport. Timetalet er litt i overkant av det kommunestyret har sett av i budsjettet til forvaltningsrevisjon, men det er uvisst kva kostnadene til rekneskapsrevisjon vil komme på som følgje av eit skifte i år, så sekretariatet vil tilrå at prosjektet vert sett i bestilling.

Revisjonskriteria knytte dei ulike krava og omgrep er omtalt i kapittel 2 i planen. Dei metodaer som vil bli nytta vil vere dokumentanalyse, intervju, verifisering og høyring. Revisor tar sikte på "gjennomføre 5 intervju. Nærare om dette er omtala i kapittel 2. I kapittel 3 framgår tid og ressursar.

Når det gjeld aktivitetsplan/timebudsjett har Deloitte bede om at den ikkje vert gjort offentleg. Det syner selskapet si disponering av ressursar og dei meiner dette er informasjon som dei av konkurranseomsyn vil halde hemmeleg. Sekretariatet har ikkje teke dette vedlegget med i sakskart, med heimel i Off.lov § 13/ Forv.lov § 13, men legg den berre fram i møtet.


Birte Bjørkelo er oppdragsansvarleg partnar på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av prosjektleiar Helga Rognstad (seniorkonsulent), Frida Ur (konsulent) og Line M. Johansen (kvalitetssikrar).

Deloitte skriv at oppstart vil vere i juni og rapporten vil vere klar for oversending til utvalet si handsaming i november. Sekretariatet meiner det er akseptabel tid for eit slikt prosjekt.

Kontroll- og kvalietsutvalet må før endeleg bestilling ta stilling til om dei framsatte problemstillingane dekkjer det utvalet ønskjer å oppnå med dette prosjektet.

Aksdal, 18.05.21

Toril Hallsjø
Daglig leiar/utvalssekretær



Forvaltningsrevisjon | Bokn kommune

Kvalitet i grunnskulen

Prosjektplan

Mai 2021

«Forvaltningsrevisjon av kvalitet i
grunnskulen - prosjektplan»

Mai 2021

Prosjektplanen er utarbeidd for Bokn
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen, 5892
Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

1	Føremål og problemstillingar	2
2	Revisjonskriterium	3
3	Metode	5
4	Tid og ressursbruk	6

1 Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i møte den 17.02.21, sak 5/21 utarbeidd ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av kvalitet i grunnskulen i Bokn kommune.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om det er etablert system og rutinar som bidreg til å sikre kvalitet i grunnskuleopplæringa i Bokn kommune når det gjeld kompetanse og stabilitet i personalet ved skulen, tidleg innsats og informasjon frå skule til heimen om endringar i organiseringa av klassar ved skulen.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. **I kva grad har kommunen system og rutinar for å sikre naudsynt kompetanse og stabilitet i lærekrefter ved skulen?**
 - a. I kva grad blir det gjennomført systematiske vurderingar av kompetansebehov og laga kompetanseplanar for skulen?
 - b. I kva grad er det i kommunen utfordringar med turnover hjå lærarar, og kva for tiltak gjer skulen for å sikre stabilitet i personalet?
 - c. I kva grad blir i praksis ufaglært personell nytta i undervisninga, og har skulen noko system for å føre oversikt over timar undervist med og utan faglært personell?
2. **I kva grad er det etablert system og rutinar som sikrar at opplæringsloven sine krav til tidleg innsats på 1. til 4. trinn blir etterlevd?**
 - a. Kva for system og rutinar har skulen for å fange opp elevar som blir hengande etter i lesing, skriving eller rekning?
 - b. I kva grad og på kva måte vert det sett i verk intensiv opplæring for desse elevane?
3. **I kva grad har skulen system og rutinar for å sikre at foreldre får informasjon ved endringar i organiseringa av klassar mv. ved skolen?**

1.3 Avgrensing

Forvaltningsrevisjonen er avgrensa til å omhandle grunnskuleopplæringa i Bokn kommune. Eventuelle friskular eller opplæring spesielt organisert for vaksne etter opplæringslova § 4A er såleis ikkje omfatta av prosjektet.

2 Revisjonskriterium

2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje uttømmende for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

I dette forvaltningsrevisjonsprosjektet vil opplæringslova med forskrifter utgjere dei sentrale revisjonskriteria. I tillegg vil mellom anna forarbeida til reglane i opplæringslova og relevante rettleiarar frå Utdanningsdirektoratet bli nytta for å utdjupe innhaldet i regelverket.

2.2 Krav i lov og forskrift

Ansaret til skuleeigar for å følgje opp skulane og sikre at krav i regelverket blir oppfylt går fram av opplæringslova § 13-10: «Kommunen og fylkeskommunen har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, også å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest».

2.2.1 Krav til kompetanse i skulen

Kompetansekrav for tilsetting av undervisningspersonell i skulen går fram av opplæringslova §§ 10-1 og 10-2. I § 10-1 står det at den som blir tilsett i undervisningsstilling i grunnskulen skal ha relevant fagleg og pedagogisk kompetanse. Av § 10-2 går det mellom anna fram at tilsette som skal undervise må ha relevant kompetanse i dei faga dei skal undervise i. Jf. oppl. § 10-8 har skuleeigar ansvar for at skulene har riktig og nødvendig kompetanse, og for at «lærarar, rektorar og andre tilsette i skolen får høve til å utvikle seg fagleg og pedagogisk så dei kan vere på høgde med utviklinga i skolen og samfunnet».

§§ 14-2 og 14-3 i forskrift til opplæringslova spesifiserer krava til kompetanse og kva slags pedagogisk utdanning som krevjast ved tilsetting og undervisning på barnetrinnet og ungdomstrinnet.

Opplæringslova §§ 10-6 og 10-6a skildrar tilfelle der ein kan avvike frå kompetansekrava i §§ 10-1 og 10-2. Av § 10-6 går det fram at personale kan bli tilsett i mellombels stillingar om det ikkje finns søkjarar som oppfyller kompetansekrava som jf. § 10-1. I § 10-6a er det skildra at søkjarar som er i gang med relevant utdanning kan bli tilsett på vilkår om at den påbegynte utdanninga blir fullført. Dette er berre mogleg om det ikkje er andre søkjarar som oppfyller kompetansekrava for tilsetting etter § 10-1.

Opplæringslov § 10-11 viser til at personal som ikkje er tilsett i undervisningsstillingar kan hjelpe til i opplæringa dersom dei får naudsynt rettleiing. Denne hjelpa må berre skje på ein måte og i eit omfang som sikrar at eleven får eit forsvarleg utbytte av opplæringa. Det går også fram at dei som ikkje er tilsett i undervisningsstillingar ikkje skal ha ansvaret for opplæring.

2.2.2 Lærarnorm

Frå og med skuleåret 2019-20 blei det innført lærarnorm for lærartettheit i ordinær undervisning. Forskrift til opplæringslova § 14 A-1 spesifiserer krava til forholdstal mellom lærarar og elevar i grunnskolen:

På ein grunnskole skal forholdet mellom talet på lærarar og elevar i ordinær undervisning frå 1. august 2019 maksimalt vere:

- a) 15 elevar per lærar på 1.–4. årstrinn
- b) 20 elevar per lærar på 5.–7. årstrinn
- c) 20 elevar per lærar på 8.–10. årstrinn.

2.2.3 Tidleg innsats

I opplæringslova § 1-4 går følgjande krav om tidleg innsats fram:

På 1. til 4. årstrinn skal skolen sørge for at elevar som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring slik at forventna progresjon blir nådd. Om omsynet til eleven sitt beste talar for det, kan den intensive opplæringa i ein kort periode givast som eineundervisning.¹

I førearbeida til lovkravet om tidleg innsats, Prop. 52 L (2017-2018) blir det presisert at intensiv opplæring er ein del av den ordinære tilpassa opplæringa. Den intensive opplæringa er likevel kjenneteikna av kortvarig og målretta innsats frå skulen innan lesing, skriving og rekning for elevar som har behov for det. Det blir også presisert at elevane ikkje skal ha avvik frå kompetansemåla i læreplanverket, «(...) men skal setjast i stand til å følge den alminnelege progresjonen i undervisninga».²

2.2.4 Samarbeid mellom heim og skule

Oppl. § 13-3d fastsett kommunen og fylkeskommunen si plikt til å sørge for foreldresamarbeid. Det blir vist til at organiseringa av foreldresamarbeidet skal ta omsyn til lokale tilhøve. § 20-1 i forskrift til opplæringslova spesifiserer føremålet med foreldresamarbeidet, og viser til at foreldresamarbeid skal ha eleven i fokus og bidra til eleven sin faglege og sosiale utvikling. Og at «eit godt foreldresamarbeid er ein viktig ressurs for skolen for å styrkje utviklinga av gode læringsmiljø og skape læringsresultat»

§ 20-3 gir føringar for foreldresamarbeid i grunnskolen, mellom anna kva for kontakt, møte og informasjon skulen skal tilby foreldre:

Skolen skal halde kontakt med foreldra gjennom opplæringsåret.

Skolen skal i starten av kvart opplæringsår halde eit foreldremøte der foreldra informerast om skolen, innhaldet i opplæringa, medverkinga til foreldra, rutinar og anna som er relevant for foreldra.

Foreldra har minst to gonger i året rett til ein planlagd og strukturert samtale med kontaktlæraren om korleis eleven arbeider dagleg, og eleven sin kompetanse i faga. I tillegg skal kontaktlæraren samtale med foreldra om den sosiale utviklinga og anna utvikling hos eleven. Samtalen skal klargjere korleis eleven, skolen og foreldra skal samarbeide for å leggje til rette for læringa og utviklinga til eleven. Eleven kan vere med i samtalen med foreldra. Når eleven har fylt 12 år, har han eller ho rett til å vere med i samtalen. Samtalen kan sjåast i samanheng med samtalen med eleven etter forskrifta § 3-7.

Foreldra skal få munnleg eller skriftleg:

- a) varsling om eleven sitt fråvær
- b) varsling dersom det er fare for at det ikkje er grunnlag for vurdering i fag, orden og oppførsel eller fare for at eleven kan få karakteren nokså godt eller lite godt i orden eller oppførsel, jf. § 3-7
- c) informasjon om eleven og foreldra sine rettar og pliktar etter opplæringslova og forskrifta
- d) anna viktig informasjon om eleven, med mindre denne er underlagt teieplikt etter anna lovgiving.

Overordna del av læreplanverket kapittel 3.3 spesifiserer at «opplæringen skal skje i samarbeid og forståelse med hjemmet, og samarbeidet skal bidra til å styrke elevenes læring og utvikling». Det vert vist til at skulen har det overordna ansvaret for å ta initiativet til og leggje til rette for samarbeid, under dette å «sørge for at foreldre og foresatte får nødvendig informasjon, og for at de gis mulighet til å ha innflytelse på sine barns skolehverdag».³

2.3 Kommunale styringsdokument og vedtak

Relevante kommunale styringsdokument og vedtak kan bli nytta som revisjonskriterium der dette er relevant.

¹ Noverande krav om tidleg innsats erstatta tidlegare lovtekst om tidleg innsats med verknad frå 1. august 2018.

² Prop.52 L (2017-2018) Endringar i opplæringslova, friskolelova og folkehøgskolelova (plikt til å tilby intensiv opplæring og plikt til fleirfagleg samarbeid m.m.).

³ Udir.no. Samarbeid mellom heim og skole. Kapittel 3.3 fra overordna del i Læreplanverket.

3 Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Alle prosjekt blir kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og kommunale vedtak vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare vil informasjon om kommunen og dokumentasjon om kommunen sine system, rutinar mm. knytt til opplæring bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

3.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervju utvalde personar frå Bokn kommune.

Frå kommuneleiinga vil det vere aktuelt å intervju kommunalsjef med ansvar for oppvekst, og ev. skulefaglege rådgjevarar i kommunen. Ved Bokn skule er det ønskeleg å gjere intervju med rektor og inspektør som representantar frå skuleleiinga, samt gruppeintervju med 3-5 representantar for dei tilsette ved høvesvis barne-trinnet og ungdomsskuletrinnet ved Bokn skule.

For å sikre at perspektivet til dei føresette er inkludert i undersøkinga, er det ønskeleg å gjere intervju med representantar for dei føresette, dømesvis ei gruppe FAU-representantar.⁴

Vi tek sikte på å gjennomføre til saman 5 intervju.

Vi legg opp til at intervju blir gjennomført via Teams eller anna eigna kanal for videosamtale. Deloitte har god erfaring med å gjennomføre intervju på denne måten.

3.3 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervju for verifisering, og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Datadelen av rapporten vil bli sendt til kommunedirektøren for verifisering, og eventuelle faktafeil vil bli retta opp i den endelege versjonen. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdelar og eventuelle forslag til tiltak, bli sendt til kommunedirektøren for uttale. Kommunedirektøren sin høyringsuttale vil bli vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

⁴ Forutsett at FAU-representantar ønskjer å stiller til intervju.

4 Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Birte Bjørkelo er oppdragsansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av prosjektleiar Helga Rognstad (seniorkonsulent), Frida Ur (konsulent) og Line M. Johansen (Director og kvalitetssikrar). Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med nødvendig kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt **150 timar** å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetalet som er presentert over.


Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere Juni 2021 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet til behandling i kontrollutvalets møte i november 2021. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det nødvendig at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir satt, og at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju.

Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Bokn kommune og Deloitte.

Bergen, 19. mai 2021



Birte Bjørkelo

Oppdragsansvarleg partner



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 330,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2021 Deloitte AS

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	26.05.21	13/21

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 26.05.21

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene nr 9 – 20 til orientering.

Vedlegg:

9. Statusrapport pr. mai 2021
10. Komm.styrevedtak 13.04.21, sak 11/21 – Eiegarsskapsmelding Bokn kommune 2021-2024
11. Komm.styrevedtak 13.04.21, sak 13/21 – Kontroll- og kvalitetutvalet si årsmelding 2020
12. Komm.styrevedtak 13.04.21, sak 14/21 – Oppfølging av rapport «Sjukefråver i skule/bhg»
13. Representantskapsmøte 23.04.21 – Haugaland Brann og redning IKS
14. Representantskapsmøte 26.04.21 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
15. Representantskapsmøtet i 27.04.21 - Haugaland Vekst IKS
16. Representantskapsmøte 27.04.21 – IKA Rogaland IKS
17. Generalforsamling 30.04.21 – Haugaland Kraft AS
18. Representantskapsmøte 26.05.21 – HIM IKS
19. Saksframlegg vedr. om opptak av nye deltakarar i Rogaland Revisjon IKS
20. KDM mars 2021 – Veileder til kontrollutvalgs- og revisjonsforskrifta (ligg på nettsida)

Saksorientering:

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, melding og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 18.05.21

Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekretær



Bokn kontroll- og kvalitetsutval

Statusoversikt mai 2021

Saker frå bestilling til behandling i utvalet

Tema	Bestilling	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
«Kvalitet i grunnskulen»	26.05.21, sak 11/21	150 timer	Oppstart juni	Hausten 2021	Deloitte AS
<i>Orientering rektor</i>	17.02.21, sak 2/21		Utsett		
<i>Orientering Kultur</i>	17.02.21, sak 2/21		hausten		

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i utvalet

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	Bestilt	Kontroll- utval	Behandla i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
<i>Rapport «Kvalitet i grunnskulen»</i>	26.05.21, sak 11/21				

Avslutta prosjekt/orienteringar

Tema	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp i KU/KST	Merknader
<i>Rekneskap 2019 Revisor sine merknader</i>	10.06.20, sak	17.02.21, sak 4/21			
<i>Oppfølging av rapport «Sjukefråver i skule og barnehage»</i>	16.06.20, sak 23/20	17.02.21, sak 3/21	30.04.21, sak		
<i>Samanslåing av 1-3. klasse v/Bokn skule</i>	e-post	09.09.20, sak 19/20			
<i>«Rus- og psykiatritenesta»</i>	07.11.18, sak 18/18	22.05.19, Sak 7/19	18.06.19, sak 30/19	15.12.20, Sak 55/20	76 t. /9 mnd.
<i>«Sjukefråver i skule og barnehage»</i>	22.05.18, sak 8/18	18.03.19, sak 2/19	14.05.19, sak 17/19	16.06.20, 23/20	76 t. /6 mnd.
<i>Plan for eigarskaps- kontroll 2020-2024</i>	20.11.19, sak 22/19	11.11.20, sak 23/20	15.12.20, sak 56/20		Deloitte AS
<i>Plan for forvaltnings- revisjon 2020-2024</i>	20.11.19, sak 22/19	11.11.20, sak 22/20	15.12.20, sak 57/20		Deloitte AS
<i>Personvernlova</i>		22.05.18			
<i>Bokn Arena Event</i>	-	15.02.17			

Sandnes kommune - kommunedirektør

Arkivsak-dok. 20/18081-6
Saksbehandler Sidsel Haugen

Behandles av	Sakstype	Møtedato
Formannskapet 2019/2023	Utvalgssaker	08.03.2021
Kommunestyret 2019-2023	Utvalgssaker	15.03.2021

Rogaland Revisjon IKS - opptak av 9 kommuner på Haugalandet som nye deltakere, godkjenning

1. SAKEN GJELDER

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat har i brev av 16.11.2020 til Rogaland Revisjon IKS oversendt vedtakene fra by-/kommunestyrene i Haugesund, Karmøy, Sveio, Tysvær, Sauda, Etne, Bokn, Vindafjord og Utsira om å søke opptak som deltakere i selskapet fra 1. juli 2021 (vedlegg 1A-1J). I samsvar med selskapets strategi stiller både styret i Rogaland Revisjon IKS og representantskapet seg positive til utvidet eierskap fra kommunene på Haugalandet.

Sak om opptak av nye deltakere i et interkommunalt selskap skal behandles av samtlige eiere sine kommunestyre. Opptaket er avhengig av godkjenning hos samtlige nåværende¹ eierkommuner i selskapet. Siste gang det ble søkt om og godkjent opptak av ny deltaker var i 2017, med opptak av Suldal kommune.

Kommunedirektørene/rådmennene i de åtte kommunene på nord-Jæren, samt fylkeskommunen har i fellesskap saksbehandlet søknadene og utarbeidet herværende fellessak. Det er videre foretatt nødvendige oppdateringer av selskapsavtalen, samarbeidsavtalen og eierstrategien.

Det tilrås å godkjenne søknadene om opptak fra de 9 kommunene på Haugalandet.

2. FAKTAOPPLYSNINGER

2.1 Søknad om opptak fra ni by-/kommunestyre

Det er kontrollutvalgene i hver av de ni kommunene som ihht. kommunelovens bestemmelser har saksforberedt valg av revisjon for kommunen. De resepektive ni by-/kommunestyrene behandlet sak om valg av levering av revisjonstjenester

¹ Rogaland fylkeskommune og kommunene Suldal, Hjelmeland, Strand, Kvitsøy, Randaberg, Stavanger, Sola, Sandnes, Gjesdal, Bjerkreim, Hå, Eigersund, Sokndal, Lund

høsten 2020. Alternativene som forelå var å fortsette med en konkurransebasert løsning og gå ut på ny forespørsel ved utløpet av inneværende avtale eller søke om deltakelse i interkommunalt samarbeid i Rogaland Revisjon IKS. De omsøkte ni by-/ kommunestyrene vedtok å søke deltakelse i interkommunalt samarbeid fra 01.07.2021 om leveransen av revisjonstjenestene.

Kontroll og tilsyn med kommunens virksomhet er jf. kommuneloven lagt til kontrollutvalget. Utvalget utøver bestillerrollen overfor kommunens revisor når det gjelder forvaltningsrevisjon. De ni kontrollutvalgene på Haugalandet får i dag sine sekretariattjenester fra Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS. Nåværende eierkommuner i Rogaland Revisjon IKS sine kontrollutvalg får tilsvarende tjenester fra Rogaland Kontrollutvalgssekretariat IS, mens fylkeskommunen har valgt å ha eget sekretariat hos seg.

Med utvidelsen av nye deltakere i Rogaland Revisjon IKS og det faktum at Rogaland Kontrollutvalgssekretariat IS² må omdannes som følge av ny kommunelov, gjør at det er behov for å se nærmere på en hensiktsmessig fremtidig løsning for sekretariatstjenestene til eierkommunene i Rogaland Revisjon IKS. Det er naturlig å utføre dette arbeidet til høsten, og etter opptaket av nye deltakerkommuner er ferdig behandlet.

Målet for arbeidet er å finne frem til effektive og hensiktsmessige løsninger for så vel kontrollutvalgene som Rogaland Revisjon IKS samt alle eierkommunene.

2.2 Eierbrøk og kapitalinnskudd ved inntreden i selskapet

Opptak av nye deltakere reguleres av bestemmelser i Selskapsavtalen og Samarbeidsavtalen i Rogaland Revisjon IKS.

Etter opptaket av Suldal kommune og deres innbetaling av kr 50.000 er selskapskapitalen pr d.d. pålydende totalt kr 4,050 mill. Selskapskapitalen og størrelsen på engangsinnbetalingen er med på å fastsette hvilken eierandel kommunen har i selskapet.

Eierbrøken i selskapet ble ved etableringen fastsatt slik (jf. Samarbeidsavtalen): *Av totalt kapitalinnskudd skyter Rogaland fylkeskommune inn kr 1,0 mill. som tilsvarende 25% eierandel. Resterende kr 3,0 mill. fordeles på deltakerkommunene i henhold til folketallet pr 1.1.2003 som blir deltakerkommunenes eierandel i selskapet.* Ved Time kommune sin uttreden av selskapet i 2005 ble eierbrøken justert for Time sin andel og reberegnet med grunnlag i folketallet pr 1.1.2005, med noen tilpasninger.

Dette betyr at det er kapitalinnskuddet pr. kommune, folketallet pr 1.1.2005 og fordelingen mellom hhv. fylkeskommunen og primærkommunene som har betydning for fastsettelsen av eierbrøken.

Siden opptaket av Suldal har det ikke vært endringer på eiersiden i selskapet. Eierbrøken har hittil hatt betydning ved stemmegivning i representantskapet. Driften har ikke aktualisert spørsmål som f.eks. utbytte der eierbrøk har betydning.

² Ny Kommunelov viderefører ikke interkommunalt samarbeid §27. Lovarbeidet peker på Kommunalt Oppgavefelleskap eller IKS som mulige alternativer.

I tråd med selskapsdokumentene og med samme kronebeløp (kr 12,80) som Suldal kommune sitt kapitalinnskudd ble beregnet til, medfører opptaket av de nye kommunene følgende endringer i eierandel:

Kommune	Selskapskapital	Eierandel Oppr. %	Eierandel 1.1.2017	Eierandel 1.1.2020 ³	Eierandel 1.7.2021
Kvitsøy	6 000	0,15	0,14	0,14	0,11
Forsand	11 600	0,29	0,31		
Hjelmeland	32 000	0,80	0,76	0,76	0,60
Bjerkreim	28 400	0,71	0,68	0,68	0,54
Finnøy	32 400	0,81	0,77		
Lund	35 600	0,89	0,87	0,87	0,68
Sokndal	37 600	0,94	0,92	0,92	0,72
Rennesøy	35 600	0,89	0,93		
Randaberg	103 600	2,59	2,52	2,52	1,98
Gjesdal	101 600	2,54	2,57	2,57	2,02
Strand	116 800	2,92	2,89	2,89	2,28
Eigersund	151 600	3,79	3,72	3,72	2,93
Hå	166 400	4,16	4,10	4,10	3,22
Sola	226 800	5,67	5,50	5,50	4,33
(nye) Sandnes	636 000	15,90	15,97	16,28	12,81
(nye) Stavanger	1 278 000	31,95	31,59	33,29	26,20
Rogaland Fylkeskommune	1 000 000	25,00	24,69	24,69	18,71
Suldal	50 000	0	1,08	1,08	0,85
<i>Selskapskap. før</i>	<i>4 050 000</i>	<i>100 %</i>	<i>100%</i>	<i>100%</i>	
Karmøy	481 600				8,19
Haugesund	404 200				6,88
Tysvær	120 100				2,04
Vindafjord	104 100				1,77
Sauda	61 800				1,05
Sveio	60 000				1,02
Etne	50 000				0,85
Bokn	9 860				0,17
Utsira	2 730				0,05
<i>Sum økning</i>	<i>1 294 390</i>				<i>22,02</i>
Selskapskapital	5 344 390				100,00

Primærkommunene: 81,29 % og Rogaland fylkeskommune 18,71% fra 1.7.2021

Innbetalingen av kapitalinnskuddet er en engangsutgift for de nye deltakerne. Utgiften skal regnskapsføres i investeringsregnskapet.

³ Endring som følge av ny kommunestruktur fra 1.1.2020

2.3 Øvrige utgifter og økonomisk ansvar

Det følger av IKS loven at deltakerne i selskapet er prorata ansvarlige for selskapets gjeld og forpliktelser dvs. økonomisk ansvar i samsvar med eierbrøken.

Av selskapsavtalens §12 til Rogaland Revisjon IKS følger at lånerammen er begrenset oppad til kr 4 mill. totalt. Virksomhetens art gjør at behovet for lånefinansiering er lavt og pr. d.d. er ikke rammen disponert.

Selskapet fakturerer timeforbruket i samsvar med timepris som fastsettes i årlig økonomiplanbehandling. Ved etableringen av selskapet ble det fast som prinsipp at eierkommunene prioriterer å fastholde en moderat timeprisutvikling over tid, i stedet for en utbyttestrategi. Faktisk timeprisutvikling bekrefter eiernes forventning. Samtidig har fondsoppbyggingen vært på et moderat nivå og står nå i rimelig forhold til hva det må forventes at selskapet har av opparbeidede midler til å selv å kunne foreta utskiftning av teknisk utstyr som er nødvendig for en effektiv tjenesteproduksjon i en personell og kompetanseintensiv virksomhet som revisjonen er.

Det tilligger by-/kommunestyret i den respektive eierkommune å fastsette den årlige budsjettrammen for kontrollutvalget og dets virksomhet. Inkludert i budsjettrammen er revisjonstjenestene som kjøpes fra Rogaland Revisjon IKS.

Det påløper ingen ytterligere faste utgifter knyttet til deltakelsen i Rogaland Revisjon IKS, for eierkommunene.

3. VURDERING OG ANBEFALING

I den innledende dialogen som har vært med de ni søkerkommunene fremkommer det klare forventning til kvalitet, lærings- og forbedringsfokus i forvaltningsrevisjoner som utføres av selskapet. Kommunedirektørene/ rådmennene slutter seg til dette og vurderer det slik at med flere deltakere i selskapet legges det godt til rette for å oppnå forventningene.

Gjennom utvidelsen blir selskapet stilt i posisjon til å i ennå større grad bidra til kunnskapsdeling på tvers av kommunene, erfaringsgrunnlaget for sammenligninger øker og mulighetene for å hente ut «beste praksis» for bruk i blant annet forvaltningsrevisjoner styrkes. Flere av eierkommunene står i et betydelig omstillingsarbeid for å tilpasse virksomheten til de økonomiske rammene kommunen har. I dette arbeidet er kunnskapsdeling og læring på tvers et vesentlig verktøy for å arbeide målrettet og til oppnå resultater på både kort og lang sikt.

I løpet av høsten 2021 er det behov for både å utføre et arbeid mht fremtidig løsning for sekretariatsfunksjon for kontrollutvalgene som følge av utvidelsen og tilpasninger til ny kommunelov. Videre er det behov for å revidere eierstrategien over selskapet, slik at den er mer i tråd med eierfellesskapets samlede forventning til selskapet. I disse arbeidene må både nåværende kontrollutvalgssekretariater og styret i Rogaland Revisjon IKS involveres.

I samsvar med eierstrategiens forventning om utvikling av selskapet gjennom målrettet vekst i antall deltakere og selskapets egen strategi om kvalitet og utvikling av en dyktig kommunerevisjon, tilrås at kommunestyret godkjenner søknadene.

Opptak av ny deltaker i et IKS krever godkjenning i samtlige eierkommuner.

Forslag til vedtak:

1. Sandnes kommunestyre godkjenner at kommunene Haugesund, Sauda, Bokn, Tysvær, Karmøy, Utsira, Vindafjord, Etne og Sveio tas opp som nye deltakere i Rogaland Revisjon IKS fra og med 01.07.2021.

Selskapskapitalen økes til kr 5,344 mill. med innbetaling av et samlet kapitalinnskudd på kr 1,294 mill fra de ni kommune og med fordeling pr. kommune slik det fremgår av denne sakens punkt 2.2.

2. Oppdaterte selskapsdokumenter hhv. Selskapsavtalen datert 01.07.2021 (vedlegg 2) og Samarbeidsavtalen datert 01.07.2021 (vedlegg 3) godkjennes.
3. Oppdatert eierstrategi overfor Rogaland Revisjon IKS (vedlegg 4) godkjennes.

Kommunedirektøren i Sandnes, 25.02.2021

Bodil Sivertsen
kommunedirektør

Vedlegg:

- 1A Brev om KST vedtak Valg av revisjon fra 010721
- 1B Bokn KST vedtak 271020 sak 45 Val av revisjonsordning frå 010721
- 1C Etne KST vedtak 271020 sak 57 Valg av revisjon
- 1D Haugesund BST vedtak 141020 sak 57 20
- 1E Karmøy KST vedtak 210920 sak 118 Valg av revisjon fra 010721
- 1F Sauda KST vedtak 211020 sak 105
- 1G Sveio KSTvedtak sak 98 20 Val av revisjon
- 1H Tysvær KST vedtak 220920 sak 85 Val av revisjon frå 010721
- 1I Utsira KSTvedtak 051120 sak 43 Valg av revisjon
- 1J Vindafjord KST vedtak 271020 sak 61 Val av revisjon frå 010721
- Vedlegg 2 Just Selskapsavtale av 01072021
- Vedlegg 3 Just Samarbeidsavtale av 01072021
- Vedlegg_4_Just_Eierstrategi_RogalandRevisjonIKS_01.07.2021

Dokumentet er ikke signert da Sandnes kommune benytter elektronisk godkjenning.

Program | #ku21nkrf

DAG 1 - Onsdag 21. april 2021:

09.00 Velkommen

- Rune Tokle, daglig leder i NKRF
- Eva Bratholm, møteleder

Pandemiens virkning på sårbare grupper

- Henning Warloe (H), leder av kontrollutvalget i Bergen kommune

Pandemiens virkning på sårbare barn og unge

- Inga Bejer Engh, barneombud

Smitteverntiltakenes virkning på folkehelse på andre områder

- Pål Surén, forsker, Folkehelseinstituttet (FHI) [erstattet Camilla Stoltenberg]

Samtale mellom Warloe, Engh og Surén

09.50 Pause

10.00 Kommunenes rolle i smittevernarbeidet

- Espen Rostrup Nakstad, assisterende helsedirektør i Helsedirektoratet

10.25 Kommunenes rolle i smittevernarbeidet – sett fra kommunenes ståsted

- Bjørn Arild Gram, styreleder i KS

10.45 Pause

11.00 Etter koronatida kommer læretida

- Karl Anders Nilsen (Sp), nestleder av kontrollutvalget i Stavanger kommune [erstattet Aleksander Stokkebø]
- Svein Kvalvåg, senior forvaltningsrevisor i Rogaland Revisjon IKS

11.30 Samtale mellom innlederne

12.00 Slutt for dagen

DAG - Torsdag 22. april 2021:*09.00 Er vi rigget for kriser?*

- Elisabeth Aarsæther, direktør i Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)

09.30 Når krisen er der

- Anders Østensen (A), ordfører i Gjerdrum kommune

9.45 Datainnbruddet i Østre Toten kommune

- Bror Helgestad (Sp), ordfører i Østre Toten kommune

*10.00 Samtale mellom Aarsæther, Østensen og Helgestad**10.15 Pause**10.30 Varsling i kommunene – hva gjør du når det varsles på toppledelsen?*

- Sissel C. Trygstad, forskningssjef i Fafo

10.55 Hva er kontrollutvalgets rolle når det varsles på toppledelsen?

- Torbjørn Brandt, seniorrådgiver i Konsek Trøndelag IKS
- Ove Morten Haugan (A), leder av kontrollutvalget i Verdal kommune

*11.05 Pause**11.15 Samtale mellom Trygstad, Brandt og Haugan**11.30 Kåseri*

- Tor Dølvik, spesialrådgiver i Transparency International Norge og medlem av Kommunesektorens etikkutvalg

12.00 Slutt

Fagkonferanse 1.-2. juni 2021 – Digital

Velkommen til fagkonferansen 2021, 1.-2. juni

Den årlige fagkonferansen 1.- 2. juni, skal arrangeres digitalt. Beslutningen ble tatt av styret 15. mars. Programmet vil tilpasses til et digitalt opplegg. Vi kommer tilbake med mer informasjon om organiseringen av arrangementet

Program:

Dag 1: 09.00 til ca. 12.00

- Samspillet mellom stat og kommune i en krisetid
- Hvordan har kontrollutvalget i en ny sammenslått kommune funnet sin rolle i et år med pandemi?
- Henvendelser til kontrollutvalget – til besvær eller begjær?

Dag 2: 09.00 til ca. 12.30

- Hva er “kommunal økonomisk bærekraft” og hvordan angår det kontrollutvalget?
- Evaluering av valg til kontrollutvalg
- Kommunalt barnevern i et internasjonalt søkelys
- Habilitet i kommuner – kan vi snakke om rollekarusell? Saker som har vært omtalt i media

Detaljert program blir lagt ut når det er klart

Konferanseavgift:

- Kr 2 900 (ikke medlem kr 3 300)
- Kr 1 900 for en dag (ikke-medlem 2 300)

Påmelding: løpende



Bokn kommune

ÅRSMELDING

BOKN KOMMUNE

2020

INNHALDSFORTEGNELSE

1.	OM RAPPORTEN	5
2.	KOMMUNEN SINE SATSINGSOMRÅDER	6
3.	RÅDMANNENS OPPSUMMERING	11
4.	DRIFTSREKNESKAP	13
	Hovudtal 2020	13
	Dette jobbar me vidare med	13
	Har me nådd måla våre?	15
	Økonomisk oversikt etter art – drift - §5-6	16
	Bevilgningsoversikt drift - §5-4 1. ledd i regnskapsforskrifta	19
	Sum bevilgningar drift, netto - §5-4 2. ledd i regnskapsforskrifta	20
5.	INVESTERINGSREKNESKAP	21
	Bevilgningsoversikt - investering - §5-5 i regnskapsforskrifta	21
6.	ØVRIGE FORHOLD	23
	Likestilling og mangfald	23
	Iverksette tiltak	23
	Etikk	23
	Internkontroll	25
	Befolkningsutvikling og sysselsetting	26
7.	ORGANISASJON	27
	Politisk organisering	27
	Administrativ organisering	28
8.	MEDARBEIDARAR	29
	Arbeidsmiljø, sjukefråvær og nærværarbeid	29
	Sjukefråvær	29
	Arbeidsmiljøutvalet	30
	HMS utval	31
	Læringar	31
9.	KONTROLL OG REVISJON	32
	Kommunens ansvar	32
	Korleis tenestene gis	32
10.	RAMMEOMRÅDE 1 – SENTRALADMINISTRASJON	33
	Kommunens ansvar	33
	Korleis tenestane gis	33
	Kvalitet i tenestene	33
	Mål for tenestene	33

Økonomi – Resultatvurdering	34
Administrasjon	35
IKT	35
Servicetorg	38
Økonomi og personal	39
Innkjøpsamarbeidet på Haugalandet	40
Beredskap	40
Kyrkja og andre religiøse formål	40
11. RAMMEOMRÅDE 2 – SEKSJON KULTUR, SKULE OG BARNEHAGE	41
Kommunens ansvar	41
Korleis tenestane gis	42
Kvalitet i tenestene	44
Mål for tenestene	44
Økonomi - Resultatvurdering	50
12. RAMMEOMRÅDE 3 – SEKSJON HELSE, PLEIE OG OMSORG	51
Kommunens ansvar	51
Korleis tenestane gis	51
Kvalitet i tenestene	54
Satsingsområder og aktivitet i 2020	55
Kvardagsrehabilitering, fysio- og ergoterapi	55
Balansegruppe:	55
Prioriteringsnøkkel:	55
Hjelpemidler	55
Brukarundersøking	55
Velferdsteknologi	55
Kreftkoordinator/ressurssjukepleiar	56
Helseteam for eldre	56
NAV	56
Mål for tenestene	56
Kompetanse og rekruttering	56
Nærværarbeid	56
Heiltidskultur	57
Kvardagsrehabilitering	57
God helsehjelp	57
Brukarundersøking	57
Velferdsteknologi	57

Psykisk helse- og rustenesta	58
Helsestasjonstenesta	58
Skulehelsetenesta	58
Økonomi - Resultatvurdering	59
Ressursbruk:	60
Årsverk i tenestane:	60
Sjukefråvær:	61
Pleie- og omsorg	61
Helse	62
Førebyggjande helsearbeid	62
13. RAMMEOMRÅDE 4 – SOSIAL OG BARNEVERN	71
Økonomi - Resultatvurdering	72
14. RAMMEOMRÅDE 6 – SEKSJON TEKNISK	73
Korleis tenestane gis	73
Kvalitet i tenestene	79
Mål for tenestene	80
Økonomi - Resultatvurdering	81

1. OM RAPPORTEN

Årsberetninga inneheld pliktig informasjon ihht. Kommunelovas §14-7.

Årsberetninga skal gi opplysningar som ikkje kjem fram av årsrekneskapen, om forhold som er viktige for å bedømme kommunens økonomiske stilling og resultatet av verksemda, samt om andre forhold av vesentleg betydning for kommunen.

Det skal gjerast greie for kommunens arbeid med likestilling, etikk, betryggande kontroll og diskriminering.

Den pliktige informasjonen er i dette dokumentet samla her:

- Kapittel 5 Driftsrekneskapen
- Kapittel 6 Investeringsrekneskapen
- Kapittel 7 Øvrige forhold

2. KOMMUNEN SINE SATSINGSOMRÅDER

Bokn kommune prioriterer for befolkningsvekst og bulyst

Folketallet i kommunen går ned. Prognosane ein har lagt til grunn for utvikling av kommunen har ikkje vore realistiske. Noko av årsaka til dette er at det store vegprosjektet Rogfast, som gjev ferjefri-forbindelse til sørfylket, er forseinka med tett på 10 år. Tala ein no legg til grunn for samfunnsplanlegginga vidare, er betydeleg meir moderate.

Sentrale faktorar for auka bulyst og for tilflytting er tilgangen til sosiale møteplassar. Like viktig er tilgang til arbeid i kommunen eller i nærområdet. Det må finnast arbeid til minst ein av to vaksne i det ein tenkjer på som ein gjennomsnittleg husstand. Det vil og vera av avgjerande betydning å få innbyggjarane i kommunen med på lag for å leggja til rette for å ta vel imot innflyttarar.

Då må vi skapa gode møteplassar

- Etablere sosiale møteplassar lokalisert i tilknytning til eksisterande fritidsarenaer/skule/bibliotek/idrettsanlegg samt kyrkja i Bokn
- Etablere offentlege møteplassar i sentrum (Føresvik)
- Vidareutvikle tilbod knytt til Bokn Arena spesifikt
- Intensivere samarbeidet med innbyggjarar, frivillig sektor og andre
- Leggje til rette for at alle kan delta i arbeids-, samfunns – og organisasjonslivet

Då må vi oppretthalde spreidd busetnad.

- Bidra til at eldre og innbyggjarar med funksjonsnedsettelsar kan bu heime lengst mogleg
- Leggje til rette for fleire gang – og sykkelstiar og for betre kollektivtilbod i alle deler av kommunen
- Opne for bygging av eit nærare fastsett tal spreidd busetnad i alle deler av kommunen i samband med rullering av arealdelen av kommuneplanen
- Vidareføre arbeidet med å knytte alle deler av kommunen til det offentlege vassverket
- Arbeide for å gje landbruket gode rammevilkår

Då må vi styrkja Førsvik som sentrum.

- Intensivere samarbeidet med privat næringsliv om viktige ny- etableringar
- Leggje til rette for etablering av nytt bustadareal og sentrumsfunksjonar ved samfunnsnyttig bruk av steinmassar frå Rogfast-utbygginga
- Leggje til rette for tilstrekkeleg antal bustader for alle livsfasar, i varierte og trygge bumiljø
- Sikre effektivt og godt planarbeid for framtidige bustadprosjekt
- Planleggje miljøgata
- Avvikle område i kommuneplanen som ikkje blir bygd ut i planperioden

Då må strandsona nyttast i eit helsebringande og berekraftig perspektiv

- Arbeide fram gode, berekraftige løysingar for utbygging jf. «Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen»
- Leggje til rette for auka samhandling med innbyggjarane for vern av sårbare strandsoneområder
- Leggje til rette for auka bruk av strandsona for ålmenta
- Sikre ålmenta tilgang til kai- og båtplassar

Då må vi ha ein god barnehage og ein god skule

- Sikre tidleg, tverrfagleg og pedagogisk tilfredsstillande innsats
- Sikre barn og unge kompetansar for framtida
- Arbeide systematisk for å gje alle born og unge like moglegheiter
- Oppgradere/bygge ny skule
- Utarbeide plan for oppvekst i Bokn kommune

Då må vi ha tilgang til naturen

- Leggje til rette for utviklingssamarbeid med berørte grunneigarar
- Sikre gode moglegheiter for allsidig friluftsliv for alle innbyggjarar
- Planleggje for forutsigbarheit i vedlikehald og drift av friluftslivsområda
- Arbeide for å etablere gang/turvegen Føresvik/Alvestadkroken i samsvar med gjeldande reguleringsplan
- Leggje til rette for parkering/oppstillingsplassar nær attraksjonar/turområde.

Då må vi marknadsføre kommunen godt

- Kartleggje kva som er viktig for dei som vurderer å busetje seg i kommunen, jf. «Bostedsevaluering Bokn 2017»
- Utvikle kommunal kommunikasjonsstrategi for å byggje merkevara «Bokn kommune»
- Opprette eigen komité for å vurdere tiltak for å auke folketalet
- Opprette eige Rogfast-utval som har hovudfokus på korleis kommunen kan vere i forkant og utnytte potensialet i denne utbygginga
- Arbeide for auka aktivitet innføre fritidsbustad- segmentet

Bokn kommune prioriterer for styrka lokalt næringsliv og for auka verdiskaping

Næringslivet i Bokn kommune har tradisjonelt vore basert på fiskeri og landbruk. I dag er dei fleste sysselsette i til dømes industri og servicenæringar. Men, primærnæringane representerer framleis hovudinntektskjelda til fleire av innbyggjarane i kommunen. Tilgangen til sjø på alle kantar gjev kommunen fortrinn innføre sjøretta næringar. Dette har, over år, hatt positive ringverknader. Bedriftsetableringar med fokus på sal av tenester til dei sjøretta næringane finn framleis stad. Ei av hjørnesteinsbedriftene i kommunen er ein av dei sentrale leverandørane til mellom anna akvakulturnæringa som i dag er ei betydeleg næring i kommunen.

Kommunen har ein viktig posisjon som den største sysselsettaren, planmyndigheit og arealforvaltar. Kommunen har difor ei sentral rolle i utviklinga av det lokale næringslivet, mellom anna som tilretteleggjar for utvikling av til dømes infrastruktur og andre drivarar. Det er avgjerande at kommunen møter initiativa frå næringslivet med optimisme, faglegheit og effektiv saksbehandling. For å ta del i framtidig næringsutvikling i regionen er det viktig at kommunen har fokus på gode tenester, god infrastruktur, attraktive stader å bu, moglegheiter for næringsetablering og eit godt omdømme.

Då må vi nytta naturressursane til næringsutvikling

- Vere pådrivar for berekraftig drift av landbruksareala og sterkt jordvern
- Forvalte sjøareala på ein forutsigbar og berekraftig måte
- Leggje til rette for utvikling av naturbaserte produkt (innan fiskeri, havbruk, landbruk også i fellesskap)
- Invitere til samarbeid med relevante aktørar med tanke på utvikling av turisme
- Stimulere til Inn På Tunet- verksemd i landbruket
- Utarbeide plan for fiskeri og havbruk innan 2023

Då må vi ta i bruk tilgjengelege

- Tydeleggjere kommunen si rolle som fyrstelinjeteneste inn mot gründerar og bedrifter
- Vere pådrivar for at verkemiddelapparatet, gründerane og bedriftene møtest
- Vere pådrivar og tilretteleggjar for kompetanseheving på tvers av bransjar
- Utarbeide, saman med næringa, plan for turisme som næring: «Meet the locals»
- Etablere (politisk) arbeidsgruppe innføre turisme.

Då må vi disponere areala på ein hensiktsmessig måte som fremmer etableringslyst

- Vere positive, lydhøyre og effektive i møte med næringane
- Vere ryddige, fagleg sterke og effektive i all plan - og byggesaksbehandling
- Forvalte lovverket og hensynta interessene på ein måte som gjev berekraftig arealdisponering
- Sikre fleksibilitet i arealbruk i kommunen sine sjø- og landområde med tanke på vidareutvikling av fiskeri- og havbruksnæringa
- Sikre areal for næringsutvikling knytt til sjøretta verksemd
- Sikre areal for bygging av fritidsbustadar

Bokn kommune prioriterer for interkommunalt samarbeid

Samfunnsutviklinga skjer i eit høgare tempo enn noko gong før. Forvaltninga er under press frå internasjonale, men og frå nasjonale hald. Kommunesamanslåingsspørsmålet er dagleg del av nyheitsbiletet nasjonalt. Integreringspolitiske spørsmål, klima og miljøspørsmål samt auka krav til å involvere innbyggjarane i det som angår liva deira, stiller store krav til den einskilde kommune i Norge i dag.

For å møte utfordringane særleg knytt til større krav til kapasitet og kompetanse, har Bokn kommune satsa på interkommunalt samarbeid, og kjøp av tenester frå andre kommunar. Interkommunale samarbeid må evaluerast, vidareutviklast, og detaljerast meir i handlingsplanen med mål om å levere tenester til innbyggjarane på Bokn, på eit høgt fagleg og økonomisk lønnsamt nivå.

Då må vi ha kunnskap om kva effekt vi vil oppnå som fylgje av samarbeidet

- Syte for at kommunen har tilfredsstillande kunnskap om lokalt utfordringsbiletet
- Syte for at kommunen har tilfredsstillande bestillarkompetanse basert på utfordringsbiletet
- Jamlege evaluere effekten av eksisterande samarbeidsavtalar og korrigere ved behov

Då må vi vere kost/nytte – orienterte for optimalisering av avtalar

- Syte for at kommunen har tilfredsstillande bestillarkompetanse
- Evaluere alle eksisterande samarbeid
- Leggje til rette for nye samhandlingsmodellar
- Intensivere bruk av digitale verktøy for deltaking i ulike geografisk krevjande samarbeid
- Vurdere intern ressursbruk for ivaretaking av vedtatte samarbeid

Bokn kommune prioriterer for auka samhandling og samskaping med lag, organisasjonar og andre aktørar/private

Reduserte kommunale inntekter kombinert med større krav til omfang og kvalitet i den kommunale tenesteytinga, vil krevje at rollefordelinga mellom kommunen og mottakarane av kommunale tenester må vurderast på ny.

Kommunen må i langt større grad spele på frivillig sektor når tenestene skal ytast, og kommunen si tilretteleggjarrolle bør t.d. styrkast med ein frivillegheitskoordinator, slik det er peikt på frå helse- og omsorgssida. I tillegg til perspektivet vist til ovanfor, er tilrettelegging for optimale vilkår for frivillig sektor avgjerande for å sikre sosiale møteplassar som i seg sjølv byggjer opp under mellom anna god psykisk helse. Å fremje god fysisk og psykisk helse bidreg til reduserte kostnader innaføre helse og omsorgssektoren både på kort og på lang sikt. Eigenverdien i frivillig sektor er umogleg å setja kroneverdi på, og difor lyt vi verne om denne så langt det let seg gjere og så langt sektoren sjølv inviterer til samarbeid.

Då må vi ha driftige lokalmiljø

- Leggje til rette for aktive lokaldemokrati
- Leggje til rette for eit godt samspel mellom innbyggjarar, kommune, frivillige og næringsliv
- Motivere til etablering av fleire lågterskel- tilbod slik at fleire kan delta uavhengig av funksjonsevne, økonomi og etnisitet

Då må vi føreta ei vurdering av rollefordelinga mellom kommunen og frivillig sektor

- Kartlegge behova som utspelar seg i frivillig sektor
- Vidareutvikle og forbetre rammevilkåra for sektoren
- Tilby kompetansehevande tiltak
- Styrke kommunen si tilretteleggjar- og koordinatorrolle

3. RÅDMANNENS OPPSUMMERING

Året 2020 var ikkje som andre år, verken for verden, boknarane eller kommunen. Pandemien har prega tenestene til kommunen, aktivitetane våre, kvardagen til dei tilsette og økonomien. Uttrykket “pandemi i drift” syner at pandemien i 2020 blei ein del av kvardagen vår. Sjølv om Bokn ikkje hadde meir enn et smittetilfelle dette året har alle måtta leva med utryggleiken smittesituasjonen har ført med seg. Pandemien har vist kor viktig det er å ha eit tett og godt samarbeid på tvers av kommunegrensene både på politisk og administrativt nivå. Haugalandet som felles bo – og arbeidsmarknad har verkeleg måtta løyse utfordringane i pandemien i lag til beste for innbyggjarane.

Pandemien har ført med seg ei enorm utvikling i bruken av digitale verktøy. Vi er allereie i gang med å gjere ting på radikalt nye måtar når det gjeld digitalisering. Nettopp behovet for sosial distanse gir eit valdsamt skyv for digital teknologi: me må gjere arbeidsoppgåvene våre, kommunisere og koordinere oss utan fysisk kontakt med andre.

Pandemien har store menneskelige og økonomiske kostnader, men er samtidig et stort digitalt eksperiment og en unik mulighet for samfunnet til å forberede seg på de store utfordringene som kommer i løpet av 2020-tallet: Eldrebølge og press på helsetjenesten, teknologisjokk i arbeidsmarkedet, og behovet for en mer klimavennlig og fleksibel organisering av samfunnet.

Året 2020 var og det året Bokn kommune tilsette ny rådmann. Jan Erik Nygaard vart takka av som rådmann etter nær 40 års teneste, og underteikna sette seg i «rådmannsstolen» frå 18.mai.

Bokn kommune sitt netto driftsresultat for 2020 er kr. 962 856 som 6 823 168 lavere enn i 2019, noko som tilsvarer en nedgang på 87,6%. Hovedårsaken til nedgangen er en utgift på 6 millioner til Føresvikveien som blei bokført i 2020.

Netto driftsresultat for 2020 er på 0,8 % av driftsinntektene.

Kommunen sitt disposisjonsfond inkludert mindreforbruket for 2020 er på 26,7 % av driftsinntektene. Det finansielle måltallet er 10%.

Det er svært viktig for Bokn kommune å ha “penger på bok”. Det gjer kommunen betre rusta til å handtere utfordringane i framtida, som aukt rentenivå, lågare inntekter eller aukt behov for egenfinansiering av investeringar. Reserver gir kommunen tid til omstilling og aukt handlingsrom.

Å løyse framtida side utfordringar vil krevje eit fortsatt godt samarbeid mellom politikarar og administrasjon, og ei vilje til å prioritere. Det vil være krevjande å dimensjonere tenestene til ei befolkning i demografisk endring og halde kostnadane på eit nøkternt nivå. Oppsummert ligg utfordringane innanfor følgjande områder:

- Vidareutvikla kvalitet i tenestene samt sikra nødvendig oppfølgingskapasitet
- Ytterlegare effektivisering av tenestene
- Innføre bruk av ny teknologi – spesielt innan eldreomsorga
- Rekruttere og behalde kvalifisert arbeidskraft, spisskompetanse
- Skape rom for investeringar

Folketilveksten i 2020 fortsette trenden frå 2019, med ei auke på 7 innbyggjarar i løpet av 2020. Ved årsskiftet 2020 var innbyggjartalet på 859.

Bokn har trass i pandemien hatt lav arbeidsløyse. I februar 2021 er arbeidsløysa på 1,5 %, arbeidsløysa for Rogaland er på 3,8%.

Finansieringsplanen for Rogfast vart endeleg godkjent i desember 2020. Bokn – kontrakten skal etter planen utlysast hausten 2021 med oppstart hausten 2022. Byggetid er estimert til ti år - og skal vere ferdig medio 2031. Rogfast vil korte ned reisetida mellom Stavanger og Bergen med 1 ½ time og Bokn bli sentral i den prosessen me går inn i nå. Det er no det er viktig å sjå moglegheitene både for å auka folketalet og aukt aktivitet i lokalt næringsliv. Då må Bokn ha tilgjengelege tomter for dei som ynskjer å etablera seg

Bokn eig saman med Haugesund, Tysvær, Karmøy og Vindafjord Haugaland Næringspark. Haugaland Næringspark håper å kunne bli lokasjonen for en ny stor batterifabrikk som skal etablerast i Norge.

Panasonic, Hydro og Equinor planlegg ein stor batterifabrikk saman i Norge, og har invitert norske kommunar og regionar til å komme med tilbod om lokalisering av den nye fabrikk. Anbudet fokuserer på å bruke norsk fornybar kraft til å få i gang berekraftig produksjon av batterier til elbilar. For å kunne drive ein slik fabrikk, treng dei tre selskapene tilgong til kompetanse, regulerte areal, kraft og vann til kjøling. De tre selskapa har anslått at det vil være behov for rundt 2.000 faglærde operatørar og personell med høgare utdanning til nyetableringa.

Næringsparken er per mars 2021 vidare med i konkurransen som ein av 20 .

I 2020 hadde Bokn kommune eit samarbeid med Rogaland ressurscenter eit forprosjekt med mål om å samla lokale krefter innanfor reiselivs -og andre bransjesatsingar på Bokn. Prosjektet har og mål om å førebu nye samarbeidsprosjekt samt leggje til rette for nyttig nettverksbygging og kunnskapsdeling. Tilbakemeldingane på prosjektet har vore gode og er heilt i tråd med målet om å prioritere for styrka lokalt næringsliv og for auka verdiskaping i samfunnsdelen til kommuneplanen

Det vil være viktig for Bokn kommune å arbeide systematisk og planmessig for å nå måla sett i samfunnsdelen i åra som kommer

Bokn 15.04.2021

Ingeborg Skjølingstad

rådmann

4. DRIFTSREKNESKAP

Driftsregnskapet presenterast nedanfor etter forskriftsbestemte oppstillingar jamfør Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar.

Hovudtal 2020

- Driftsinntekter 119,6 millionar kroner – Auke på 4,8 % frå 2019
- Driftsutgifter 122,3 millionar kroner – Auke på 16,2 % frå 2019.
- Netto driftsresultat er positivt med 962.856 kroner.
- Rammeområda har samla brukt 2,55 millionar mindre enn tildelt
- Teknisk har det største meirforbruket med 2,97 millionar kroner i forhold til budsjett.
- Langsiktig lånegjeld 143.745.215 som er 120,2% av driftsinntektene.

Driftsrekneskap pr rammeområde	Rekneskap	Korr.Budsjett	Avvik frå
Beløp i 1000	2020	2020	budsjett
Sentraladministrasjonen	22 342	25 401 -	3 059
Kultur, skule og barnehage	25 347	27 258 -	1 911
Helse, pleie og omsorg	28 020	28 897 -	876
Sosial og barnevern	2 476	2 156	320
Teknisk	3 842	868	2 974
Sum avvik frå budsjett			-2 552

Dette jobbar me vidare med

Bokn kommune sitt rekneskap blei avlagt med eit positivt netto driftsresultat på 962.856 kr, tilsvarande 0,8 % av driftsinntektene. Dette er dårlegare enn målsettinga om 1,75%.

Sjølv om kommunen samla sett har eit positivt økonomisk resultat, skuldast dette i stor grad utbetaling frå Havbruksfondet, medan den underliggjande drifta viste at utgiftene til drifta aukar raskare enn inntektene. I 2020 vart det og utbetalt 6 millionar kroner til Rogaland fylkeskommun i samband med tidlegare vedtatt finansiering av Føresvikvegen. Denne utbetalinga reduserer netto driftsresultat i 2020 tilsvarande.

Driftsinntektene aukar med 5,5 millionar kroner og har ei prosentmessig vekst på 4,8 % samanlikna med rekneskapen for 2019. Driftsutgiftene aukar med 17 millionar kroner som utgjør ein prosentmessig vekst på 16,2 % mot 2019. Brutto driftsresultat er negativt 2,8 millionar kroner.

Bokn kommune står ovanfor ei økonomisk utfordring i tida framover som følgje av utsikter til stramare økonomiske rammer. Dei siste åra har Bokn hatt ei dårlegare inntektsutvikling enn mange andre kommunar. Dette er i all hovudsak relatert til nytt inntektssystem, demografiske endringar og folketalsutviklinga. Dette vil svekka inntektene til kommunen, samstundes som kostnader til pleie- og omsorgssektoren forventes å auke. Låg folketalsutvikling betyr og lågare inntekter frå gassbasert industri, sidan denne inntekta blir fordelt mellom Tysvær og Bokn etter folketal.

Bokn kommune har i mange år, som følgje av eigedomsskatt frå gassbasert industri, hatt ein økonomi som har gjort det mogleg å halde eit tilfredsstillande driftsnivå, nedbetale gjeld og samtidig sette av

pengar til fond. Rekneskapen for 2020 viser at nytt inntektssystem som blei innført frå 2017 gradvis reduserer rammetilskottet og svekker den kommunale økonomien. Dei mest drastiske konsekvensane av vedtaket om å endra eigedomsskattelova blei moderert gjennom innføring av ei kompensasjonsordning. Etter dei berekningar som er gjort i Tysvær – og som Bokn og legg til grunn – vil kommunane få kompensert heile 98% av dei tapte inntektene.

Ordninga gjeld fram til 2025, men det er i tillegg gjeve uttrykk for at tapet også skal kompensast etter 2025; dvs. at kompensasjonen skal koma i tillegg til den årlege ramma til kommunesektoren. Kommunane sitt tap skal «om lag» kompensast – og på lang sikt.

Resurskrevjande tenester har for Bokn vore underfinansiert dei seinare åra. Kommunen mottar skjønnstilskot frå statsforvaltaren, men utgiftene overstig kostnadane i stor grad. Finansiering skal i større grad vere ein del av rammetilskottet og statsbudsjetta fokuserar på effektivisering av drift gjennom redusert finansiering, noko som er ei utfordring for fleire små kommunar med få tilsette.

Når dei samla resultata likevel har vore gode dei siste åra skuldast dette for ein stor del ekstraordinære inntekter som kommunen har fått – mellom anna tilskot frå Havbruksfondet i 2019 på rundt 5,64 mill. kroner og 6,7 mill. kroner i 2020. Overføringar frå Havbruksfondet forventast å bli halvert frå og med neste år, til 3 millionar kroner, aukande til 3,5millionar kroner ut planperioden.

Hovudfokuset framover må være på omstilling og effektivisering. Omstilling må difor forventast å bli ein del av den normale kvardagen for kommunens tilsette. Tenester som kan digitaliserast, skal og må digitaliserast for å frigjere personalressursar som vidare kan nyttiggjerast på andre oppgåver.

Kommunen sitt økonomiske handlingsrom er avgjerande for å kunne oppretthalde og vidareutvikle tenestetilboda til kommunens innbyggjarar framover, innanfor dei økonomiske rammene som blir vedtatt av Stortinget. Førebels har dei samla negative konsekvensane av det nye inntektssystemet vore mindre enn forventa, mellom anna som fylgje av ekstraordinære inntekter frå Havbruksfondet og stabile inntekter frå eigedomsskatten, men begge desse er forventa redusert i åra framover.

I tillegg til dyktige tilsette på dei ulike rammeområda, så er økonomi ein viktig innsatsfaktor når det gjeld kvalitet og kapasitet på kommunale tenester. Kommunen må driva eit løpande arbeid med innovasjon og omstilling for å ivareta god drift innanfor små økonomiske rammer slik at kommunen fortsatt skal kunne tilby innbyggjarane gode lovfesta tenester, og tilsette interessante og spennande arbeidsoppgåver.

Har me nådd måla våre?

Gjennom den nye kommunelova har kommunane fått lovfesta plikt til å nytte finansielle måltal som verktøy for langsiktig styring av kommunen sin økonomi. Dei finansielle måltala skal fungera som rammer for budsjettarbeidet og vidare rapportering, men måltala er ikkje bindande for budsjettarbeidet.

	Mål 2020 - 2024	Rekneskap 2020	Rekneskap 2019
Netto driftsresultat i prosent av driftinntektene	> 1,75 %	0,81 %	6,80 %
Disposisjonsfond + mindreforbruk i prosent av driftsinntektene	> 10 %	26,7 %	28,30 %
Arbeidskapital i prosent av driftsinntektene	> 15 %	125,9 %	124 %
Langsiktig lånegjeld i prosent av driftsinntektene	< 80 %	120,2 %	124,80 %
Lån som betenes av frie inntekter	< 70 %	79,5 %	84,40 %
Netto lån med renteeksponering i prosent av driftsinntektene	< 70 %	0 %	6,70 %

Netto driftsresultat uttrykker andelen av årets driftsinntekter som ikkje er blitt nytta til å dekke årets driftsutgifter. Netto driftsresultat er den viktigaste indikatoren for å vurdere kommunen sin økonomiske tilstand. Denne gir eit bilde av kva kommunen sit igjen med til investeringar og framtidige avsetningar. Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter er positiv med 0,81 %. Kommunestyret har beslutta eit måltal på 1,75%. Bokn kommune måtte utgiftsføre tidlegare vedtatt tilskot til Føresvikvegen på 6 millionar i 2020. Midlane var satt av på disposisjonsfond, men kostnaden påverkar netto driftsresultat negativt. Utan den ville netto driftsresultat i prosent ha vore 5,82 %

Disposisjonsfond er frie fond og står til kommunestyrets frie disposisjon. Kommunen bør til ei kvar tid ha ein «buffer» for å kunne møte utfordrande hendingar, slik som svikt i inntekter eller auka utgifter. Kommunen vil automatisk sikre denne «bufferen» dersom store deler av eit positivt netto driftsresultat årleg blir satt av til disposisjonsfond. Når disposisjonsfondet har nådd ein viss størrelse, kan fondet bidra til at kommunen i større grad kan eigenfinansiere investeringane sine. Kommunen har oppsparte reservar i form av disposisjonsfond og kapitalfond på hhv om lag 31,9 og 54,8 millionar kroner. I tillegg er det ved utgangen av 2020 eit ubundet investeringsfond på 40,8 millionar knytta til ny skule.

Arbeidskapitalen som både vert nytta for å angi likviditet (evne til å betale forpliktelsar etter kvart som dei forfell) og soliditet (evna til å tole tap), er også positiv for kommunen.

Bokn har i dag for høg gjeld og bør ha som mål å redusere gjeldsgraden vesentleg. Dette vil generelt gi større økonomisk handlingsrom og gi større rom for å kunne dekkja ekstraordinære kostnader.


Økonomisk oversikt etter art – drift - §5-6

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Driftsinntekter				
1 Rammetilskudd	47.964.868,00	48.494.000,00	48.042.000,00	47.658.835,00
2 Inntekts- og formuesskatt	23.676.613,80	21.767.000,00	21.767.000,00	23.216.222,50
3 Eiendomsskatt	11.336.955,00	10.700.000,00	10.700.000,00	11.763.662,00
4 Andre skatteinntekter	0,00	0,00	0,00	0,00
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	7.177.180,11	11.609.601,00	3.200.000,00	6.047.516,84
6 Overføringer og tilskudd fra andre	17.380.364,21	7.578.216,00	5.752.900,00	14.148.524,70
7 Brukerbetalinger	3.810.549,45	3.429.000,00	3.429.000,00	3.542.230,40
8 Salgs- og leieinntekter	8.220.780,64	8.202.000,00	8.354.000,00	7.703.466,25
9 Sum driftsinntekter	119.567.311,21	111.779.817,00	101.244.900,00	114.080.457,69
Driftsutgifter				
10 Lønnsutgifter	58.948.976,36	52.097.685,00	51.394.400,00	56.211.662,86
11 Sosiale utgifter	15.156.404,69	17.144.634,00	17.144.634,00	14.627.420,26
12 Kjøp av varer og tjenester	24.241.036,68	24.385.141,00	22.000.100,00	24.707.009,50
13 Overføringer og tilskudd til andre	13.053.030,19	10.160.752,00	3.461.669,00	5.622.535,98
14 Avskrivninger	10.936.459,78	2.600.000,00	2.600.000,00	4.131.951,00
15 Sum driftsutgifter	122.335.907,70	106.388.212,00	96.600.803,00	105.300.579,60
16 Brutto driftsresultat	-2.768.596,49	5.391.605,00	4.644.097,00	8.779.878,09
Finansinntekter				
17 Renteinntekter	1.233.880,73	800.000,00	800.000,00	1.529.664,75
18 Utbytter	11.427,00	0,00	0,00	2.405.769,00
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0,00	0,00	0,00	0,00
20 Renteutgifter	2.373.865,78	2.100.000,00	2.100.000,00	2.985.252,31
21 Avdrag på lån	6.076.449,00	4.300.000,00	4.300.000,00	6.075.986,00
22 Netto finansutgifter	-7.205.007,05	-5.600.000,00	-5.600.000,00	-5.125.804,56
23 Motpost avskrivninger	10.936.459,78	2.600.000,00	2.600.000,00	4.131.951,00
24 Netto driftsresultat	962.856,24	2.391.605,00	1.644.097,00	7.786.024,53
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:				
25 Overføring til investering	-690.275,00	-690.275,00	0,00	0,00
26 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-603.680,73	0,00	0,00	-1.275.693,00
27 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-7.254.925,08	-1.701.330,00	-1.644.097,00	-14.638.819,53
28 Bruk av tidligere års mindreforbruk	7.586.024,57	0,00	0,00	8.128.488,00
28 Dekning av tidligere års merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
29 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-962.856,24	-2.391.605,00	-1.644.097,00	-7.786.024,53
30 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0,00	0,00	0,00	0,00

Endringer i Bokn kommune sine inntekter

	Rekneskap 2020	Reg. Budsjett 2020	Oppr. Budsjett 2020	Rekneskap 2019
Driftsinntekter				
Rammetilskot	47 964 868	48 494 000	48 042 000	47 658 835
Skatt på inntekt og formue	23 676 614	21 767 000	21 767 000	23 216 223
Eigedomsskatt	11 336 955	10 700 000	10 700 000	11 763 662
Brukarbetaligar og salsinntekter	12 031 330	11 631 000	11 783 000	11 245 697
Tilskot, overføringar og andre inntekter	24 557 544	19 187 817	8 952 900	20 196 042
Brutto driftsinntekt	119 567 311	111 779 817	101 244 900	114 080 458

Grafisk fordeler dette seg slik:



Dei samla inntektene for Bokn auka med 5,5 millionar kroner frå 2019, tilsvarande 4,8 %. Samanlikna med budsjett blei det ei samla meirinntekt på 7,79 millionar, tilsvarande 6,96 %.

Den sterke auken skuldast overføring frå havbruksfond på 6,76 millionar kroner, skjønnsstilskot helse, aktivitetmildlar sjukestova og ekstra midlar i samband med korona. Bokn kommune har inngått avtale med Karmøy kommune om sal av inntil 8 institusjonsplassar og har ved utgangen av året avtale om sal av 5 plassar. Dette gav i 2020 ei inntekt på 1,6 millionar.

Frie inntekter er midlar kommunen kan disponere fritt utan andre føringar frå staten enn gjeldande lovar og reglar. Dei frie inntektene, som i hovudsak består av skatteinntekter og rammetilskot, utgjør om lag 69% av samla inntekter. Desse inntektene er om lag uendra frå 2019.


Bokn kommune har i mange år, som fylgje av eigedomsskatt frå gassbasert industri, hatt ein økonomi som har gjort det mogleg å halde eit tilfredsstillande driftsnivå, nedbetale gjeld og samtidig sette av pengar til fond. Rekneskapen for 2020 viser at nytt inntektssystem som blei innført frå 2017 gradvis reduserer rammetilskottet og svekker den kommunale økonomien.

Andre overføringar og tilskot frå andre viser ei netto meirinntekt på 5,4 millionar kroner. Kommunen har i lang tid hatt fleire langtidssjukemeldingar i 100% stillingar, og som ein følgje av det har ein fått refusjon sjukepengar med 4,9 millionar meir enn budsjettet.

Endringar i Bokn kommune sine driftsutgifter

Driftsutgifter	Rekneskap 2020	Reg. Budsjett 2020	Oppr. Budsjett 2020	Rekneskap 2019
Løn og sosiale utgifter	74 105 381	69 242 319	68 539 034	70 839 083
Varer og tenester	24 241 037	24 385 141	22 000 100	24 707 010
Overføringer og tilskot til andre	13 053 030	10 160 752	3 461 669	5 622 536
Avskrivningar	10 936 460	2 600 000	2 600 000	4 131 951
Brutto driftsutgifter	122 335 908	106 388 212	96 600 803	105 300 580

Grafisk fordeler dette seg slik



Dei samla driftsutgiftene for Bokn blei auka med 17 millionar frå 2019, ei auke tilsvarande 16,2%. Samanlikna med budsjett er utgiftene 15,9 millionar høgare enn budsjettet.

Løn og sosiale utgifter

Omtrent 2/3-deler av kommunens brutto utgifter er løn og sosiale kostnader. Andelen har gått ned frå 67% i 2019 til 61% i 2020.

Det har i 2020 vore høgt sjukefråvær ved fleire rammeområde, og fleire av rammeområda har hatt stillingar som har stått vakant gjennom året. Det vart inntektsført refusjon sjukepengar med 5,2 millionar kroner i 2020, 2 millionar høgare enn i 2019. Netto lønskostnader i 2020 inkl refusjon sjukepengar er 68,9 millionar kroner, på nivå med justert budsjett.

Det er i 2020 mottatt skjønnsmidlar for ressurskrevjande tenester med 1,6millionar kroner, 1 million mindre enn for 2019. Udekka meirkostnad på løn knytt til ressurskrevjande tenester er over 2mnok.

Overføringer og tilskot til andre

Overføringer og tilskot til andre aukar frå 5,6 millionar i 2019 til 13,1 millionar i 2020. Som følge av kommunestyrevedtak frå 2013 og 2015 vart det tidlegare vedtatt å setje av 6 millionar kroner i samband med finansiering av Føresvikvegen. Det blei i 2020 utgiftsført 6 millionar kroner til Fylkeskommunen som blei finansiert av disposisjonsfond.

Avskrivingar

Avskrivingar – auka frå 4,1 til 10,9 mill. Årsaka til dette er ein gjennomgang av alle investeringane i utbygging av byggefelt dei 20 siste åra. Ved opprydding i rekneskapen (balansen) vart alle grunnlagsinvesteringane i byggefelta fordelt mellom vatn, avlaup og veg. Deretter vart avskrivingane for perioden berekna og ein kom fram til akkumulerte avskrivingar på ca. 6,7 mill som vart ført i rekneskapen. Ordinære avskrivingar for 2020 var 4,3 mill.

Bevilgningsoversikt drift - §5-4 1. ledd i regnskapsforskrifta

Bevilgningsoversikt drift etter §5-4 1. ledd viser kommunens frie inntekter, samla bruk på budsjettområda, finanspostar, netto driftsresultat og disponeringane.

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Bevilgningsoversikt - drift (regnskap)				
1 Rammetilskudd	47.964.868,00	48.494.000,00	48.042.000,00	47.658.835,00
2 Inntekts- og formueskatt	23.676.613,80	21.767.000,00	21.767.000,00	23.216.222,50
3 Eiendomsskatt	11.336.955,00	10.700.000,00	10.700.000,00	11.763.662,00
4 Andre generelle driftsinntekter	7.177.180,11	11.609.601,00	3.200.000,00	6.047.516,84
5 Sum generelle driftsinntekter	90.155.616,91	92.570.601,00	83.709.000,00	88.686.236,34
6 Sum bevilgninger drift, netto	81.987.753,62	84.578.996,00	76.464.903,00	75.774.407,25
7 Avskrivingar	10.936.459,78	2.600.000,00	2.600.000,00	4.131.951,00
8 Sum netto driftsutgifter	92.924.213,40	87.178.996,00	79.064.903,00	79.906.358,25
9 Brutto driftsresultat	-2.768.596,49	5.391.605,00	4.644.097,00	8.779.878,09
10 Renteinntekter	1.233.880,73	800.000,00	800.000,00	1.529.664,75
11 Utbytter	11.427,00	0,00	0,00	2.405.769,00
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0,00	0,00	0,00	0,00
13 Renteutgifter	2.373.865,78	2.100.000,00	2.100.000,00	2.985.252,31
14 Avdrag på lån	6.076.449,00	4.300.000,00	4.300.000,00	6.075.986,00
15 Netto finansutgifter	-7.205.007,05	-5.600.000,00	-5.600.000,00	-5.125.804,56
16 Motpost avskrivingar	10.936.459,78	2.600.000,00	2.600.000,00	4.131.951,00
17 Netto driftsresultat	962.856,24	2.391.605,00	1.644.097,00	7.786.024,53
Disponering eller dekning av netto driftsresultat				
18 Overføring til investering	-690.275,00	-690.275,00	0,00	0,00
19 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-603.680,73	0,00	0,00	-1.275.693,00
20 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	331.099,49	-1.701.330,00	-1.644.097,00	-6.510.331,53
21 Dekning av tidligere års merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
22 Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-962.856,24	-2.391.605,00	-1.644.097,00	-7.786.024,53
23 Fremført til inndecking i senere år (merforbruk)	0,00	0,00	0,00	0,00

Frie inntekter

Frie inntekter er midlar kommunen kan disponere fritt utan andre føringar frå staten enn gjeldande lovar og reglar. Dei frie inntektene, som i hovudsak består av skatteinntekter og rammetilskot, utgjer om lag 69% av samla inntekter. Desse inntektene er om lag uendra frå 2019.

Bokn kommune har i mange år, som følgje av eigedomsskatt frå gassbasert industri, hatt ein økonomi som har gjort det mogleg å halde eit tilfredsstillande driftsnivå, nedbetale gjeld og samtidig sette av pengar til fond. Rekneskapen for 2020 viser at nytt inntektssystem som blei innført frå 2017 gradvis reduserer rammetilskottet og svekker den kommunale økonomien.

Finansinntekter og -utgifter

Netto finansutgifter var i 2020 7,2 millionar, mot 5,1 million i 2019. Endringa må sjåast i samanheng med mottatt aksjeutbytte på 2,3 millionar kroner i 2019 for aksjane i Haugaland Kraft. Desse aksjane vart solgt i 2019.

Pandemisituasjonen medførte at styringsrenta hos Norges Bank og dermed også markedsrentene falt betydeleg i løpet av året. Dette påverka både inntekts- og utgiftsida i rekneskapen.

Disponeringar

Tilskot og andre midlar frå eksterne med gitte vilkår må anten nyttast til formålet i budsjettåret, eller setjast av til bundne fond for bruk i seinare år. Totalt blei det dermed satt av 0,6 millionar kroner til bundne driftsfond. I tillegg vart det overført 0,69 millionar kroner til investeringsregnskapet som eigenfinansiering. Disposisjonsfondet auka med 7,3 millionar kroner i 2020.

Sum bevilgningar drift, netto - §5-4 2. ledd i regnskapsforskrifta

Den andre bevilgningsoversikten viser rekneskapen og budsjett på det nivå kommunestyret har gitt sine netto bevilgningar til dei ulike budsjettområda.

Nettobeløpet av bevillingane samsvarar med beløpet i linje 6 i oppstillinga etter §5-4 1.ledd ovanfor

Beløp i 1000	Rekneskap 2020	Reg.Budsjett 2020	Budsjett 2020	Rekneskap 2019
Sentraladministrasjonen	22 341 720	25 401 111	19 257 303	11 938 225
Kultur, skule og barnehage	25 347 142	27 257 885	26 797 600	28 046 621
Helse, pleie og omsorg	28 020 011	28 896 500	28 146 500	28 808 872
Sosial og barnevern	2 476 018	2 155 800	2 295 800	2 812 698
Teknisk	3 841 753	867 700	-32 300	4 207 430
Sum bevilgningar drift, netto	82 026 644	84 578 996	76 464 903	75 813 846
Herav:				
Avskrivningar	-38 787	-	-	-38 787
Netto renteutgifter og -inntekter	-103	-	-	-652
Korrigert sum bevilgningar drift, netto	81 987 754	84 578 996	76 464 903	75 774 407

Samla viser denne tabellen et mindreforbruk på tenestene på ca 2,8 millionar kroner mot regulert budsjett. Tenestekområda vil bli gått gjennom kvar for seg i eine kapittel for rammeområdet.

5. INVESTERINGSREKNESKAP

Bevilgningsoversikt - investering - §5-5 i regnskapsforskrifta

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Bevilgningsoversikt - invest. (regnskap)				
1 Investeringer i varige driftsmidler	28.775.667,02	64.142.972,00	0,00	9.700.694,75
2 Tilskudd til andres investeringer	-14.507,00	0,00	0,00	0,00
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	291.721,00	10.000,00	0,00	4.273.530,00
4 Utlån av egne midler	0,00	0,00	0,00	6.978.000,00
5 Avdrag på lån	0,00	0,00	0,00	1.432.072,00
6 Sum investeringsutgifter	29.052.881,02	64.152.972,00	0,00	22.384.296,75
7 Kompensasjon for merverdiavgift	3.125.970,43	0,00	0,00	1.296.682,84
8 Tilskudd fra andre	25.715.838,00	18.627.000,00	0,00	0,00
9 Salg av varige driftsmidler	1.744.831,50	0,00	0,00	1.759.540,00
10 Salg av finansielle anleggsmidler	0,00	0,00	0,00	79.162.315,00
11 Utdeling fra selskaper	0,00	0,00	0,00	0,00
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0,00	0,00	0,00	7.530.583,26
13 Bruk av lån	3.446.791,47	11.142.931,00	0,00	10.357.490,65
14 Sum investeringsinntekter	34.033.431,40	29.769.931,00	0,00	100.106.611,75
15 Videreutlån	1.569.581,00	0,00	0,00	0,00
16 Bruk av lån til videreutlån	1.569.581,00	0,00	0,00	0,00
17 Avdrag på lån til videreutlån	587.071,00	0,00	0,00	0,00
18 Mottatte avdrag på videreutlån	728.283,02	0,00	0,00	0,00
19 Netto utgifter videreutlån	-141.212,02	0,00	0,00	0,00
20 Overføring fra drift	690.275,00	690.275,00	0,00	0,00
21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
22 Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	-5.812.037,40	33.692.766,00	0,00	1.440.000,00
23 Dekning av tidligere års udekket beløp	0,00	0,00	0,00	0,00
24 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	-5.121.762,40	34.383.041,00	0,00	1.440.000,00
25 Fremført til inndekning i senere år(udekket beløp)	0,00	0,00	0,00	0,00

Dei samla investeringane i 2020 utgjer ca 25,3 millionar kroner (inkl.mva 29,1 mill). Dei største investeringane gjeld:

- Skuleutbygginga 11,5 mill,
- Vassleidning 5,5 mill
- Utbyggingsavtale 7 mill

Prosjekt	Vedtatt kostnadsramme	Regnskapsført tidligere år	Regnskapsført i 2020	Årets budsjett	Sum regnskapsført	Gjenstår av kostnadsramme
1202 Web sak	690 275		690 275		690 275	-
1398 Kjøp av grunn			12 675		12 675	-12 675
Telefonsentral	250 000				-	Utgått
6211 Vassverk	21 500 000	21 181 892	66 500		21 248 392	251 608
9004 Nye eldrebust.	52 800 000	52 566 979	491 461		53 058 440	-258 440
9404 Overvatn	600 000	777 328	-		777 328	-177 328
6023 Trafikksikring		434 187			434 187	-434 187
9014 Utbygg skule	50 000 000	690 234	11 476 130		12 166 364	37 833 636
6320 Utbyggingsavtale Vågaheia	6 999 743		6 999 743		6 999 743	-
9018 Vassledning	14 000 000	1 880 584	577 210		8 400 315	5 599 685
9019 Høgdebasseng Vågaheia		319 199	2 018 738			
9020 vassl. Vatnaland/Jøsang		664 463	2 940 121			
	146 840 018	78 514 866	25 272 853	-	103 787 719	42 802 299

Sum rekneskapsført i 2020 på ca. 25,3 mill er ekskl. mva (inkl.mva ca 29,1)

Tilskot til vegvesenet til utbedring av Føresvikvegen er ikkje investering men er tatt av drift og dekket av tidlegare avsett fond.

	Vedtatt kostnadsramme	Regnskapsført tidligere år	Regnskapsført i 2020	Årets budsjett	Sum regnskapsført	Gjenstår av kostnadsramme
9032 Føresvikvei	6 000 000	292 073	6 000 000		6 292 073	-292 073

6. ØVRIGE FORHOLD

Likestilling og mangfald

Bokn kommune er den største arbeidsgivaren i kommunen. Kommunen skal vere ein attraktiv arbeidsgivar med eit godt arbeidsmiljø.

Med bakgrunn i likestillingsloven § 26 og kommunelova §14-7e) skal det greiast ut om den faktiske stoda når det gjeld likestilling i kommunen. Det skal i tillegg seiast noko om iverksette og planlagde tiltak.

Bokn kommune hadde per 31.12. 2020 134 tilsette, 18 av desse var menn. Det vil seie at menn utgjer 13,4% av dei tilsette.

Bokn kommune har ei skeiv fordeling mellom kvinner og menn. Det er overvekt av kvinner i alle sektorar med unntak av teknisk.

Kommunen har og mange deltidsstillingar , spesielt innan pleie - og omsorg. Det er eit mål å redusera bruk av deltidsstillingar og kunna tilby fleire stillingar i 100%.

Iverksette tiltak

Heiltidskultur

Det er samanheng mellom stillingsstorleik og kvalitet og effektiv tenesteyting, nærvær og eit godt arbeidsmiljø. I Bokn kommune sine retningslinjer, er det eit mål om at ingen stillingar skal vere mindre enn 50%, med unntak av studentstillingar. Det er eit mål at helse- og omsorgspersonell har ein jobb å leve av. Innføring av årsturnus er ein del av arbeidet med å få auka opp stillingsstørrelsar.

Måloppnåing: Målet er i stor grad oppnådd. Fleire tilsette med ufrivillig deltid har i løpet av 2020 fått auka opp stillingsstørrelsen. Samtidig er det slik at den tilsette må pårekne meir helgearbeid for å få auka opp stillinga, og det er ikkje alltid at ein er villig til å påta seg meir helgearbeid for å få høgare stilling. Det er klare tilbakemeldingar på at stillingsprosent mellom 70% og 90% i stor grad er ynskja stillingsprosent blant dei deltidstilsette, og vi er alltid nødt til å ha ein viss prosentandel med deltidsstillingar, dette for å få nok bemanning på helg. Årsturnus vart tatt i bruk for fyrste gong i 2020.

Etikk

I tråd med kommunelova § 14-7 d) skal det greiast ut om tiltak som er iverksett og tiltak som planleggjes iverksett for å sikre høg etisk standard i kommunen.

Arbeidsgjevarpolitikk

Det skal gis tydelege føringar for kva arbeidsgjevar skal legge til rette for og kva arbeidsgjevar forventar av sine medarbeidarar, både tilsette og leiarar.

Etiske retningslinjer

Dei etiske retningslinjene i Bokn kommune har vore ein del av personalreglementet. Dette vart revidert i 2019, men dei etiske retningslinjer har ikkje vore revidert sidan 2010. Personalreglementet er ikkje revidert i tråd med ny kommunelov derfor vil eit av tiltaka vere å revidere dei etiske retningslinjene for Bokn kommune saman med personalreglementet i løpet av 2021.

Styrevervregisteret

Kommunar og kommunalt eigde selskap er avhengig av at ålmenta har tillit til at utøving av mynde vert tatt hand om på best mogleg måte.

Ein måte å styrke kommunesektoren sitt omdøme på er at det vert skapt openheit knytt til dei ulike roller enkeltpersonar har. Det er derfor oppretta eit nasjonalt register kor folkevalde , tilsette og medlemmer i styrer kan registrere sine verv og økonomiske interesser.

Alle leiarar og politikarar i Bokn kommune er oppfordra til å registrere seg i styrevervregisteret. Kommunen vil i løpet av 2021 leggje ut link til registeret på Bokn kommune sine sider slik at folkevalde og tilsette kan registrere seg.

Introduksjon for alle nytilsette

Bokn kommune har som mål at ein i løpet av 2021 får laga eit kurs for nytilsette kor etikk har ein sentral plass. Med utgangspunkt i etiske retningslinjer går ein gjennom ulike etiske dilemma.

Folkevaldopplæring

Etikk er og eit tema i opplæringa av folkevalde etter kommuneval.

Leiing

Kommunen sine verdier og etikk står sentralt i utøvinga av leiing, dagleg arbeid og i leiarmøter.

Internkontroll

Ifølge Kommuneleia § 9-13 skal kommunen ha internkontroll med føretaket si verksemd for å sikre at lover og forskrifter vert følgde.

Føremålet med internkontroll er å sikre kvalitet og effektivitet i tenesteproduksjonen, sikre heilskapleg styring og riktig utvikling av kommunen. God internkontroll skal sikre godt omdøme og legitimitet og etterleving av lovar, forskrifter og overordna instruksar.

Internkontroll handlar om systematisk arbeid og dokumentasjon av eigen praksis, forbetring av arbeidsmetodar og samhandling for å sikre måloppnåing, for å unngå lovbrøt og andre uønskte hendingar.

Bokn kommune bruker KF kvalitets – og avvikssystem.

Kvalitetssystemet skal gi kommunen ei felles tilnærming for rutinar som skal dokumenterast. Føremålet med systemet er at tilsette har tilgong til :

1. Bokn kommune si interne organisering , ansvar - og mynde
2. Rutinar , retningslinjer, reglement og skjema/malar som er gjeldande i Bokn kommune, overordna for alle tilsette og som gjeld for einingane
3. Å melde avvik på lover forskrifter og egne rutinar
4. Registrere skader som har oppstått i arbeidstida.

Bokn kommune skal ha fokus på å få internkontroll inn i strategidokument som planer, budsjett og årshjul.

Rådmannen vil utarbeide årshjul kor fleire punkter rundt rapportering vil ivareta deler av internkontrollen. Kommunen sitt generelle arbeid rundt dokumentasjon og bruk av avvikssystem og risiko – og sårbarheitsanalyser vert det arbeida med gjennom heile året.

Varslingsordning rundt kritikkverdige forhold

I tråd med reglane i arbeidsmiljøloven § 2 A – 1 har Bokn kommune eigen rutine for varsling om kritikkverdige forhold.

Informasjonssikkerheit og personvern – GDPR

Rolla som personvernombod er lagt til leiar for Servicetorget. Kommunen har kartlagt systema som kommunen sine behandlingar skjer i . ROS analyser av systema som ei samla arbeidsoppgåve vil bli utført i 2021.

Personvernerklæringa er oppdatert og ligger lett tilgjengeleg på kommunen sine nettsider. Her finnes det også informasjon om korleis kommunen behandlar personopplysningar og kontaktinfo til personvernombodet.


Befolkningsutvikling og sysselsetting

Folketalsutviklinga er ein avgjerande faktor i kommunen sin økonomiske planlegging og prioritering. Ved vurdering av folketalsutviklinga må ein ta omsyn til viktige endringskrefter i det lokale og regionale utviklingsbildet som effektar av nye vegsamband, nærings- og sentrumsutvikling, nye bustadområde m.v.

Framskrivinga viser at på Bokn vil talet på born og unge reduserast frå 147 i 2020 til 134 i 2050, mens aldersgruppa frå 16 – 66 år reduserast med heile 75 personar. Gruppa over 67 år aukar med 115 personar.

Framskriving av befolkningsutviklinga i Bokn 2020 – 2050 er basert på hovedalternativet (MMMM)

	2020	2030	2040	2050
0-5 år	51	47	48	47
6-15 år	96	83	80	87
16-19 år	52	31	32	36
20-66 år	486	470	450	427
67 år eller eldre	167	204	252	282
Sum	852	835	862	879




Folketilvekst	2017	2018	2019	2020
Bokn	-11	-4	12	7

7. ORGANISASJON

Politisk organisering

2019 - 2023




Tabellane nedanfor syner partirepresentasjon i dei ulike utvala (Talet på kvinner i parentes).

Utval	AP	SP	KRF	H	SUM	Prosent kvinner
Kommunestyre	5(4)	7(2)	1(0)	4(2)	17(8)	47%
Formannskap	2(1)	2(1)	1(0)	2(1)	7(3)	42%
Forvaltningsstyre	2(2)	3(0)	0(0)	2(1)	7(3)	42%
Kontroll – og kvalitetsutval	2(1)	1(1)	1(0)	1(H)	5(2)	40%

Ordførar : Osmund Våga (SP)

Varaordførar: Lene Ognøy Foss(H)

Administrativ organisering



Administrativ leiing:

Rådmann	Ingeborg Skjølingstad
Kommunalsjef administrasjon	Solrunn Alvestad
Kommunalsjef helse – og omsorg	Grethe Heimvik
Kommunalsjef oppvekst, kultur og idrett	Ingrid Sofie Rundhaug
Leiar Teknisk og kommunal planlegging	Anne Elisabeth Askeland
Budsjettsjef	Kristian Jørgensen

8. MEDARBEIDARAR

Arbeidsmiljø, sjukefråvær og nærværarbeid

Kommunen har ein avtale om inkluderande arbeidsliv (IA) som betyr at vi forpliktar oss til å ha ei tett oppfølging av dei sjukemeldte og tilrettelegging av arbeidet slik at dei kan fortsette i jobben.

Hausten 2020 innleia Bokn kommune eit tett samarbeid med NAV arbeidslivssenter for å følge opp IA arbeidet i kommunen.

Sjukefråvær

Ansvar	Fraværprosent
120 - Rådmann	12,9 %
200 - Skuleadministrasjon	7,1 %
210 - Barnehage	10,9 %
220 - SFO	14,0 %
240 - Kultur	13,3 %
300 - Administrasjon helse	16,5 %
310 - Pleie og omsorg	13,3 %
320 - Legekontor	1,2 %
330 - Helsestasjon	1,1 %
340 - Psykiatrisk sjukepleie	0,3 %
341 - Psykisk helse	7,1 %
370 - Aktivitet	3,2 %
600 - Teknisk	21,4 %
Samla fraværprosent	10,5 %

Bokn kommune har vært IA bedrift frå 2002. Kommunen har avtale med Aktimed om bedriftshelseteneste. Frå 01.01.19 trådde ny IA-avtale i kraft, og tidlegare verkemidlar og tilskotsordningar som var reservert IA-verksemder opphøyrde. Den nye IA-avtalen er ein avtale som omfattar heile arbeidslivet, og medfører at dei statlege verkemidlane i større grad er tilgjengelege for alle bedrifter.

Sjukefråværet i Bokn var 6,9% i 2017, 6,3 % i 2018 og 6,8 % i 2019. I 2020 slo koronapandemien til og bidrog til at sjukefråværet endte samla på 10,5% i 2020.

Det overordna målet i IA-avtalen er *et arbeidsliv med plass til alle*.

Det er to nasjonale mål

- redusere sjukefråværet med 10 prosent sammenlignet med gjennomsnittet for 2018, og
- redusere fråfall.

Å redusere fråfall handlar om å hindre at langtidsjukemeldte faller ut av jobb og hindre tidleg pensjonering. Da skal det leggst til rette for at så mange som mulig, kan arbeide så mykje som mogleg, så lenge som mogleg.

Innsatsområda er forebyggande arbeidsmiljøarbeid og lange eller hyppig gjentakande sjukefråvær.

Bokn kommune har hausten 2020 etablert HMS grupper på alle einingane.

HMS-gruppene bidrar til å fremme samarbeid mellom leiing og tilsette og skal arbeide med arbeidsmiljøspørsmål på eigen arbeidsplass. Velfungerande og aktive HMS-grupper er ein av dei viktigaste forutsetningane og i eit av dei beste reiskapane for å lykkes i arbeidet med HMS på einingsnivå.

Bokn kommune har hausten 2020 en hatt samarbeid om inkluderende arbeidsliv med NAV Rogaland. Målet er å inngå ein samarbeidsavtale. Avtalen gjeld bistand frå NAV innsatsteam, som er NAV Bokn/Karmøy og NAV arbeidslivssenter Rogaland si felles satsing retta mot verksemdar med høgt sjukefråvær (6 prosent eller meir). NAV innsatsteam er oppretta for å jobbe målretta med måla i gjeldande IA-avtale, der innsatsen rettes mot forebyggjande arbeidsmiljøarbeid og hyppig og/eller gjentakande sjukefråvær.

Målet for kommunen bør være å vedta differensierte målkrav for sjukefråvær i Bokn kommune, og at målkrav for Bokn kommune totalt skal være 6,5 prosent.

Arbeidsmiljøutvalet

AMU har hatt 3 møter i 2020.

Arbeidstakarrepresentant har hatt leiarfunksjonen i denne perioden. Sekretær har i 2020 har vore rådmannen. Vår bedriftshelseteneste, AktiMed deltar på alle AMU møter. Det har vore eit uttalt mål at og kommunen sin AKA kontakt skal delta på minst 2 av møtene.

AMU	Namn	Rolle
Medlemmer:	Ingeborg Skjølingstad	Arbeidsgiverep.
	Solrunn Alvestad	Arbeidsgiverep.
	Grete Heimvik	Arbeidsgiverep.
	Cecilie Odland (Leiar)	Arbeidstakerrep. hovedverneombod
	Rannveig Øvrebø	Arbeidstakerrep. Fagforbundet
	Anne Lisabeth Jøsang	Arbeidstakerrep. UDF

Kommunen har 4 verneområder; skulen, barnehagen, administrasjonen/teknisk og sjukestova/helse. Alle verneombod og medlemmer av AMU skal ha gjennomført 40 t grunnkurs i HMS. Dei har også kvart år tilbod om å delta på HMS konferanse for nyttig informasjon og inspirasjon.

AktiMed er ein aktiv medspelar i HMS arbeidet. AktiMed , arbeidsgivar og tillitsvalde har årleg 2 møter for å utarbeide konkrete samhandlingsplanar for den enkelte arbeidsstad og oppfølging av desse.

Ingen saker har blitt tatt opp med Akan-kontakten i året som gjekk.

AMU vedtok hausten 2020 at alle tilsette i Bokn skulle få tilbod om å delta i personalundersøking i januar 2021. Undersøkinga vert gjennomført av bedriftshelsetenesta. Planen er å bruke resultatane frå undersøkinga til å definere lokale IA mål for Bokn.

HMS utval

I 2020 har det vore arbeida mykje med å etablera HMS grupper i kommunen knytt til kvart verneområde. Det er utarbeida ein eigen rettleiar for gruppene som beskriver kva ein skal ha på agendaen. Eit godt partssamarbeid er ein føresetnad for å lukkast med IA arbeidet og både tillitsvalde, verneombod og leiing er representert i gruppene.

Målet er at HMS gruppene blir sentrale i oppfølginga av mellom anna personalundersøkingar, rutinar, organisasjonsendringar, effektiviseringstiltak.

Lærlingar

Bokn kommune er godkjent lærebedrift for helsearbeiderfaget og barne – og ungdomsarbeiderfaget

Bokn kommune hadde 1 lærling i 2020. Å utdanne faglært arbeidskraft er eit viktig samfunnsoppdrag men og ein måte å rekruttere arbeidskraft til kommunen. Målet bør vere å auke antal lærlingar i kommunen innan ulike fagområde.



9. KONTROLL OG REVISJON

Kommunens ansvar

Viktigste lov er Kommuneloven med forskrifter.

Kommunestyret har det øverste tilsyn med den kommunale forvaltinga.

Kommunestyret skal sjå til at dei kommunale rekneskapa reviderast på betryggande måte.

Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval til å sørge for det løypande tilsynet med den kommunale forvaltninga på sine vegne. Revisjon av kommunal virksomhet skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk. Kommunestyret velger sjølv revisor.

Korleis tenestene gis

Revisjonsfirmaet Deloitte sørger for revidering av kommunen.

I 2020 vedtok kommunestyret at Bokn kommune skal gå inn i Rogaland revisjon IKS frå juni 2021.

Bokn kommune er medeigar i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS som sørger for sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet.

10. RAMMEOMRÅDE 1 – SENTRALADMINISTRASJON

Kommunens ansvar

Dei viktigaste, overordna lovene for administrasjonen er kommunelova m/forskrifter, plan- og bygningslova, forvaltningslova og offentleglova, samt lov om offentlege anskaffelsar med forskrifter. I tillegg kjem ei rekkje lover og forskrifter innanfor kvart fagfelt. Rådmannen er den øvste leiaren for den samla kommunale administrasjonen, med dei unntak som følger av lov, og innanfor dei rammer som kommunestyret fastset. Rådmannen skal sjå til at dei saker som vert lagt fram for dei folkevalde organa, er forsvarleg utarbeida, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonen skal drivast i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar, og være gjenstand for betryggande kontroll. Forvaltninga skal være tillitskapande og bygge på høg etisk standard.

Korleis tenestane gis

Kommunens administrasjon er organisert på følgende måte i 2020:

Sentraladministrasjonen er organisert under kommunalsjef administrasjon. Drifta i administrasjonen omfattar kundemottak, sentralbord, post, arkiv, felles innkjøp, sekretariat for politiske utval, interne merkantile tenester til og for seksjonane, økonomistyring, budsjett, innkjøpsavtalar, rekneskap, lønn, fakturering, generell personalpolitikk, HMS/arbeidsmiljø og IKT drift- og strategi.

Rådmannen sine funksjonar er overordna styring og kontroll, juridisk bistand, interkommunalt/regionalt arbeid, NAV, barnevern, beredskap, sekretærfunksjon for formannskap og kommunestyre, næringsarbeid, Start lån og kommuneplanarbeid.

Kvalitet i tenestene

Administrasjonen har vore involvert i arbeid som inneber utstrakt samarbeid med organisasjonens einingar, samstundes som administrasjonen arbeidar tett opp mot det politiske nivået.

Mål for tenestene

Det er ikkje vedteke eigne årsmål for administrasjonen. Administrasjonen har likevel vore delaktig i arbeid som det rapporterast på ute i einingane. Administrasjonen har i 2020 arbeida for å auka digitalisering av manuelle arbeidsoppgåver.

Digitalisering gjer det mogleg å arbeide på andre måtar. Gevinstane kan være auka effektivitet, betre kvalitet på tenestene og meir brukarvenlege digitale tenester. Det er eit uttrykt statleg mål at digital kommunikasjon skal vera hovudregelen for innbyggjarane sin kontakt med det offentlege.

Nye elektroniske løysingar mot andre offentlege etatar har vore ei utfordring. Digitalisering av tenestene er også ei utfordring både kompetansemessig, men også når det gjeld kapasitet. Dette er eit område ein arbeider med både i eigen kommune, i samarbeid i fylke gjennom DigiRogaland og nasjonalt gjennom DigiFin.

Bokn kommune tar del i eit stort prosjekt saman med Etne, Haugesund, Karmøy, Sveio, Tysvær og Vindafjord kommune om innføring av nytt sakshandsamingssystem med arkiv. Prosjektet inkluderer

oppgradering av eksisterande programvare, nye serverar, nye modular og eit omfattande opplæringsløp for tilsette i kommunen. Prosjektet hadde ei kostnadsramme på om lag kr 950 000,- for 2021. Det har kome tilleggskostnader i form av endringar som har blitt vedtekne av prosjektet. Dette har m.a. ført til oppgraderingar av installasjon i Karmøy, nye modular i Bokn og i Karmøy, t.d. Websak+ og Interact, skjemaløysing for digitalisering av kommunikasjon med innbyggjar og næringsliv. I tillegg har kommunen teke i bruk automatiske tenester for oppslag i Folkeregisteret og Kontakt- og reservasjonsregisteret.

Det har vore løpande kostnader til felles prosjektleiing utført av Etne kommune. Det er ikkje knytta kostnader til lokal prosjektleiing i form av løn.

Mål: brev frå kommunen skal sendast elektronisk

Bokn kommune brukar løysinga SvarUt for elektronisk utsending av brev frå kommunen. Det finnes ikkje statistikk på kor stor andel av kommunens utgåande brev som sendast via SvarUt, e-post og per vanlig post.

Mål: auka andel elektronisk fakturering

Andelen av elektroniske utgåande faktura har auka i 2020. Brukarar som ikkje har vald digital løysing vil framleis få tilsendt papirfaktura.

Mål: mindre manuell (dobbel) registrering

Frå 2020 er det tatt i bruk digitale sjukemeldingar.

Økonomi – Resultatvurdering

Rammeområde 1 - Sentraladministrasjon

Fordelt slik	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Avvik i kr	Avvik i %
Lønsutgifter	9 031 389	9 368 334	-336 945	-3,6 %
Andre driftsutgifter	17 092 228	18 334 493	-1 242 265	-6,8 %
Inntekter	-3 781 896	-2 301 716	-1 480 180	64,3 %
Netto utgift	22 341 720	25 401 111	-3 059 391	-12,0 %

Inntektene er ca 1,5 millionar høgare enn budsjettet. Årsaka er refusjon av meirverdiavgift på 1,1 millionar høgare enn budsjettet, men same beløp er ført i rekneskapen under utgifter slik at netto effekt er 0. Det er og mottatt koronamidler næringsfond frå fylkeskommunen inntektsført med 514 000 kroner.

Driftsutgiftene ligg 1,2 millionar lågare enn budsjettet, dette skuldast i stor grad fordeling av kostnader til øvrige rammeområder. 200 000 kroner skuldast mindreforbruk til kurs.

Netto lønnskostnader ligg 330 000 kroner under budsjett.

Administrasjon

Rådmann, IT, personale, servicetorg og økonomi er alle definert som administrasjon.

Både rådmann, økonomiavdelinga og servicetorg bruker mykje av arbeidstida til å utføre oppgåver som er ein del av tenesteproduksjonen i andre seksjonar. I tillegg utfører administrasjonen tenester som betener heile den kommunale organisasjonen – dvs. rekneskap, lønn, personalpolitikk, HMS, sentralbord, post/arkiv, politisk sekretariat, datadrift og overordna administrasjon og leing.

IKT

Målsetjing:

Målsetjinga for IT-avdelinga i Bokn kommune er å kunne tilby innbyggjarar og brukarar eit IKT- system som sikrar stabil drift, høg tilgjengelegheit og god informasjonstryggleik. Dette gjeld både for informasjonsskjermer, nettstad, digitale skjema og serverpark for brukarar.

DIGITALISERING OG DIALOG MED INNBYGGJARAR OG NÆRINGSLIV

Acos CMS fungerer godt som heimesideløysing for kommunen. Den er ei standardisert løysing med integrasjon mot arkivsystemet i kommunen. Nettstaden inneheld elektroniske skjema for innbyggjarane. Løysinga har vore svært stabil etter at ho blei tatt i bruk, sida blir regelmessig oppdatert. Kommunen brukar i tillegg Facebook til informasjon og dialog. Kommunen blir regelmessig kontakta gjennom denne via meldingar frå publikum.

Gjennom prosjektet med nytt sakshandsamingssystem har kommunen fått fleire ny verktøy for digitalisering av tenester og digital samhandling med innbyggjarane. I tillegg har kommunen fått ny politikarportal som er blitt teken godt i mot. Her har ein digitalisert all samhandling mellom administrativ og politisk miljø.

Kommunen har 5 digitale informasjonsskjermer. Informasjonsskjermane blir regelmessig oppdaterte med informasjon frå kommunen og frivillige aktørar i Bokn kommune.

Bokn kommune brukar SvarUT/INN frå KS. Denne tenesta er integrert med arkivsystemet i kommunen. Dette betyr at kommunen kan sende post til næringslivet og innbyggjarane gjennom Altinn eller SPD (Sikker digital postkasse, t.d. Digipost). Bruk av denne tenesta, som er ein nasjonal felleskomponent, gjer arbeidet for sakshandsamar enklare og meir effektivt, i tillegg er det kostnadsreducerande for kommunen.

Karmøy kommune har gjennom ein samarbeidsavtale med Bokn kommune ansvaret for ei rekke tenester innanfor teknisk og oppvekst. Lagring og bruk av data knytt til innbyggjarar i Bokn kommune er regulert gjennom verstkommunesamarbeidet. Karmøy kommune er ansvarleg for lovmessig handsaming, oppbevaring og arkivering.

DATASIKKERHET OG DRIFSAVTALAR

Bokn kommune har i 2020 hatt ei stabil IT- drift utan uønska hendingar.

Kommunen har ikkje hatt kjende brot eller avvik knytt til informasjonstryggleik i 2020.

Kommunen tar fysisk back-up av alle data, og back-up serveren er plassert i anna bygg enn hovudserver, både lokalt og regionalt i Norge. Begge serverane er stasjonert i eigne låste rom og rom

for hovudserver er også sikra med kjøling / ventilasjon. Nettverket er bygd slik at vi har sikre soner for sensitiv informasjon i samsvar med Datatilsynet sine krav. Kommunen har hatt gjennomgang med nettverkskonsulent for å kvalitetssikre nettverket mot inntrengingar.

Kommunen har satt i verk tiltak for å hindre kryptering av backup dersom kommunen skulle bli utsette for eit datainnbrot.

Bokn kommune har, som alle andre kommunar, utfordringar med alle einingane som blir brukte privat og i jobbsamheng. Dette gjeld til dømes private smarttelefonar og nettbrett. Kommunen har reglar for dette og arbeider kontinuerleg med system som kan ivareta tryggleiken best mogeleg samtidig som brukarane skal oppleve IT- systema som framtidsretta og tilgjengelege.

Kommunen arbeider systematisk med å innhente databehandlaravtalar med alle partnerar, jf. krav frå Datatilsynet, samt å risikovurdere ulike IT-avtalar. Dette arbeidet aukar i omfang. Kommunen har arbeida med GDPR, EU si nye forordning om personvern blei norsk lov i juni 2018. Dette inneber kartlegging av og informasjon om personopplysningar som kommunane behandlar for å kunne tilby gode tenester til innbyggjarane. Behandlingane er no for det meste kartlagde og ein har starta arbeidet med å risikovurdere desse.

Kommunen har godkjende lisensar for programvare og anti- virusprogram på alle PCar og serverar. Microsoft sine lisensreglar for Office er kompliserte og det har tidlegare vore vanskeleg å halde kontroll over at alt var lovleg. Nå er dette under kontroll, og kommunen betalar berre for det talet brukarar me til ei kvar tid har i systemet. Dette sikrar enkel opp- og nedskalering av lisensar ved behov.

I samband med innkjøp av nye system har kommunen no kjøpt vedlikehaldsavtalar på lisensar. Dette skal sikre regelmessige oppdateringar av serverar, programvare m.m. for å skape ein jamnare kostnadsfordeling og oppdaterte system. Dette er ei utfordring for små kommunar i og med at ein har få brukarar å fordele kostnadane på. Derfor prøver kommunen, så langt råd er, å inngå avtalar der ein betalar pr. brukar.

SERVERPARK OG PCAR

Vi har nå om lag 190 PCar og serverparken består av 5 fysiske serverar og 50 virtuelle. I tillegg kjøper kommunen datalagring hos ulike leverandørar.

Behovet for utskifting av PCar skjer jamnleg. Kommunen har no fjerna alle maskinar med forelda operativsystem frå datamiljøet. Når det gjeld bærbar pc til lærarar og elevar pc har vi desse på leasing, alt anna datamaskinkjøp er ordinært. Eit unntak var ei ekstraløyving frå politikarane i 2020, det har blitt kjøpt inn 23 nye bærbar PC-ar til skulen. Gjennomsnittlig levetid pr PC er 3-7 år, avhengig at type (bærbar/stasjonær) og bruk. I dag brukar me til dømes resirkulerte elevmaskinar som klientar i helsenettet.

Det har vore utfordrande å skaffe nok klientar til alle som treng heimekontor i samband med Covid-19- situasjonen. IT- avdelinga har gjort tiltak for å gjenbruke materiell og samstundes sikre at tilsette som t.d. er i permisjon eller har langvarig sjukefråver leverer inn utstyr slik at tilsettesom har trong for utstyr kan bruke dette i staden.

Skulen har no over 130 nettbrett i drift. Dette har enkelte gonger belasta nettverket kraftig, men det ser ut til at skalering og innstilling har løyst problema etter kvart som dei har dukka opp.

Alle politikarane i Bokn har eit nettbrett kvar. Det vil bli arbeidd mot at politikarane blir tettare knytte inn mot det kommunale IT- systemet slik at ein kan bruke felles arbeidsplattformer for utveksling av e-post og saksdokument.

NETTVERK OG TRÅDLAUST NETT

Kommunen har no eit stabilt 10 gb nettverk i drift.

Boknatun, skule, biblioteket og Bokn arena er nå dekkja av trådlause nett. Tilsette i kommunen har tilgang til utskrift og server så lenge dei er innanfor rekkevidde av Bokn sine nett. Dette styrkar fleksibiliteten og har m.a. gjort det enklare å bruke Bokn arena til kurs med vidare. Det er nå aksess - punkt som dekker heile skulebygget og store deler av Boknatun.

Nettet er blitt oppdatert kraftig med redusans og utvida tryggleik i samband med at ein har innført nettbrett i skulen og velferdsteknologi i nytt omsorgsbygg.

VELFERDSTEKNOLOGI

Bokn kommune har framleis driftsavtale på tryggleiksalarmar med Haugaland Kraft. Tilbakemeldingane har så langt vore gode. Systemet er skalerbart og vil bli nytta hos heimebuande, personar i omsorgsbustadar og personar på institusjonsrom. Det er no installert alarmer i alle nye bustadar og eksisterande bygg. IT- avdelinga driftar alarmtelefonar og lokal alarmsentral.

KJØP AV TENESTER

Økonomiprogramma har sidan årsskiftet 05/06 vore drifta av eit privat selskap i Sykkylven, og alle kommunane (4stk) som er med i dette samarbeidet har vore svært nøgde med oppetid og service.

Dei kommunale programma (matrikkel, Gisline, Komtek) blir drifta av Karmøy.

Elles har kommunen tilgang til ein del program via internett kor vi har kjøpt bruksrett.

KOMPETANSE OG SAMARBEID

IT- avdelinga har eit nært samarbeid med konsulentar og fagpersonell i andre kommunar gjennom m.a. nettverksmøter på IT-sjef nivå.

IT- avdelinga deltek på regional og nasjonale samlinga og konferansar for fagleg oppdatering og utvikling.

Det er starta opp eit arbeid i regi av Haugaland Vekst om ny felles anbudsutlysing innan velferdsteknologi. Bokn kommune har forplikta seg til dette samarbeidet. 8 Haugalandskommunar er med, i tillegg til Sauda og Suldal.

IT-AVDELINGA SI ROLLE I KOMMUNALE PROSJEKT

Nye prosjekt som kommunen startar opp krev i ulikt omfang involvering frå IT-avdelinga i kommunen. Avdelinga deltar tidleg i alle nye prosjekt som rådgjevar og innkjøpar. IKT- avdeling er no involvert sakshandsamingssystem med arkiv, digitalisering av skjema og reservasjon av kommunale rom, utrulling av nye tryggleiksalarmar og nytt skulebygg for å nemne noko.

Servicetorg

Servicetorget er publikum, innbyggjarar og samarbeidspartnere si kontaktflate inn mot dei fleste av kommunen sine tenester. Dei tilsette i servicetorget/arkiv har sine daglege arbeidsplassar i servicetorget, men 40 % av stillingsressursene i servicetorget er lagt til arkiv og merkantilt arbeid i skule. Servicetorget er kommunen sitt dokumentsenter og har arkivansvaret for Bokn kommune sine arkiver i tråd med arkivlov med forskrifter.

Målsetjinga er at kommunen sine brukarar skal få ei positiv oppleving av kommunen sine kontaktpunkt, dvs. servicetorget og skulekontor. Dette inneber at informasjon som blir gitt av Servicetorget sine tilsette om kommunen sine tenester og/eller hjelp til kontakt med rett saksbehandlar blir oppfatta som korrekt og av god kvalitet i tillegg til at servicemøte blir oppfatta som positivt.

Dei ordinære oppgåvene for servicetorget er:

- kontaktpunkt telefoni og digitalt,
- Fysisk publikumsmottak
- Kommunens offisielle postmottak/dokumentsenter
- arkivansvar
- Politisk sekretariat inkl. valsekretariat
- Bustøtte og startlånskontor
- Parkeringstillatelsar for funksjonshemma
- Brukarstøtte for kommunen sitt sak/arkivsystem
- Krisesekretariat ved beredskapssituasjonar
- Utlegg av nyheiter på kommunen si nettside
- interne fellesfunksjonar som innkjøp av kontorrekvisita, reisebestilling, booking av møterom og liknande.
- Støttefunksjonar ved vielsar

ARKIV

I henhold til arkivlova har rådmannen arkivansvar for kommunen sine arkiv. Leiar i servicetorget har fått delegert dagleg arkivansvar og skal forvalta kommunen sine arkiv i tråd med arkivlova og forskrifter. Våren 2020 hadde Arkivverket tilsyn med arkiva i Bokn kommune og endeleg rapport blei tilsendt kommunen 04.06.2020. Rapporten viste 9 avvik som kommunen er pålagt å lukka og arbeidet med å lukka desse avvika har gått føre seg frå sommaren 2020 og fortsetter i 2021. Ein har måtta fått utsetting av fristar med lukking av avvik som krevjer at dei tilsette møtes fysisk i rydde- og pakkeoppgåver, grunna smittevernomsyn. Ein har planlagt at avvika er lukka innan 31.12.2021.

Videre har Bokn kommune lånt ut arkivleiar med 30 % ressurs til Karmøy kommune frå 15.08.2020 til 15.12.2020. Dette grunna naturleg avgang i Karmøy sentralarkiv og at Bokn kommune leigde ut ressurser i den perioden Karmøy var inne i, med manglande ressurs i sentralarkivet samt innføring av nytt saksbehandlersystem i heile kommunen. Ressursa blei nytta til arkivfaglege spørsmål, opplæring i nytt system og prosjektmøter i Karmøy.

VAL

Servicetorget handterer også valavvikling i kommunen, sist i 2019 da Kommunestyret- og fylkestingsvalet blei avvikla. Seinhausten 2020 byrja planlegginga av Stortings- og sametingsvalet 2021, men sjølve arbeidet med valavviklinga skjer fyrst i 2021. Det vil bli ei ekstra utfordring med valet i 2021 å ta omsyn til smittevern i perioden for førehandsrøysting sommaren 2021 og kanskje også

sjølve valdagen 13. September 2021, alt etter korleis smitteutviklinga og vaksinasjonsstatus i kommunen er.

SAMARBEID MED IKS OG ANDRE KOMMUNAR

Kommunane på Haugalandet: Haugesund, Tysvær, Karmøy, Bokn og Vindafjord har starta eit samarbeid om kommunane sine arkiver der ein har laga eit forum for å løysa arkivfaglege spørsmål saman. I slutten på 2019 blei samarbeidet utvida til å gjelde også Sveio og Etne grunna prosjektet om felles sak/arkivsystem for alle kommunane på Haugalandet – «Acos-prosjektet». Samarbeidet om arkivfaglege problemstillinga fortsett i framtida med alle 7 kommunane.

I Acos prosjektet deltek leiar i servicetorget i “Prosjektgruppa for arkiv” og førstesekretær i “Prosjektgruppa for politiske sekretariat”. Arbeidet med oppgradering og innføring av nytt saksbehandlarsystem har krevd møkje ressursar, men også gitt møkje igjen i form av kompetanseheving og felles rutinar for fleire arbeidsområde i sak- og arkivsystemet. Dette for å ha mest mogleg lik og forutsigbar sakshandsaming på Haugalandet. Oppgradering av systema blei føretatt sommaren 2020 med opplæring og tilpassing utover hausten 2020. Det blei samtidig innført eit nytt system for politikarane for utsending av politiske dokument – Acos politikarportal. Inntrykket er at denne portalen er eit meir hensiktsmessig og brukarvennleg system for målgruppa enn den løysinga vi hadde tidlegare. Den nye løysinga er også ei sikrare løysing for Bokn kommune og politisk valde. Det som gjenstår av arbeid når det gjeld oppgradering av system for saksbehandling, arkiv og politiske møter er innføring av sone for sikrare lagring av saker og dokument som inneheld personopplysningar av særskilt kategori. Dette blei planlagt før nyttårskiftet og blei bestemt iverksatt på nyåret 2021. I tillegg planlegg vi og å kunne anskaffe eit elektronisk system for votering i møter, som vil bli vurdert anskaffa til hausten 2021.

Bokn kommune, er som tidlegare år, medeigar i Interkommunalt arkiv for Rogaland IKS og nyttar seg av deira arkivfaglege kompetanse ved behov. Denne kompetansen og støtta i arkivfaglege problemstillingar er ei god hjelp i arbeidet med å lukke avvika i tilsynsrapporten frå Arkivverket. Kommune har også deponert dei eldste av kommunearkiva sine i IKA Rogaland IKS sitt arkivdepot. Det er satt eit mål framover om å rydde, ordne og rensa i fysiske arkiver i Bokn for å kunne deponere mest mogleg av papirarkiv til vårt depot hos IKA Rogaland. Vi har eit mål om å avlevera ein stor del av fysiske arkiver i løpet av seinhausten 2021/våren 2022. Bokn kommune sine arkiver blei fullelektronisk frå 01.01.2018 med unntak av nokre får delar som gjeld helse. Vi har som mål å få også desse arkiva fullelektroniske i næraste framtid og i dette arbeidet er det viktig å ha Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS som samarbeidspartnar når det gjeld dei arkivfaglege problemstillingane som kan oppstå.

Økonomi og personal

Personal har det faglege, strategiske og operative ansvaret for kommunens arbeidsgivarpolitikk, personaladministrasjon, HMS-system, opplæring, lønnsforhandlingar og lærlingeordninga.

Økonomieininga har det faglege og operative ansvaret for rekneskap og løn for Bokn kommune og Kyrkjeleg Fellesråd i medhold av gjeldande lovverk. Økonomieininga gir den enkelte eining bistand og rådgjeving innanfor fagfelte rekneskap, budsjettering, økonomistyring, fakturering, innkjøp, analyse og løn. Økonomieininga har vidare ansvar for innfordring av kommunale krav, finans- likviditets- og låneforvaltning samt berekningar av kommunens kostnader til pensjon.

Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet

Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet fungerer slik at Haugesund og Karmøy har saksbehandlarar som utfører alt arbeid med vurdering av grenseverdier og utlysing av anbod i Norge eller EØS-området. Vi andre kommunane i samarbeidet kjem med i arbeidet når vi skal vurdere dei innkomne tilboda og foreta eit val av leverandør.

Beredskap

Bokn kommune vedtok revidert beredskapsplan, ROS analyse og handlingsplan hausten 2020.

Bokn har frå hausten 2019 hatt felles beredskapskoordinator med Karmøy kommune og kommunen er representert på regelmessige møter om beredskap og Fylkesmannen sine årlege beredskapssamlingar.

Det har i januar 2020 vore arrangert felles øvelse for kriseleiinga på ytre Haugalandet. Målet med øvelsen var samspel og samarbeid med de andre kommunane på Haugalandet, i tillegg til at det blei øvd på bruk av krisehandteringsverktøyet CIM.

Bokn kommune og Bokn Røde Kors har inngått samarbeidsavtale om beredskap. Tilsvarende avtale er gjort med Bokn sanitetsforening.

Gjennom delegeringsreglement og beredskapsplan har Rådmannen fullmakt til å kunna bruka inntil kr. 100.000,- i forbindelse med uforutsette utgifter i forbindelse med gjennomføring av beredskapstiltak.

Kyrkja og andre religiøse formål

Kommunen har nå det heile økonomiske ansvaret for kyrkja. I rekneskapen for 2020 var overføringane til kyrkja og kyrkjegard totalt kr 1.175 000. Av dette kjøper kyrkja økonomi/lønn - og vaktmestertjenester frå kommunen for ca kr. 110.000. Kommunen set og årleg av kr. 50.000 til kjøp av nytt orgel.

11. RAMMEOMRÅDE 2 – SEKSJON KULTUR, SKULE OG BARNEHAGE

Kommunens ansvar

Kommunen sitt ansvar i forhold til oppvekst og kultursektoren er i hovudsak regulert av fylgjande lovar og forskrifter

Barnehagelova og forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver

Kommunen sitt ansvar innan barnehageområdet er nedfelt i lov om barnehagar med tilhøyrande forskrifter. Barnehagen er eit pedagogisk tilbod til barn i førskulealder. Innanfor barnehageområdet har kommunen ei oppgåve både som eigar og barnehagemyndige. Dette inneberer oppgåver som

- Rettleiing og tilsyn
- Kompetanseutvikling
- Full barnehagedekning

Opplæringslova og forskrift til opplæringslova

Grunnskoleopplæringa skal gjennomførast i tråd med opplæringslova med forskrifter og andre statlege og kommunale føringar. Læreplanverket skal styre innhaldet i opplæringa. Skulen skal tilby elevane eit forsvarleg og likeverdig opplæringstilbod, der kvar enkelt får hjelp til å nytte sine ressursar og sitt utviklingspotensial både fagleg og sosialt.

Skolefritidsordninga (SFO) skal drivast i tråd med opplæringslova og kommunale vedtekter legge til rette for leik, læring, kultur- og fritidsaktivitetar tilpassa den enkelte sine interesser, alder og funksjonsnivå.

Pedagogisk-psykologisk tenestes (PPT) sitt arbeid blir regulert av opplæringslova og barnehagelova. Bokn kommune kjøper denne tenesta av Karmøy kommune.

Opplæringslova § 13-6 omhandlar kravet til kommunen sitt tilbod knytt til musikk- og kulturskole. Loven skal sikre at alle kommunar har eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles.

Introduksjonslova

Kommunen har eit ansvar for vaksenopplæring som er heimla i opplæringslova og introduksjonsloven. Opplæringslova slår fast at vaksne over opplæringspliktig alder som treng grunnskoleopplæring, har rett til dette så lenge dei ikkje har krav på vidaregåande opplæring.

Kulturlova

Loven fastslår det offentlege sitt ansvar for å fremje og leggje til rette for eit breitt spekter av kulturell verksamheit, slik at alle kan få anledning til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit

mangfold av kulturuttrykk. Kommunen skal sørge for økonomiske, organisatoriske, informerende og andre relevante verkemiddel og tiltak.

Folkebibliotekloven

Loven skal sikre at alle kommunar har eit folkebibliotek. Folkebiblioteket skal fremje opplysning, utdanning og anna kulturell verksmed, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre media gratis til disposisjon for alle som bur i landet. Folkebiblioteka skal vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt.

Forskrift om miljørett helsevern i barnehagar og skular

Eit overordna krav er at verksemder og eigedommar skal planleggast, byggast, tilretteleggast, drivast og avviklast på ein helsemessig tilfredsstillande måte, slik at det ikkje medfører fare for helseskade eller helsemessig ulempe.

Korleis tenesta gis

Barnehage

Bokn kommune har ein kommunal barnehage. Barnehagen er ein 3 avdelingsbarnehage og har plass til 54 barn (rekna ut frå arealkrava). Bokn kommune har full barnehagedekning. Grunnbemanninga i barnehagen føl den nasjonale bemanningsnorma og pedagognorma. Barnehagen har eit hovudopptak på våren, med supplerande opptak på hausten.

Ved utgangen av 2020 var det 34 born i barnehagen og 13 fast tilsette som til saman dekkar 9,9 årsverk i grunnbemanning inkludert barnehagestyrar og 1,34 årsverk til styrking.

Barnehageåret 2020 har vore eit år kor ein har møtt utfordringar og krav om rask omstilling knytt til Koronapandemien og drift i tråd med nasjonale føringar for smittevern og "trafikklysmodellen".

Barnehagen har ikkje ein naturprofil i form av å vere ein naturbarnehage, men har som mål at natur, friluftsliv og bærekraftig utvikling skal ligge til grunn i alt dei gjer. Det har i 2020 vore auka fokus på bærekraftig utvikling kor det mellom anna har vore prosjekt knytt til sjølvdyrking, reduksjon av matsvinn og reduksjon av plastikk. Samstundes har det vore auka fokus på å ta barnehagekvardagen ut i naturen med faste tur dagar og ulike turmål.

Skule

Skulen har ikkje hatt eit eintydig stillingsvedtak kor årsverk har vore knyta til kor mange elevar skulen har. I staden har ein ved planlegging av nytt skuleår i august justert talet på stillingar til dei oppgåvene som skal løysast. Skulebudsjettet for 2020 er tilpassa dagens drift og spesialpedagogiske tiltak. Pr.1.1.2021 vil skulen ha 11,04 lærarårsverk. Samla årsverk for skulen er på 17,23 årsverk og inkludere i tillegg til lærarårsverk og årsverk til administrasjon, spesialpedagogiske tiltak, assistentar/miljøarbeidarar, sosiallærar og skulebibliotekar.

Skulen hadde 90 elevar ved oppstart av nytt skuleår 2020/2021. Kjennskap til fødselstal frå 2019 og bakover viser at årskulla dei neste åra i stor grad vil ha mellom 5 og 10 born. Dette gjer at ein må planlegge langsiktig for skulen for å få ei drift tilpassa behovet samstundes som skulen skal halde fram med å gi elevande god opplæring i tråd med læreplanen. Det vart i 2017 vedteke at Bokn skule skulle vere ein fådelt skule, og dette vart sett i verk skuleåret 2018/2019 med ei samanslåing på nokre trinn. Dei påfølgjande skuleåra har det vore gjennomført ytterlegare samanslåingar, og for skuleåret 2020/2021 har skulen 3 samanslåingar av trinn, noko som har resultert i at skulen no har 10 trinn fordelt på 6 klassar.

Vaksenopplæring

Vaksenopplæringa vert gitt gjennom eit vertskommunesamarbeid med Haugesund kommune ut frå gjeldande reglar og lovverk.

Innvandrarar som ønsker å søke om permanent opphald eller norsk statsborgarskap må gjennomføre opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrar er utvida frå 300 til 600 timer. Kommunen har plikt til å tilby inntil 3 000 timar opplæring totalt til dei som har behov for det, og som har rett til gratis opplæring. Nyleg tilkomne flyktningar og deira familieforena mellom 18 og 55 år har rett og plikt til å delta i eit heiltids introduksjonsprogram. Dei får introduksjonsstønad for å delta i programmet.

SFO

Stillingsramma i SFO har vore stabil over tid. Årsverk har samla sett vore 3,28 stilling for skule og SFO. Elevtalet på SFO har vore mellom 20 – 25 i 2020.

Etter som SFO er ein del av skulen vil ein og sjå på behovet her når ein no skal tilpasse drifta meir til det ein ser er behovet i skulen dei kommande åra. SFO har gått ned litt kvart år i forhold til kor mange som nyttar SFO, dette er i hovudsak knyta til at ein har færre born på kvart trinn.

Bokn ligg verken høgt eller lågt når det gjeld betalingssatsar om ein samanliknar med andre kommunar rundt oss. SFO skal drivast til sjølvkost det vil seie at inntektene skal dekke kostnadane. Budsjettet 2020 viser at kostnadane er høgare enn inntektene. I 2021 vil skulen jobbe med organisering av SFO som gjer at me kan få ei betre drift både for brukarar og tilsette. Eit viktig mål vil vere å få drifta til å gå i balanse i høve til kostnadar og inntekter.

Bibliotek

Dei offentlege biblioteka har som oppgåve å vera ein inspirerende og demokratisk formidlar av kunnskap og kultur gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medium gratis til disposisjon til innbyggjarane. Det skal leggast vekt på kvalitet, allsidigheit og aktualitet. Biblioteket i Bokn er eit kominasjonsbibliotek (folkebibliotek og skulebibliotek), og har gjennom året eit breitt arrangement og aktivitetsprogram både som offentleg bibliotek og skulebibliotek. Biblioteket har jamleg utstilt produkt laga av elevane ved skulen.

I 2020 vart opningstidene for biblioteket utvida med to dagar for både folke- og skulebiblioteket (måndag og onsdag 09:30-13:30/16:00-19:00, tysdag og torsdag 09:30-13:30). Biblioteket hadde to tilsette i høvesvis 29% og 60% stilling.

Kvalitet i tenestene

Barnehage

Barnehagelova med forskrifter gir barnehageeigar i oppgåve å drive og følgje opp barnehagen slik at ein sikrar at det er i tråd med både lovverk og rammeplan for barnehage. Me skal sikra at barnehagen i samarbeid og forståing med heimen skal ivareta barn sitt behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Me vurderer kvalitet gjennom ulike indikatorar og arbeider med å setje mål ut frå desse.

Skule

Opplæringslova § 13-10 pålegg skuleeigar å ha eit forsvarleg system for å vurdere om og følgje opp at skuleeigar etterlev opplæringslovverket. Gjennom vårt system skal me sikre at

- elevane sine rettigheter blir ivaretatt
- det blir gjort tiltak dersom det er fare for at elever ikkje får oppfylt sine rettigheter
- det blir drive kvalitetsutviklingsarbeid i skule slik at me oppnår auka læringsutbytte for den enkelte elev.

Me vurderer kvalitet ved hjelp av ulike indikatorar og arbeider med å setje mål ut frå desse. Nasjonale prøver, eksamensresultat, elevundersøkinga og foreldreundersøkinga gir indikasjonar på elevane sitt læringsutbytte, trivsel og brukartilfredsleik. I tillegg har me i 2020 gjennomført ein ståstadsanalyse der tilsette har vurdert kvaliteten i skulen på fleire områder, med ei utvida undersøking på tema læringsmiljø og skulemiljø.

Mål for tenestene

Barnehage

- Bokn Barnehage skal gi barna gode mogelegheiter for oppvekst og utvikling i nært samarbeid med foreldre / føresette.
- Bokn Barnehage skal arbeide for eit trygt og godt barnehagemiljø som fremmer barna si helse og evne til livsmeistring, og involvere foreldre /føresette i dette arbeidet.
- Bokn Barnehage skal ha fokus på berekraftig utvikling, natur og lokalmiljø.
- Bokn Barnehage skal drive barnehagebasert utvikling ut frå eigen praksis , lokale behov og i samarbeid med omliggande kommunar.
- Bokn Barnehage skal være ein arbeidsplass som gir tilsette rom for fagleg og personleg utvikling, med høgt fokus på trivsel og arbeidsnærver.

Regional kompetanseutvikling

Utdanningsdirektoratet kom i 2018 med nye føringer for kvalitetsutvikling i barnehage og skule. Dette inneber at kommunane må samarbeid om kvalitet og kompetanse samt inngå eit forpliktande samarbeid med utdanningsinstitusjonar for å få tildelt nasjonale kompetansemidlar for kvalitetsutvikling. Ordninga trådde i kraft i 2019. Kommunane i nord-Rogaland har gått saman om ein plan for desse ordningane knytt til kompetanseutvikling i samarbeid med Høgskulen på vestlandet. Den desentraliserte (skule) og regionale (barnehage) kompetanseutviklingsordninga vil bidra til meir felles arbeid for kvalitet i barnehage og skule i kommunane, og redusere kvalitetsforskjellar mellom kommunar og barnehagar i regionen.

I 2020 har barnehagen gjennom rekomp (regional kompetanseordning) vore med i eit klyngesamarbeid saman med 4 andre barnehagar på Haugalandet kor klynga har vore leia av ein pilotbarnehage i Haugesund kommune. Målet med samarbeidet er erfaringsdeling, samt kompetanseheving og rettleiing av HVL slik at samarbeidet både får styrka kompetansen til pedagogane i barnehagen slik at dei i større grad kan drive barnehagebasert utviklingsarbeid, samt at ein utviklar ein praksis kor alt utviklingsarbeid skal vere analyse- og kunnskapsbasert med eit kontinuerleg fokus på å auke kvaliteten.

Som eit ledd i kvalitetsarbeidet blei det i desember 2020 gjennomført ei brukarundersøking (Udir si foreldreundersøking). Med ein svarprosent på 35,3 % var det ein merkbar reduksjon samanlikna med svarprosenten frå 2018 som var på 48,57%, og resultatet er med det ikkje like representativt. Resultat frå undersøkinga i 2020 viser at foreldra i stor grad er godt nøgd med barnehagen sitt tilbod og jamt over er dei meir tilfredse enn i 2018. Men undersøkinga viser og som den viste i 2018 at barnehagen skårar dårleg på spørsmål om barnehagen sitt uteområdet og mattilbodet. Dette er områder ein vil sjå nærare på med mål om å betre i perioden fram mot 2022.

Trygt og godt barnehagemiljø

Barnehagen jobba hausten 2020 med å førebu seg på lovendringa i barnehagelova om retten til eit trygt og godt barnehagemiljø som vart gjeldande frå januar 2021. Arbeidet vil fortette i 2021 kor det på lik linje med det som er gjort i skulen vil bli utvikla handlingsrutinar for å sikre at barnehagen fylgjer lovkrava.

Inkluderande leike- og læringsmiljø i barnehagen

Barnehagen har arbeida med å utvikle eit stimulerande leikemiljø som skal danne grunnlaget for barn si sosiale og språklege utvikling. Målet med prosjektet er å utvikle både vaksenrollen og barn si medverknad, med utgangspunkt i barnehagens fysiske leike- og læringsmiljø inne. Dette prosjektet vert vidareført i 2021.

I rammeplanen er eit av fagområda «kommunikasjon, språk og tekst». Bogn barnehage har over tid jobba med språket som basiskompetanse med formålet om å auke barnehagepersonalets kompetanse om barns generelle utvikling og barns spesifikke språkutvikling. Barnehagen har i 2020 vidareført det dei starta på i 2019 knytt til «språkløyper» (utvikla av lesesenteret ved UIS). Kompetanseutviklingspakkane har vorte jobba med i det profesjonelle læringsfellesskap i barnehagen, og består av fagstoff, spørsmål og oppdrag, og kan brukast på sjølvstendig basis. I

barnehagekvardagen har ein i 2020 hatt ei målsetting om at alle born skal bli lest for kvar dag, og at det blir organisert lese- og språkgrupper 2 gonger i veka.

Skule

- Bokn skule skal arbeide for eit trygt og godt læringsmiljø, og å jobbe aktivt for å involvere foreldre og føresette i dette arbeidet.
- Bokn skule skal være ein skule kor opplæring vert tilpassa den enkelte elev sine evner og føresetnader, og kor dei grunnleggande prinsippa for læring ligg til grunn i møte med fag og tverrfaglege tema.
- Bokn skule skal vera ein viktig bidragsytar for å skape sosiale og kulturelle møteplassar for heile befolkninga i Bokn.
- Bokn skule skal drive kunnskapsbasert skuleutvikling ut frå eigen praksis, lokale behov, og i samarbeid med omkringliggande kommunar.
- Bokn skule skal vera ein arbeidsplass som gir tilsette rom for fagleg og personleg utvikling, med høgt fokus på trivsel og arbeidsnærvær.

Desentralisert kompetanseutvikling

Utdanningsdirektoratet kom i 2018 med nye føringar for kvalitetsutvikling i barnehage og skule. Dette inneber at kommunane må samarbeid om kvalitet og kompetanse samt inngå eit forpliktande samarbeid med utdanningsinstitusjonar for å få tildelt nasjonale kompetansemidlar for kvalitetsutvikling. Ordninga trådde i kraft i 2019. Kommunane i nord-Rogaland har gått saman om ein plan for desse ordningane knytt til kompetanseutvikling i samarbeid med Høgskulen på vestlandet. Den desentraliserte (skule) og regionale (barnehage) kompetanseutviklingsordninga vil bidra til meir felles arbeid for kvalitet i barnehage og skule i kommunane, og redusere kvalitetsforskjellar mellom kommunar og barnehagar i regionen.

Gjennom desentralisert kompetanseordning (Dekomp) har Bokn kommune delteke på samlingar med skuleleiing og ressurspersonar på både regionsamlingar og nettverksamlingar med Karmøy kommune. I 2020 har ein vidareført arbeidet med tema knytt til arbeidet med nye læreplanar, mellom anna med tema djupare læring og tverrfagleg samarbeid.

Trygt og godt skulemiljø

Eit hovudmål for skulen er at elevane skal ha eit trygt og godt skule- og læringsmiljø. Skulen skal heile tida arbeide for best mogleg skulemiljø og at skulen blir opplevd som trygg og god for elevane. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort. Alle vaksne som arbeider på skulen skal følge med på at elevane har det bra og gripe inn mot mobbing og anna krenking. Dei skal også varsle rektor viss dei får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt. Bokn skule jobbar målretta og systematisk med skulemiljøet. Målet for skulen er å utvikla kunnskap, haldningar og ferdigheiter når det gjeld korleis ein saman skal skape eit inkluderande, trygt og mobbefritt skulemiljø.

Bokn Skule er ein MOT – Skule. Skulen har gjennom MOT skulert 3 tilsette til å verte MOT – Coachar. Deira oppgåve er å gjennomføre faste opplegg med klassane på ungdomstrinna. Frå 8. klasse til 10. klasse får elevane ta del i 12 ulike MOT økter kor dei arbeider med ulike problemstillingar og utfordringar som ungdomane møter i kvardagen.

Skulen har i 2020 oppretta eit innsatsteam som skal ha det overordna ansvaret for dette arbeidet saman med rektor. Skuleåret 2020/21 har skulen hatt ein avtale med Læringsmiljøsentret i Stavanger med læringsøkter for innsatsteamet for å auka kompetansen på dette området. Skulen har også hatt ei felles samling for heile personalet ved innføring av Spekterundersøkinga hausten 2020. Spekterundersøkinga er ei ikkje anonym trivselundersøking utarbeida av Læringsmiljøsentret som gir lærarane god kjennskap til korleis elevane har det på skule/i klassen, og gir eit godt grunnlag for arbeidet med klasse/skulemiljø og relasjonsbygging mellom elevar og vaksne.

Bokn skule blei i 2020 invitert til å bli med i Utdanningsdirektoratet (Udir) si oppfølgingsordning grunna svake resultat over tid. Dei svake resultatane var særleg knytt til lesing, trivsel, mobbing og motivasjon. Siste halvdel av 2020 har det vore lagt ned eit grundig arbeid i den såkalla "før-fasen" av oppfølgingsordninga. I denne fasen har det mellom anna blitt jobba for å finne utfordringsbilde i tett dialog med dei tilsette etter å ha gjennomført Udir sin "ståstedsanalyse". Deretter har det blitt utarbeida ein rapport med tiltak for dei kommande to skuleåra (2021/2022 og 2022/2023) som blir gjennomføringsfasen i ordninga.

Musikk og kulturskulen

Musikk- og kulturskulen har som mål å bidra til

- eit rikare kultur- og musikkliv i Bokn kommune
- ein trygg, kulturell arena og møtestad, kor ein kan få læra, skapa og utvikla seg både i eiga musisering/eigen kunst - og ikkje minst i samhandling med andre.

Med bakgrunn i dei ressursane som kulturskulen har i budsjettet var dei i 2020 fylgjande tilbod

- kor for vaksne
- pianoundervisning.

Koronapandemien og smittevernrestriksjonar medførte utfordringar med å kunne gjennomføre all planlagt undervisninga i 2020. Alle planlagde arrangement vart og satt på vent. Pianoundervisninga kom raskt opp å gå igjen etter nedstenging med alternativ undervisning via Teams, og deretter etter kvart tilbake til tilnærma «normal» ein-til-ein-undervisning i tråd med smittevernreglane.

Boknakoret/Aksang hadde planlagt arrangement i Bokn og Tysvær våren 2020 og skulle også jula 2020 vera med på Hanne Krogh sin julekonsert i Vår Frelses Kirke i Haugesund. Vidare var det planar og førespurnad om å syngje for dei eldre ved Bokn sjukestove/omsorgsbustadene og å delta under «Syng jula inn» i Bokn kyrkje. Dessverre måtte øvingane og arrangementa gå ut,- som følgje av dei lokale og nasjonale restriksjonane for smittevern.

Pianoelevane har normalt to konsertar i løpet av skuleåret. Fleire elevar pleier også å delta under Ungdommens Kulturmønstring (UKM). Elevane treng arenaer å vise seg fram på, og til trass for at 2020 har vore eit år med smittevernrestriksjonar har elevane fått moglegheita til å opptre på politiske møter og andre lokale arrangement.

Kulturskulen har ein stor og jamn etterspurnad etter fleire tilbod, særleg ulike musikktilbod retta mot unge (instrument, band og samspelsaktiviteter, samt film, studio, lyd og lys) samt barnekor for dei yngre borna. Til trass i denne etterspurnaden har det i 2020 ikkje vore rom for å tilby meir aktivitet i kulturskulen ut frå budsjetttramma.

I 2020 vart det teikna nytt skulebygg med ein kulturhusdel i samband med skulens musikkrom og fellesareal. Målet er at denne delen av bygget på ettermiddagstid, kveld og helg skal kunne vere ein kulturell møtestad for barn og unge i ulike aktivitetar, samt vere ein kulturarena for kulturformidling til vaksne i samarbeid med biblioteket, kulturseksjonen i kommunen og frivillige lag og organisasjonar.

Aktivitet	Elevtal
Pianoundervisning	13
Kor	16

Kultur og kulturformidling i Bokn har som mål

- Å skapa trivsel og «kultur heile livet» for alle gjennom ulike kulturarrangement
- Skapa meningsfulle fritidsaktivitetar for barn og unge
- Ta vare på museumsgjenstandane i Bokn

Kunst og kulturformidling skjer i stor grad gjennom samarbeid mellom kulturseksjonen, biblioteket og dei andre einingane i kommunen. Biblioteket vert i stor grad nytta som arena for formidling, både i forhold til program i Den kulturelle spaserstokken (DKSS) og tysdagskaféen.

Den kulturelle skulesekken (DKS) er ein viktig del av kulturformidling til born og unge i Bokn kommune. Arrangementa er i stor grad retta mot elevane i skulen, men born frå barnehagen deltek der ein ser at arrangementa er passande og for denne målgruppa. I 2020 rakk ein berre å gjennomføra eitt besøk frå DKS før alle arrangementa vart kansellert grunna smittevernrestriksjonar i samband med Koronapandemien.

Bokn kommune har ei ordning der foreldregruppa til 9.klasse er ansvarlege for drifta av Petra fritidsklubb og kinoen. Det blei berre gjennomført 12 klubbkveldar på Petra fritidsklubb i 2020 grunna koronapandemien og ei periode med nedstenging våren 2020. Kinodrifta omfattar utgifter til Bygdekinoen og for vakthald/tilrettelegging (driftsgruppe skuleelevar/foreldre). Driftsresultatet varierer frå år til år, i takt med besøkstalet (speleinntekter). I 2020 var totale utgifter på 23 000 kr.

Bokn bygdemuseum er ei avdeling i Haugalandmuseet AS, som er leigetakar av ungdomshuset på Håland. Som aksjonær gir Bokn kommune eit årleg driftstilskot på 70 000 kr, etter ein folketalsmodell. Som utleigar skal kommunen dekkja driftsutgiftene på bygget, og budsjettposten omfattar også vedlikehaldsutgifter.

Bokn kommune oppretta i 2020 ein ordning med aktivitetskort for barn og unge i låginntektsfamiliar. Ordninga trådde i kraft 1.juli og gir barn og unge frå låginntektsfamiliar (inkludert ein vaksen følgjeperson for born opp til 13 år) får med eit slikt kort gratis inngang på ulike fritids- og aktivitetstilbod i Bokn kommune og andre nabokommunar (Tysvær, Karmøy og Haugesund). Rekrutteringa til tilbodet har vore gjennom eit samarbeid med helsestasjonstenesta og kommunen ser at tilbodet har vore godt nytta i dei periodane det har vore mogleg å nytte seg av det (nokre av tilboda har vore stengde i periodar som følgje av koronapandemien). Tilbodet blir vidareført i 2021.

Bibliotek

- Bokn bibliotek skal vera ein uavhengig møteplass for alle.
- Bokn bibliotek skal vera eit godt skulebibliotek med aktiv formidling.
- Bokn bibliotek skal i sine tilbod leggja vekt på kvalitet, allsidigheit og aktualitet.
- Bokn bibliotek skal vera ein kulturell arena for aktiv formidling av kunst og kultur.
- Bokn bibliotek skal ta del i interkommunalt samarbeid

2020 var eit spesielt år også for biblioteket, som først måtte halda stengt 3 veker frå slutten av januar grunna reparasjonar etter vasskade – og deretter full stenging frå 12. mars pga. pandemien. Det vart i denne perioden jobba ekstra mykje med nettbaserte tilbod for lesarane i form av e-bøker, lydbøker, lesekampanjar (Hele Norge leser, Sommarles mfl..) og lese-/forteljarstunder via diverse digitale plattformar.

Frå slutten av mars fekk ein opna for at brukarane kunne ringja inn/henta bokbestillingar like utanfor biblioteket – eller få bestillingane køyrde heim til døra. I slutten av april vart det også lov å levera inn lånte bøker. For skule og barnehage vart det laga bøkassar til bruk i klasserom og barnehage.

Frå hausten av fekk ein opna for at brukarane igjen kunne komma inn på biblioteket for å låna/levera bøker – i samråd med gjeldande restriksjonar for smittevern.

Det var planlagt mange arrangement både vår- og hausthalvåret (forfattarbesøk, påskeverkstad, sykurs, forteljarstund og blant anna 7 kveldar med juleverkstad kombinert med kulturelle innslag av både lokale og eksterne krefter). Dessverre måtte også desse avlysast pga. den pågåande pandemien.

Tross eit turbulent år med nedstenging og avgrensa høve for fysiske besøk, vart besøkstalet i 2020 likevel på 961, mot 3663 i 2019, - eit gjennomsnitt på 1,1 besøk pr. innbyggjar, mot 4,3 besøk pr. innbyggjar i 2019. Det totale utlånet i Bokn for 2020 var 3198 bøker, som er 3,7 bøker i snitt pr. innbyggjar.

I Rogaland Fylke var snittet i 2017 på 4,6 bøker pr. innbyggjar. Gjennomsnittet for Rogaland i 2017 var 7,1 besøk pr. innbyggjar.

	2017	2018	2019	2020
Tal på utlån	7417	6923	5894	3198
Gj.snitt utlån pr. innb.	8,67	8,2	6,9	3,7
Tal på besøk	5488	5015	3663	961
Gj.snitt besøk pr. innb.	6,4	5,9	4,3	1,1
Tal på utlån av E-bøker	390	394	842	1683

Skulebibliotek

Biblioteket har eit stort utval av biletbøker og letlesne bøker som blir brukte i leseopplæringa.

Biblioteket samarbeider om lesestimuleringsprosjekt. Det er fokus på å rettleie elevar i å finne materiell i tema og prosjektarbeid.

Biblioteket opna i 2020 for 4 dagar i veka som skulebibliotek, skjønt biblioteket måtte halde stengt/ha avgrensa besøk grunna pandemi-restriksjonar.

Skulebibliotekdagar vert normalt sett nytta til lesing som høgtlesing for grupper, stillelesing, spel, leseopplæring, undervisning, presentasjon av nye bøker og lån av bøker. Kvar klasse hadde i 2020 eit stort utval av bøker i klasserommet og desse vart bytta jamleg. Biblioteket har som mål å skape leselyst og utvikle gode leseferdigheiter hjå elevane.

Biblioteket har utstillingar av elevarbeid i faget kunst og handverk.

Økonomi - Resultatvurdering

Rammeområde 2 - Seksjon kultur, skule og barnehage

Fordelt slik	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Avvik i kr	Avvik i %
Lønsutgifter	25 708 449	26 450 585	-742 136	-2,8 %
Andre driftsutgifter	2 972 938	3 402 000	-429 062	-12,6 %
Inntekter	-3 334 245	-2 594 700	-739 545	28,5 %
Netto utgift	25 347 142	27 257 885	-1 910 743	-7,0 %

Fordelt på teneste	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Avvik i kr	Avvik i %
200 - SKULEADMINISTRASJON	13 809 100	15 608 800	-1 799 700	-11,5 %
210 - Barnehage	6 921 593	6 764 680	156 913	2,3 %
220 - SFO	558 221	1 052 620	-494 399	-47,0 %
230 - Bibliotek	1 172 096	684 300	487 796	71,3 %
240 - Kultur	1 445 434	1 377 400	68 034	4,9 %
250 - Musikk og kulturskule	613 279	614 500	-1 221	-0,2 %
270 - IDRETT	20 869	269 400	-248 531	-92,3 %
299 - Oppvekst adm	8 902	-	8 902	-
330 - HELSESTASJON	797 648	886 185	-88 537	-10,0 %
Netto utgift	25 347 142	27 257 885	-1 910 743	-7,0 %

Rammeområde oppvekst hadde eit samla mindreforbruk i 2020 på 1,9 millionar.

Inntektene i 2020 vart 0,73 millionar kroner høgare enn budsjettet. Dette skuldast refusjon frå staten knytt til mellom anna vidareutdanning til lærarane og refusjon frå andre kommunar.

Andre driftsutgifter vart 0,43 millionar lågare enn budsjettet. Det reduserte forbruket er knytt til kjøp av tenester frå andre kommunar.

Lønsutgiftene vart 0.74 millionar lågare enn budsjettet. Årsaka er mellom anna at ein fekk 1,3 millionar meir enn budsjettet i refusjon sjukepengar. Det er brukt 300 000 kroner i overtid mot eit budsjett på 100 000 kroner. Dette er likevel ei forbetring frå 2019 der overtidsbruket var på 420 000 kroner.

12. RAMMEOMRÅDE 3 – SEKSJON HELSE, PLEIE OG OMSORG

Kommunens ansvar

Kommunen sitt ansvar vert i hovudsak regulert av følgjande lovar og forskrifter:

- *Folkehelselova:*

Loven skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremje folkehelse og utjamnar sosiale helseforskjeller.

- *Helse- og omsorgstenestelova:*

Kommunen skal tilby nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester. Ansvaret omfattar alle pasient- og brukargrupper, her under personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller liding, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne.

- *Helsepersonellova:*

Lova regulerer yrkesutøvinga til helsepersonell, her under helsepersonell sine plikter og ansvar.

- *Pasient- og brukarrettighetslova:*

Lova skal sikre befolkninga lik tilgang til tenester av god kvalitet.

- *Forskrift om ein verdig eldreomsorg:*

Forskrifta skal sikre at eldreomsorga vert tilrettelagt på ein slik måte at dette bidrar til verdig, trygg og meningsfull alderdom.

- *Forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta:*

Forskrifta skal bidra til fagleg forsvarlege helse- og omsorgstenester, kvalitetsforbetring og pasient og brukartryggleik, og at andre lovar i helse og omsorgslovgivinga vert etterlevd.

Korleis tenestane gis

Seksjonen har følgjande tenesteområde:

Pleie- og omsorg; som består av sjukestova, heimetenester, bu- og aktivitet, kjøkkendrift og reinhald, og *Avdeling helse;* som består av legekontor, helsestasjon med skulehelseteneste, jordmor, ergo- og fysioterapiteneste og psykisk helseteneste.

Bokn kommune har ikkje eige tildelingskontor, det er saksbehandlar i den enkelte eining som tar imot søknaden som har ansvar for å behandle og fatte vedtak om tenester etter lovverket.

Komplekse saker vert tatt opp og drøfta i *Koordinerande eining*. Saksbehandlar skal sikre god kvalitet på saksbehandlinga og fatte enkeltvedtak på bakgrunn av helsefaglege vurderingar.

Sjukestova

Pasientane på sjukestova skal oppleve individuell og kontinuerleg pleie- og omsorg ut frå det enkelte individ sine ressursar og behov, slik at han/ho har ei oppleving av best mogleg livskvalitet. Sjukestova har plass til 14 institusjonsbebuarar fordelt på 13 rom. Av desse er det to korttidsplassar som er satt av til rehabilitering, resten er fordelt på langtids plassar, der fire av desse er på forsterka avdeling. Tilsette på avdelinga har ansvar for å vaske pasienttøy og eige arbeidstøy. Institusjonen har eige kommunalt kjøkken med tilsette som lagar mat til sjukestova, dagsenteret og heimebuande, dette etter vedtak.

Heimetenesta

Skal gi heimebuande brukarar kontinuerleg pleie- og omsorg, slik at den enkelte brukar kan bu heime så lenge det er forsvarleg.

Bu- og aktivitet

Skal gi tenester til personar som har eit særleg hjelpebehov på grunn av funksjonshemming, utviklingshemming, sjukdom eller andre årsaker. Tenesta har ansvar for tilrettelagte bustadar (bu- og aktivitet). I tillegg har tilsette her hatt ansvar for drift av Dagsenteret to dagar i veka.

Avdeling helse

Tenesta skal leggje til rette for at innbyggjarane i Bokn skal få den helsetenesta dei har behov for og krav på, dette i form av førebyggjande, helsefremmande, rehabiliterande eller kurativt arbeid. Avdeling helse består av helsestasjon og skulehelsetenesta, ergo- og fysioterapitenesten, legetenesta og psykisk helseteneste, under her læring og meistring.

Interkommunalt samarbeid

Bokn kommune har valt å løyse ein del oppgåver ved hjelp av interkommunale samarbeid. Kommunen har ulike avtale med andre kommunar som Karmøy, Haugesund, Tysvær, Sveio, Etne, Vindafjord og Suldal på ulike områder. Følgjande oppgåver vert løyst i samarbeid med andre kommunar:

Friskliv, læring og meistring

Det vart i 2018 inngått ein interkommunal samarbeidsavtale på enkelte lågterskel, frisklivs-, lærings- og meistringstilbod i kommunane Haugesund, Tysvær, Karmøy, Bokn og Suldal. Dette inneber at innbyggjarane frå desse fem kommunane kan delta på ulike kurs uavhengig av heimkommune.

Grunna koronapandemi og restriksjonar som følgje av denne vart pågåande kurs utsett og deretter avlyst i mars 2020. Etter dette har kursverksemda vore svært låg i alle kommunar. Evaluering og eventuell justering av den kommunale avtalen har vore vanskeleg og kommunane ønskjer difor å vidareføre avtalen i 2021.

Diagnose, behandling og rehabilitering

Felles legevakt: Bokn kommune deltek i ei interkommunal legevaksordning som er drifta av Haugesund kommune. Dette er ein avtale som er inngått i påvente av ei etablering av felles interkommunal legevakt, brann- og ambulansestasjon for kommunane i regionen som er planlagt skal stå ferdig i 2024.

KØHD-sengeplass: Kommunen kjøper plassar til kommunale øyeblikkelig hjelp døgn opphald (KØHD - sengeplass) av Haugesund kommune. Kostnaden for avtalen er lik statleg tilskot i ramma uavhengig av bruken av sengeplassar.

Helsestasjon for ungdom og jordmortenesta: Helsestasjons- og skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom er eit lovpålagt helsetilbod til alle born og unge 0 – 20 år, og til gravide som går til svangerskapskontroll i tilknytning til helsestasjon. I Bokn samarbeider vi med Haugesund om *Helsestasjon for ungdom*, medan jordmortenester vert kjøpt av Karmøy. Dette er eit tilbod som alle gravide kan nytte, og er plassert i Kopervik sentrum.

Koronasjukeheim: I mars 2020 vart det inngått ein intensjonsavtale mellom Bokn, Tysvær og Sveio om felles avdeling for koronasmitta (koronaavdeling) plassert på Sveio omsorgssenter. Dette for å sikra ei mest mogleg føremålstenleg behandling av personar i risikosona som blir smitta av Covid-19, og gjer at koronaavdelinga skulle driftast og finansierast gjennom ei rettferdig fordeling mellom dei tre deltakarkommunane. Kommunane Etne og Vindafjord oppretta ei tilsvarande avtale, med base i Etne kommune. I mai 2020 vart dei fem kommunane einige om å samarbeide om felles intensjonsavtale, der formålet er å sikre ei mest mogleg føremålstenleg bruk av bemanning innanfor dei to enkelte samarbeida. Dette ved at fyste avdelinga (enten den i Sveio eller den i Etne) som vert opna, vil kunne ta imot pasientar tilhøyrande den andre avdelinga.

Koronasentral: Frå november 2020 vart det inngått eit samarbeid med Tysvær og Sveio om felles koronasenter, dette plassert i Aksdal. Bokn kommune har bidratt med eitt personale til stades ein gong i veka. Arbeidet består mellom anna i å betene telefonen og testing for korona. Ved smitteutbrot skal ein og hjelpe til i arbeidet med å spore opp smitte.

Kommuneoverlegeberedskap: Avtale mellom Tysvær, Sveio og Bokn om at dei tre kommuneoverlegane har beredskap kvar si veke (kvar tredje veke) nå under koronapandemien. Avtalen vart inngått då kommuneoverlege/smittevernlege er ein sårbar ressurs for kommunen i ein pandemi-handtering, både med tanke på overordna fagleg ansvar, og med omsyn til myndigheit/fullmakt etter smittevernlova. Det er viktig å sikre robuste løysingar som dekkjer akutte funksjonar ved for eksempel uforutsett fråvær, samt sikre løysingar som gjer at man unngår slitasje over tid.

Sal av sjukeheimplassar: Behovet for institusjonsplass vil alltid variere, medan nokre kommunar ikkje er i stand til å ta imot utskrivingsklare pasientar, har Bokn kommune fram til no ikkje hatt problem med overliggarar. I oppstarten av 2020 hadde sjukestova god kapasitet på plassane sine, og fekk etter kvart førespurnad frå Karmøy om dei kunne få kjøpe institusjonsplassar av oss. I mars 2020 vart det difor inngått ein avtale med Karmøy kommune om kjøp av inntil åtte institusjonsplassar. Bokn kommune har difor selt totalt fem plassar på sjukestova i 2020. Til tross for at vi har selt fem institusjonsplassar, har vi ikkje hatt vanskar med å ta imot eigne innbyggjarar på sjukeheimen når det har vore behov.

Bokn kommune signerte i 2016 under på samarbeidsavtale med Karmøy om kjøp av barnevernstenester, PPT-tenester og felles Nav kontor.

Kvalitet i tenestene

Strategiar i helse og omsorg

Helse- og omsorgsplanen for Bokn kommune vart ferdig i 2020, og tar for seg både langsiktige satsingsområdet og meir konkrete tiltak. Strategien i helse- og omsorg er følgjande:

- Å styrkje det førebyggjande folkehelsearbeidet
- Å ha fokus på born og unge, brukarmedverknad, aktivitet og samarbeid med frivillige lag og organisasjonar
- Å styrkje den heimebaserte tenesta slik at flest mogleg får bu heime lengst mogleg
- Å gi befolkninga i Bokn koordinerte, innovative og gode tenester med respekt og verdigheit for den enkelte
-

BEON-prinsippet:

Den viktigaste føresetnaden for god økonomisk styring av kommunale helse- og omsorgstenester sikrast ved at kommunen har ein tenestestruktur som legg til rette for at tenester kan tildelast og utførast på «Beste Effektive Omsorgs Nivå» (BEON-prinsippet).



Figur 3: Omsorgstrappa i Bokn kommune

Prinsippet byggjer på at kommunen bør tilby ei trinnvis opptrapping av pleie- og omsorgstenester for den enkelte, slik at flest mogleg kan bu heime så lenge som mogleg, samtidig som kommunen gir tenester så effektivt som mogleg. Dette kan bety at det vert gitt eit mindre omfattande vedtak enn det brukaren i utgangspunktet sjølv hadde tenkt. Det er ikkje hensiktsmessig å gi fleire tenester enn det som trengs, då dette kan gi ytterlegare funksjonstap på sikt. Tenestene i øvre nivå av omsorgstrappa er meir kostabare enn tenester gitt på eit lavare nivå. Både av omsyn til brukaren og

hensynet til økonomi gjer at Bokn kommune har valgt å benytte BEON-prinsippet som grunnprinsipp ved tildeling av helse- og omsorgstenester.

Satsingsområder og aktivitet i 2020

Kvardagsrehabilitering, fysio- og ergoterapi

I 2020 hadde kommunen ein fysioterapeut i 50% fast stilling pluss 25% stilling dekket av midler frå fylkesmannen, totalt 75% stilling. I tillegg vert det tilsatt ein kommunen ergoterapeut i 10% stilling øyremerka kvardagsrehabilitering. Kvardagsrehabiliteringsteamet består av fysioterapeut, ergoterapeut og ein sjukepleiar med videreutdanning i rehabilitering.

Balansegruppe:

Hausten 2020 starta fysioterapeuten opp ei balansegruppe på dagsenteret. Her er det trening ein gong i veka der det er fokus på styrke og balanse, dette i tillegg til å gi informasjon om heimeøvingar. Når koronarestriksjonane lettast er planen å utvide, og invitere med deltagerar frå bygda som ikkje går på dagsenteret.

Prioriteringsnøkkel:

Tilbod på tenester og etterspurnad heng ikkje alltid saman, og fysioterapeuten har difor måtte utarbeidd ein prioriteringsnøkkel. Dette for å kunne prioritere forsvarleg, og behandlar både born og eldre. Friske vaksne som ellers kjem seg til fysioterapeut på eigen hand går til privatpraktiserande fysioterapeut.

Hjelpemidler

Den kommunale fysioterapeuten tek seg av formidling av hjelpemidler frå kommunens korttidslager og vurdering av behov for meir permanente hjelpemiddel og søknad om dette til NAV hjelpemiddelsentral. Utkøyring av og opplæring i bruk av hjelpemidler høyrer og med til oppgåvene. Nytilsatt ergoterapeut vil og kunne bistå her med behov. Hjelpemiddelsaker varierer fra enkle saker til meir komplekse saker.

Brukarundersøking

Alle som pr september 2020 mottok heimesjukepleie, heimetenester og/eller praktisk bistand og opplæring (heimehjelp) fekk tilbod om å delta i undersøkinga. Heilt konkret er det mottakerar av helse- og omsorgstenester som vert utført i brukaren sin heim, i omsorgsbustadar eller tilrettelagte bustadar som var målgruppa denne gongen. Totalt 27 personar fekk tilbodet om å delta, 21 av desse har svart på undersøkinga, noko som gir oss ein svarprosent på 78%.

Resultatene frå brukarundersøkinga viser at dei fleste brukarane er svært tilfreds med dei tenestene dei mottok. Vi ser likevel at det er rom for å ta ei evaluering av tenestetilbodet, dette etter kommentarar gitt av brukarane i forbindelse med undersøkinga. Pleie- og omsorg skal som eit resultat frå denne brukarundersøkinga sjå på kor vi kan gjere forbedringar. Vi har som eit mål å gå gjennom alle interne rutinar og endre desse, der vi ved hjelp av brukarundersøkinga har fått innmeldt behov.

Velferdsteknologi

Bokn kommune har moderne, digitale tryggleiksalarmar med responscenter lokalisert på sjukestova. Kommunen samarbeider med andre kommunar om velferdsteknologi, og våren 2020 signerte vi under på ein ny avtale med Telenor om levering av tryggleiksalarmer til heimebuande. Rullering av desse skal skje i løpet av 2021. Avtalen gjer at vi i framtida vil bruke responscenter lokalisert i Kristiansand kommune, noko som gjer at vi får frigitt noko ressurser til anna drift på sjukestova.

Nye digitale tryggleiksalarmar, mobile tryggleiksalarmar og sensorar som for eksempel røykvarlerar, vil vere eit av dei viktigaste elementa i kommunen si velferdsteknologisatsing i åra som kjem. Velferdsteknologien skal bidra til å auka livskvalitet for mellom anna eldre og kronisk sjuke, ved at den skal gi ekstra tryggleik og sikkerhet og på den måten bidra til at eldre og sjuke kan bu lengre heime sjølv om dei får funksjonsnedsettingar.

Kreftkoordinator/ressurssjukepleiar

Kommunen fekk denne funksjonen på plass juli 2020, og har sidan då utarbeidd både plan og brosjyre for kreftkoordinator/resurssjukepleiar funksjonen i kommunen. Brosjyra vert gitt ut til pasientar og pårørande, den ligg tilgjengeleg på Bokn legekontor og spesialisthelsetenesta, i tillegg til at den ligg tilgjengeleg på kommunen sine nettsider og på kreftforeninga sine nettsider. Ein er opptatt av å inkludere og sikre at det og finnes eit tilbod til dei med andre alvorlige diagnoser i tillegg til pasientar med kreftdiagnoser.

Helseteam for eldre

Helseteam for eldre vart forankra i 2005, og det vart bestemt at alle skulle få tilbod om heimebesøk det året dei vart 75 år. Hensikten er å kartleggje korleis dei eldre har det, både fysisk og psykisk og sosialt. Førebyggjing med tanke på at dei eldre skal kunne bu lengst mogleg i eigen bustad, og eventuelt kunne motta hjelp i eigen bustad dersom behov.

NAV

Bokn har felles NAV kontor med Karmøy, og er eit samla kontor som inneheld både kommunale og statlege tenester. For Bokn inneber dette at ein må til Kopervik for å få desse tenestene. Noko må likevel kommune handtere lokalt, slik som boligsosialt arbeid, støttekontakt og avlastning, omsorgsløn og koordinatorarbeid. Ein starta hausten 2020 opp arbeidet med å revidere *Boligsosial handlingsplan*, denne skal etter planen vere ferdig våren 2021.

Mål for tenestene

Kompetanse og rekruttering

Tenesta sin arbeidsgjevarpolitikk har som mål at personalplanleggjing skal sikre rett person til rett tid. Det er eit mål å rekruttere romsleg og ha framtidsretta tilsette med rett kompetanse. Bokn kommune skal ha ein kompetanseplan som viser behovet for tilstrekkeleg kompetanse på kort og lang sikt. Planen skal beskrive korleis kompetansen vert rekruttert, og korleis den kompetansen som finnes best skal utnyttas.

Måloppnåing: Målet er delvis oppnådd. Arbeidet med å revidere kompetanseplan vart påbegynt hausten 2020. Vi har kartlagt kva kompetanse som finnes, og starta opp arbeidet med å kartleggje kva kompetanse som trengs, og korleis vi skal arbeide målretta for å få denne. Kompetanseplanen skal vere ferdig i løpet av 2021.

Nærværarbeid

Nærværarbeid og satsing på arbeidsmiljø er viktig for å førebyggje sjukefråvær. Bokn kommune har inngått avtale om inkluderande arbeid (IA avtale), og har ein samarbeidsavtale med AktiMed. Alle tenestemråda har eigne samarbeidsavtalar, der ein for kvart år planlegg for bruk av bedriftshelsetenesta i innværande år.

Måloppnåing: Målet er delvis oppnådd. For 2020 har AktiMed gjennomført målretta helseundersøking av nattevakter og kjøkkenpersonal, individuell arbeidsplassvurdering og påbegynte arbeidet med medarbeiderundersøking (PLUSS-kartlegging). På grunn av pandemien kunne ein ikkje gjennomføre planlagt kurs i forflytningsteknikk.

Heiltidskultur

Det er samheng mellom stillingsstorleik og kvalitet og effektiv tenesteyting, nærvær og eit godt arbeidsmiljø. I Bokn kommune sine retningslinjer, er det eit mål om at ingen stillingar skal vere mindre enn 50%, med unntak av studentstillingar. Det er eit mål at helse- og omsorgspersonell har ein jobb å leve av. Innføring av årsturnus er ein del av arbeidet med å få auka opp stillingsstørrelsar.

Måloppnåing: Målet er i stor grad oppnådd. Fleire tilsette med ufrivillig deltid har i løpet av 2020 fått auka opp stillingsstørrelsen. Samtidig er det slik at den tilsette må pårekne meir helgearbeid for å få auka opp stillinga, og det er ikkje alltid at ein er villig til å påta seg meir helgearbeid for å få høgare stilling. Det er klare tilbakesmedlingar på at stillingsprosent mellom 70% og 90% i stor grad er ynskja stillingsprosent blant dei deltidstilsette, og vi er alltid nødt til å ha ein viss prosentandel med deltidsstillingar, dette for å få nok bemanning på helg. Årsturnus vart tatt i bruk for fyrste gong i 2020.

Kvardagsrehabilitering

Etablere eit tverrfagleg team og lage plan for habilitering og rehabilitering. Gjere dette kjent for brukarane og tilsette. Auke opp kunnskapen hos personalet, slik at ein får satt i gong med kvardagsrehabilitering. Lage plan for habilitering og rehabilitering.

Måloppnåing: Målet er nådd. Tverrfagleg team er etablert, det er lagt ut informasjon på nettsida til kommunen, og ein har gjennomført fagseminar for tilsette i pleie- og omsorg. Tilsett i tenesta har deltatt i *Råd for eldre og funksjonshemma*, og på den måten fått presentert innhaldet i tenesta for medlemmene i rådet.

God helsehjelp

Den som henvender seg til helsetenesten i Bokn skal oppleve å møtas med respekt, og brukar-medverkand skal stå sentralt i utarbeiding av tenestetilbod. Vi skal mellom anna ha demensomsorg med heilhetlege og samanhengande tiltakskjeder. Personar med demens og deira pårørande skal oppleve forutsigbarheit og tryggleik i møte med tenesteapparatet.

Måloppnåing: Målet er i stor grad nådd. Kommunen har gjennomført heimebesøk til dei over 75, ein har fokus på kvardagsmeistring, der er oppretta individuelt tilbod om balansetrening, ein brukar i stor grad miljøarbeid i tilnærminga til brukaren, og ein driv med systematisk kartlegging og oppfølging på fleire områder. Kommunen fekk kreftkoordinator/ressurssjukepleiar frå juli 2020. Tilsett i tenesta *Helseteam for eldre* har hausten 2020 deltatt i *Råd for eldre og funksjonshemma*, og på den måten fått presentert seg for medlemmene av rådet.

Brukarundersøking

Pleie- og omsorg hadde som eitt ledd i vårt fordebringsarbeid eit mål om å gjennomføre ei brukarundersøking i løpet av 2020, og deretter sjå til at denne vert gjennomført minimum anna kvart år. Undersøkinga skal gi eit inntrykk av korleis målgruppa opplev tenestetilbodet i kommunen, der ein del av hensikta er å følgje med i eigen kvalitetsutvikling. Samtidig vil vi på denne måten få eit bilete av kvaliteten på tenestene som vert gitt av kommunen, slik brukaren opplev det.

Måloppnåing: Målet er nådd. Brukarundersøkinga vart gjennomført hausten 2020.

Velferdsteknologi

Bokn kommune har saman med nabokommunar på Haugalandet siden 2015 samarbeidd i «*Velferdsteknologiprojektet for Haugaland Vekst kommunane*», og deltatt i det Nasjonale programmet for velferdsteknologi i regi av Helsedirektoratet, E-helsedirektoratet og KS. Kommunen har sidan 2017 hatt digitale tryggleiksalarmar med moglegheit for å koble seg til andre sensorar, dette etter inngåing

av avtale med Haugaland Kraft. I samarbeid med dei andre kommunane på Haugalandet har ein arbeidd mot nytt anbod på tryggleiksalarmar til heimebuande, der målet var å finne ein felles leverandør av tenesta til rimlegast pris.

Måloppnåing: Målet er nådd. I 2020 signerte Bokn kommune under på avtale med Telenor om levering av tryggleiksalarm til heimebuande.

Psykisk helse- og rustenesta

Tenesta er eit lågterskeltilbod til alle innbyggjerane i kommunen, og der er ikkje krav om diagnose eller henvisning frå lege før ein får hjelp. Tilbodet skal vere synleg og godt kjent i kommunen, og vere med på å bidra til å betre levekåra for personar som har eit rusmiddel- eller psykisk helseproblem. Tilbodet skal bidra til å førebyggje og redusere problemutvikling samt fremje meistring av eige liv.

Måloppnåing: Målet er nådd. Der er laga nye rutinar og prosedyrar, og ein begynte arbeidet med å lage *Handlingsplan for psykisk helse*. I tillegg har ein oppdatert informasjon om tenesta er lagt denne ut på kommunen sine nettsider. Tilsett i tenesta har deltatt i *Råd for eldre og funksjonshemma*, og på den måten fått presentert innhaldet i tenesta psykisk helse.

Helsestasjonstenesta

Tenesta har eit friskfokus og skal vektleggje ressursar som frmmmer helse og positiv utvikling hos born, unge og familiar. Ein arbeider førebyggjande, og har fokus på tidleg intervensjon. Tenesten følgjer born og deira familier med helseopplysningar, veiledning, standardiserte undersøkingar, vaksiner og anna målretta oppfølging på faste tidspunkt. Oppfølgjina skal omfatte bornet si fysiske og psykososiale utvikling, og bidra til gode oppvekstvilkår. I tillegg skal tenesta fange opp risikofaktorer, problem og skjev-utvikling, samt sette inn naudsynnte førebyggjande tiltak.

Måloppnåing: Målet er i stor grad nådd. Det har vore eit ynskje at helsesjukepleiar skal vere meir i barnehagen, dvs same oppfølging som i førskulen, men på grunn av ressurser har det vore noko utfordrande å få dette til i 2020.

Skulehelsetenesta

Helsesjukepleiar har eit tett samarbeid med skulen om elevar som treng ekstra oppfølging, og deltar i tverrfagleg gruppe og innsatsteam på Bokn skule. Aktuell tematikk kan vere born med angstproblematikk, born som strevar sosialt, mobbing, born som opplev samlivsbrot mellom foreldre, overvekt og spiseforstyrningar. Helsesjukepleiar tilbyr støttesamtalar til born og/ eller foreldre som strevar. Helsesjukepleiar er rettleiar i bruk av «*psykologisk førstehjelp*» og bistår med å implementere dette verktøyet i barnehagen og skulen. Tenesta er eit lavterskeltilbod.

Måloppnåing: Målet er nådd.

Økonomi - Resultatvurdering

Rammeområde 3. Helse, Pleie og Omsorg

Fordelt slik	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Avvik i kr	Avvik i %
Lønsutgifter	30 191 111	30 367 000	-175 889	-0,6 %
Andre driftsutgifter	5 265 225	3 715 500	1 549 725	41,7 %
Inntekter	-7 436 694	-5 186 000	-2 250 694	43,4 %
Netto utgift	28 019 642	28 896 500	-876 858	-3,0 %

Fordelt på ansvar	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Avvik i kr	Avvik i %
300 - ADMINISTRASJON HELSE	1 145 300	1 230 900	-85 600	-7,0 %
310 - PLEIE OG OMSORG	16 751 451	17 811 000	-1 059 549	-5,9 %
320 - LEGEKONTOR	2 689 721	3 177 800	-488 079	-15,4 %
331 - KOMMUNEJORDMOR	-	100 000	-100 000	-100,0 %
340 - PSYKIATRISK SJUKEPLEIE	825 724	3 872 300	-3 046 576	-78,7 %
341 - Psykisk helse	3 928 440	-	3 928 440	-
360 - FYSIOTERAPI	740 542	701 500	39 042	5,6 %
370 - AKTIVITET	1 938 463	2 003 000	-64 537	-3,2 %
Netto utgift	28 019 642	28 896 500	-876 858	-3,0 %

Inntektene på helse og omsorg i 2020 vart 2,2 millionar kroner høgare enn budsjettet. 1,6 millionar skuldast betaling for institusjonsplassar frå Karmøy kommune.

Lønsutgiftene ligg på budsjett. Andre driftsutgifter vart 1,5 millionar høgare enn budsjettet. 1 million skuldast kjøp at tenester frå andre. Det er og brukt 300 000 meir på medisinske forbruksvarer som skuldast pandemien.

Ressursbruk:

Pleie- og omsorg som består av sjukestova, heimetenesta, bu- og aktivitet, kjøkkendrift, reinhald og ressursteam hadde i 2020 totalt 30,74 årsverk.

Avdeling helse som består av legekantor, helsestasjon med skulehelseteneste, jordmor, ergo- og fysioterapiteneste, og psykisk helseteneste hadde i 2020 totalt 6,05 årsverk. Då har ein og tatt med støttekontakt, avlastar/omsorgsløn.

Årsverk i tenestane:

Teneste	2017	2018	2019	2020
Legekantor (2410)	1,7	1,7	1,7	1,7
Helsestasjonen (2320)	0,6	1,0 ^[1]	1,0 ¹	1,0 ¹
Kommunejordmor (2320)	-	0,1	0,1	0,1
Førebyggjande arbeid/helseteam for eldre (2330)	0,4	0,4	0,4	0,1
Psykisk helseteneste (2540)	1,2	1,2	1,2	0,8
Støttekontakt/avlastning/omsorgslønn (2340)	1,3	1,3	1,3	1,5
Fysioterapeut (2410)	0,2	0,2	0,5	0,75
Ergoterapeut (2410)	-	-	-	0,10
Bu- og aktivitet (2340)	3,17	3,17	3,17	2,78
Sjukestova m/kjøkken og reinhald (2530)	23,36	22,37	21,10	18,66
Hjelp i heimen/praktisk bistand (2540)	3,68	3,68	3,68	3,68
Ressursteam (2530 - 341)	-	-	8,15	5,62
Sum årsverk	35,61	35,12	42,35	36,79

^[1] Kommunen søkte tilskotsmidler frå helsedirektoratet i tilskotsordninga «Styrking av helsestasjon- og skulehelsetenesta». Søkanen vart innvilga og tilskuddet er delvis nytta til å auke årsverket til helsesyster. Kommunen søker om tilskotet og i 2020 og fram i ein 3 års periode

Som ein ser av tala er sum årsverk for 2020 lågare enn for 2019, noko som har vore ei bevisst satsing i 2020. Dette har latt seg gjere då vi har tatt ned fleire årsverk, og ved omdisponering av årsverk i einingane. Vi har mellom anna tilsatt ergoterapeut i 10% stilling, vi har auka opp stillinga til fysioterapeut. I tillegg er ein bevisst på at vi ikkje lyser ut vikariater når nokon går ut i uløna permisjon, dersom dette ikkje er heilt påkrevd. På grunn av at eininga i seg sjølv er stor, med stort personal som arbeider i turnus, har dette latt seg gjere i 2020. Det er ikkje gitt at dette lar seg gjere i 2021, dette då vi skal gi fagleg forsvarlege tenestetilbod, og behovet kan variere frå år til år.

Aktivitetsoversyn

Tabellen under viser aktivitetane i dei ulike tenestene frå 2016 – 2020:

Aktivitet/tenester	2016	2017	2018	2019	2020
Bebuar i KØHD ¹	8	X	3		2
Antal døgnoophald i sjukeheim (LTP + KTO)	4 062	3708	3243	3 488	3 627
Antal dagopphald i sjukeheim (dagtilbod/dagplass)	22	0	218	83	0
Beleggsprosent døgnoophald	101,17	92,35	80,77	73,51	82,34
Antall mottakarar av praktisk bistand i heimen	15	16	18	12	13
Middagsutlevering	2 780	2 679	2 580	2 060	2 366
Dagsenteropphald*	369	528	1200	1280	880*
Støttekontakt	0	10	7	9	8
Brukarar av psyk. helse (over 18 år)	32	22	27	26	28
Fastlegetal for kommunelege	640	645	638	650	650
Legekonsultasjonar	2 261	2 747	2 093	2 540	3 133
Inntekter Bokn legekantor	559 151	758 572	695 611	878 693	920 498
Inntekter Hegren legesenter	72 412	89 426	95 632	130 238	-
Avlastning/besøksheim	3				1

[¹] Kommunalt øyeblikkelig hjelp døgnoophold. Lovpålagt teneste kor kommunen har inngått avtale om kjøp av plasser frå Haugesund kommune sin avdeling for KØHD på revmatismesjukehuset i Haugesund.

***Kommentar til Dagsenteropphald:** i 2020 har 11 personer tilbod om dagtilbod x 2 i veka. Dagsenteret måtte pga pandemien stenge ned i mars 2020 og opna ikkje igjen før i august 2020. Ein har hatt individuelle tilbod for sårbare brukarar i denne perioda. Vi har tatt utgangspunkt i normal drift ved berekning, og ender difor opp med talet 880 (11 personar x 2 dg x 40 veker = 880 dagar)

Sjukefråvær:

2020 var eit spesielt år på mange områder, og som ein konsekvens av pandemien vart personalet oppmoda til å halde seg heime dersom ein ikkje var «i form». Terskelen for å ringe inn eigenmelding var mykje lågare enn tidlegare, og dei som hadde born i barnehage og skule opplevde nå at dette vart strengt regulert i forhold til om bornet var frisk eller sjuk. Avdeling helse hadde eit totalt fråvær på 10,5% i 2020, det vil sei 3,2% auke frå 2019 då fråværet var totalt på 7,3%.

Leiinga får gode tilbakemeldingar på arbeidsmiljø, og ein jobbar kontinuerleg for at dette skal opplevast godt for den einskilde.

Pleie- og omsorg

Seksjon helse er eit sterkt kvinnedominert yrke, og alderspennet på tilsette er frå 17 år og heilt opp til 68 år, der flesteparten ligg i alderspenn 25 – 55 år. Dette er noko ein må ha med seg når ein ser på sjukefråværet for 2020. Seksjon pleie- og omsorg hadde i 2020 eit totalt fråvær på 13,3%, noko som er eit stort hopp frå 2019 der fråværet låg på 11%. Noko av fråværet skuldast sjukemeldingar av ulike årsaker, og noko skuldast pandemisituasjonen. Fleire av sjukemeldingane var langvarige, medan andre var kortvarige.

Sjukefråværet har gått opp i Bu- og aktivitet frå 2,1% i 2019 til 3,2% i 2020. I reinhald har sjukefråværet gått opp frå 4,6% i 2019 til 10,9% i 2020, noko som skuldast langvarig sjukemelding i 2020. Bu- og aktivitet og reinhaldsavdelinga er små avdelingar med få tilsette. Når ein her får fråvær, enten det er korttids- eller langtidsfråvær, gir dette store utslag på fråværsstatistikken.

Helse

Avdeling helse (legekontor, helsesjukepleiar, ergo- og fysioterapitenesta, avdeling for psykisk helse) hadde eit sjukefråvær på 4,3% i 2020. Dette er ei lita auke frå 2019, då sjukefråværet var 4,2%.

Førebyggjande helsearbeid

Friskliv, læring og meistring: Dagens helseutfordringar krev auka førebyggjande innsats.

Frisklivstilbod og lærings- og mestringskurs er ei viktig kommunal førebyggjande helseteneste som tilbyr kunnskapsbasert og effektiv hjelp til å endre levevaner og meistre sjukdom og helseplager. Målgruppa er dei som har auka risiko for sjukdom og helseplager, dei som har utvikla sjukdom og treng oppfølging av helsepersonell, og andre innbyggjarar som ønskjer å endre levevanar. Målet er å styrke deltakerane si helse, førebygge sjukdom og helseplager, fremje livskvalitet og meistring av helseplager og sjukdom.

Bokn kommune fylgjer kravet til frisklivsentral ved å ha tilbod om hjelp til auka fysisk aktivitet, sunnare kosthald og snus- og røykeslutt. I 2020 hadde ein fram til mars 2020 fleire lokale aktivitar som Gladtrim, aktivitetskafe, seniordans, «Bra mat kurs» (gjennomført 3 av 5 kurskveldar) og gruppetilbod til personar med Kols, dette i samarbeid med Karmøy kommune.

Det er skissert fleire utfordringar på området, mellom anna det at vi må utvikle tenestetilbodet etter individuelle behov, noko som kan vere vanskeleg å få til når ein er så liten kommune. Det kan og vere ein utfordring å ha tilstrekkeleg kompetanse på alle områder. Kommunen hadde tidlegare ein folkehelsekoordinator som var støttespelar og ressurspeson inn i arbeidet, men denne rolla er nå tatt bort. Det er difor ferre personar som skal gjere fleire oppgåver, noko som vert opplevd som ein utfordring.

Fysioterapitenesta: Kommunen har både fysioterapeut med driftstilskot og kommunalt tilsatt fysioterapeut. Friske vaksne som kjem seg til fysioterapeut på eigen hand går til fysioterapeut med driftstilskot, medan den kommunalt tilsette tar ansvar for dei som ikkje kjem seg hit på eiga hand.

Fysioterapeut med driftstilskot: På grunn av Covid-19 vart det eit spesielt år for alle. Fysioterapitenesta vart stengt ned frå midten av mars og i seks veker. Frå slutten av april og fram til sommarferien vart tilbodet reduser på grunn av smittevernreglane. Fleire av pasientar med underliggjande sjukdomar vart engstelige, og ynskja ikkje å komme til behandling i denne perioda. Glatrimmen vart og stengt ned i mars, men vart tatt opp igjen på hausten der fysioterapeuten var ein av to instruktørar. Det at trimmen starta opp igjen vart godt motteke av deltakerane.

Tenesten og tilbodet fungerte tilnærma normalt att hausten 2020. Det vart utført totalt 1416 behandlingar i 2020, noko som er færre enn vanlegvis. For å kunne tilby god behandling er ein avhengig av utstyr, og det vart difor kjøpt inn nytt elektroterapiutstyr og nye delar til trykkbølgeapparatet.

Kommunalt tilsett fysioterapeut: Har ansvar for opptrening etter mellom anna ortopediske og nevrologiske tilstandar som til dømes hoftebrudd, amputasjonar og hjerneslag. Ein gjer heimebesøk for å vurdere tilrettelegging og behov for hjelpemidler. I tillegg vert det utført observasjon og vurdering av born på helsestasjon/ barnehage/skule med forsinka motorisk utvikling og anna, med påfølgjande rettleiing av og med forslag til tiltak til foreldre og ansatte.

For å sikre rett hjelp til rett tid vart det i 2020 utarbeidd ein prioriteringsnøkkel. Denne er eit godt verktøy å ha når det er mange arbeidsoppgåver der ein er nødt til å foreta forsvarlege prioriteringar.

All fysioterapibehandling, alle heimebesøk og enkeltkonsultasjonar vart i perioden 12. mars – 20. april stengt ned. I samråd med smittevernlege blei tilbodet på sjukestova oppretthaldt slik at

pasientar med nyoppstått slag og hoftebrudd der fekk opptrening under opphaldet på sjukestova. På grunn av restriksjonane vart også tilbodet om gruppe på helsestasjonen i saman med helse-sjukepleiar svært redusert dette året, med kun ei gruppe før nedstenginga i mars. Etter 20. april har det dog vore mogeleg med enkeltvurderingar ved behov. Helsesjukepleiar og fysioterapeut har tett samarbeid ved behov.

Med ei stadig eldre befolkningsgruppe er det skifte i fokus til førebygging. Ein av tre eldre over 65 år fell kvart år. Eit fall utgjør stor risiko for skade, deriblant lårhalsbrot. Eit lårhalsbrot gir mykje større risiko for redusert funksjon over tid, og dermed behov for sjukeheims plass, og kostar om lag 500 000 kr første år og 1 million etter to år. 50% av desse kostnadene fell på på kommunen. Fallførebygging er difor viktig for både den enkelte og for kommunen. Fallførebyggjande trening er det enkelttiltaket som er mest effektivt for å førebygge fall blant heimebuande eldre. Hausten 2020 starta fysioterapeuten opp ei balansegruppe på dagsenteret, med trening der fokus er på styrke og balanse. Deltakerane får i tillegg informasjon om heimeøvelsar. Når koronarestriksjonane lettast opp, er planen å utvide til å invitere deltagerar frå bygda som ikkje går på dagsenteret.

Kommunen er plikta å gje eit rehabiliteringstilbod. Kommunal fysioterapeut er saman med sjukepleiarar og fagarbeidarar på sjukestova ein del av kommunen sitt rehabiliteringstilbod i tillegg til kvardagsrehabilitering. Nyansatt ergoterapeut deltar og her ved ledig tid.

Den største utfordringen er knytt til lokale, og eit eigna lokale for å ta imot enkeltpasientar og kunne har grupper har vore eit savn. Fysioterapeten fekk i 2020 overta det gamle tannlegekontoret og når kjøkkeninnredning vert fjerna vil dette bli eit bedre rom for enkeltkonsultasjonar. Behandlingar, trening og rettleiing har elles føregått på sjukeheimen, heime hos brukar og på skule og barnehage, samt litt i psykisk helse sine lokaler.

Hjelpemidler: det er fysioterapeut som fram til nå har tatt imot søknader, behandla desse og lånt ut hjelpemidler frå kommunalt lager. Der dette ikkje er mogleg har ein hjelpe til med søknader til Nav hjelpemiddelsentral. Det er laga ein oversikt over dette for dei tre siste åra:

Årstal	Aktive brukarar	Brukarar med utleverte hjelpemiddel i perioden	Nye brukarar i perioden	Antall hjelpemiddel utlevert	Samla verdi for utleveringar
2020*	82	23	6	121	264 422 kr
2019	83	24	7	342	358 315 kr
2018	77	22	2	317	251 931 kr

**Obs: NAV angir at dei har problemer med at tala for 2020 ikkje er korrekte. NAV angir at dei ikkje veit kvifor dei har problem med statistikken og det er usikkert om vi får nye tal utlevert. Det er ikkje registrert statistikk lokalt då me årleg får denne frå NAV.*

Kvardagsrehabilitering, fysio- og ergoterapitenesten: Teamet vart etablert i 2020 og består av fysioterapeut, ergoterapeut og sjukepleiar med tverrfagleg vidareutdanning i rehabilitering. Teamet har arbeidd med å byggje opp eit tilbod i kommunen og hausten 2020 fekk den fyrste deltakaren tilbod om kvardagsrehabilitering. Det er kapasitet til to brukarar på likt med seks vekers intensiv trening. Brukaren vert både kartlagt, evaluert og får tilbod om seks vekers individuell trening. Treninga vert utført både i saman med teamet og i saman med heimettenesta.

Både legekantor, fysioterapeut og heimettenesta er med og rekrutterer aktuelle brukarar. Tilbodet er ein viktig del av kommunen sitt rehabiliteringstilbod samt førebygging slik at flest mogeleg eldre skal kunne bu heime og klare seg godt lengst mogeleg.

Ergoterapeut: Det er for kommunane lovpålagt å ha tilgjengeleg ergoterapeut, og vi tilsatte difor ergoterapeut i 10% stilling hausten 2020, der vedkommande skulle knyttas opp mot tilbodet om kvardagsrehabilitering. Ergoterapeuten kan og nyttas ved søknad og tilpasning av hjelpemidler.

Helsestasjonstenesta: Ein har i 2020 sett at helsestasjonsarbeidet er aukande. Nokre familier har behov for meir veiledning frå helsestasjonen i forhold til ulike tema knytt til barselomsorg, utfordringar knytt til bornets fysiske og psykiske utvikling, kommunikasjon og samspel i familien eller andre ting knytt til foreldrerolla.

Det vart i 2020 født fem born i Bokn kommune. Helsestasjonen har fast legedag ein dag i veka, og samarbeidet med lege har fungert bra. Vaksinasjonsdekninga hos dei minste er veldig bra.

Vi har på grunn av pandemisituasjonen dette året kun arrangert eitt babytreff. Då deltok kommune-fysioterapeut med tema «*motorisk utvikling*» for dei yngste. Babytreff er vanlegvis veldig populært med fullt oppmøte, så ein håpar at vi snart kan gjennomføre grupper som normalt igjen.

Samarbeidet med kommunefysioterapeut fungerer fint og det er lav terskel for å ta kontakt. Det har vore ein styrke for helsestasjon å kunne nytte kommunefysioterapeut og samarbeide her når det gjeld både på gruppe og individnivå.

Helsesyster har i 2020 ikke kunne deltatt fysisk på kurs/konferansar, men har deltatt på ein del webinarar. Dette for å halde seg oppdatert på ernæring hos dei yngste, nye retningslinjer angående tran og D- vitamin, samt andre webinarar/samarbeidsforum for helsesjukepleiarar.

I mars/april 2020 fekk helsesjukepleiar permisjon i 6 veker for å hospitere i utlandet. Denne permisjonen måtte avbrytas på grunn av pandemien.

Skulehelsetenesta: Helsesjukepleiar samarbeider tett opp mot skule. Til tross for koronarestriksjonar, karantene og noko heimekontor i mars/april gjekk ikkje dette stort utøve tilbodet til born og unge slik det har gjort i større kommuner. Då hadde vi ein del telefonkonsultasjonar i staden for.

Frå august hadde helsesjukepleiar og sosialrådgivar fast oppsatte grupper for alle born i 1. - 7. klasse. Dette er ein viktig og nyttig arena der ein møter elevane i smågrupper og på den måten kan observere og følge opp individuelt. Dette er eit viktig tiltak for å bedre det psykososiale miljøet på skulen samt dekkje delar av faget «*livsmestring i skulen*». Elevane er vant til å ha helsesjukepleiar tilgjengeleg og har blir flinkare til å ta kontakt når dei har behov. Ein ser at etterspurnaden etter helsesjukepleiar har auka i 2020, og tilbodet nyttas av både lærarar og foreldre. Helsesjukepleiar har gjennom året hatt fast undervisning til alle klassetrinn, samt gitt tilbod om individuell samtale til alle elevar i 8. klasse.

Helsesjukepleiar er MOT- coach, og underviser på ungdomstrinnet med fast oppsatte MOT-øktar. Helsesjukepleiar og to lærarar har MOT sertifiseringa og arbeider saman om dette. Det er ynskjeleg at MOT- arbeidet vert endå meir brukt på heile skulen som plattform, og at både leiinga og personalet nyttar seg av MOT-filosofien i kvardagen.

Alle elevar på skulen har fått tilbod om vaksiner etter anbefalt program, og vi har god vaksinasjonsdekning i kommunen.

Helsesjukepleiar deltar i tverrfagleg gruppe og innsatsteam på Bokn skule. Høsten 2020 fekk innsatsteamet veiledning av Erling Roland, professor i spesialpedagogikk ved UIS i eit prosjekt om mobbing på skulen. Dette har vore ei nyttig og konkret veiledning som vert vidareført i 2021.

Helsesjukepleiar deltar på eksterne møter og treff med andre helsesjukepleiarar i distriktet, mellom anna helsestasjonsforum og «Tidlig Innsats»- nettverk for helsesjukepleiarar. Nokre av desse møtene vart avlyst i 2020 på grunn av pandemien, medan andre har vore gjennomført på Teams dette året.

Jordmortenesta: Frå og med januar 2018 har Bokn kommune hatt ein formell avtale med Karmøy kommune om kjøp av jordmortenester. Denne er lokalisert til helsestasjonen sine lokaler i Kopervik. Jordmor er eit lovpålagt tilbod i kommunehelsetenesten. Jordmor jobbar i samsvar med dei nasjonale retningslinjene for svangerskapet. Gravide kan velge om dei ynskjer å gå til fastlege, jordmor eller ein kombinasjon av desse.

Målet for svangerskapsomsorgen er å sikre at svangerskapet går så normalt og trygt som mogleg, og det er fokus på både på den fysiske og psykiske helsa til mor gjennom heile svangerskapet. Det vart vektlagt individuell veiledning med forberedelse til amming, fødsel og den første tiden etter fødsel. Jordmor har fokus på normal prosessar i svangerskapet, men henviser vidare ved eventuelle avvik.

Det var tre gravide som i 2020 nytta seg av tilbodet, dette av totalt fem fødselar. Både jordmor i Karmøy og helsesjukepleiar i Bokn opplev at det har vore eit godt samarbeid, og at dei er tilgjengeleg for kvarandre ved behov for dialog eller anna. Jordmor har og eit godt samarbeid med fastlegen i Bokn, dette ved at gravide vert oppfordra til å nytte seg av jordmortenesta. Kommunen informerer om tilbodet på kommunen si nettside, i tillegg til at den som er gravid og har fastlege på Bokn vert informert om dette via lege.

Legetenesten: Dette året har for mange vore eit uvanleg år, og for legetenesten sin del eit år med høg arbeidsbelastning. Pr 1/1-21 var det 650 pasientar og fullt. Lista har vore open i løpet av året. Det har vore følgjande aktivitet i 2020:

- 1240 enkle pasientkontaktar - takstar 1ad, 1bd, 1f, 1i
- 1861 pasientkonsultasjonar – takst 2ad, 2ae og 11ad
- 32 pasientkonsultasjonar for div attestar / førarkortattest /offshoreattest/sjømannslegeattest.



Dette har generert kr: 920 498,-. Per capita tilskot – totalt ca 375 000 for 2020, noko som gir ei brutto inntekt på kr 1 295 548,-.

Året 2020 har vore særmerkt av fleire grunnar. Pandemien som kom til Noreg i mars førte til lav aktivitet på legekantoret dei neste to månadane, med betydeleg bruk av elektronisk konsultasjon ved hjelp av telefon og video. Før sommaren normaliserte dette seg, og pågangen i haust har vore normal. Kommunen har sidan mars vore skånt for smitte, og pasientane har i stor grad nytta legekantoret som normalt. Born og vaksne med øvre luftvegsinfeksjonar har ein knapt observert etter mars, ellers er sjukdoms-panoramaet som før. I tidsrommet august til årsslutt hadde vi vikar på legekantoret då kommuneoverlege var i delvis overlegepermisjon. Vikarlege er spesialist i allmenmedisin og har sikra god inntjening, dog ikkje på nivå med honoraret til denne.

Ein ser at listepasientane generer meir arbeid enn før og at nokre har fleire problemstillingar pr konsultasjon enn tidlegare. Dette er i tråd med nasjonale trendar. Antal henvendingar frå kommunale tenester og NAV aukar.

**Inntekt brutto kr
(refusjon, eigenandel og per capita tilskot)**

Antal pasientkontakter:



Kommentar til tal frå 2020: Stengte fastlegelister med venteliste gir dobbel negativ score for kommunen. Samstundes er det ikkje realistisk å etablere ny heimel på Bokn. Grunnlaget er lite, og rekrutterings situasjonen for fastlegar er dårleg. Etablering av full fastlønnsstilling er truleg ikkje økonomisk berekraftig. Ein kan ikkje pårekne betring av dei tre faktorane som går på fastlegetilgjengelighet og -kapasitet. Utover dette viser lista greie til gode resultat.

Tilsynslegefunksjon: Lege har tilsyn med sjukestova to gonger pr veke og elles ved behov. Lege er tilgjengeleg på telefon alle dagar og dette nyttast stort sett fleire gongar i veka, i periodar dagleg. Sjukestova sel plassar til Karmøy kommune, det generelle inntrykket er at det er ressurskrevande brukarar som kjem. I tillegg har lege hatt to brukarar frå Bokn som har krevt betydeleg oppfølging frå tilsynslege. Ein har i liten grad hatt ØH- sengpasienter. ØH senger er kjøpt hos Haugesund kommune, – og har vore brukt ved nokre høver i 2020.

Samarbeid med helsestasjon: I 2020 var det totalt fem fødselar i kommunen. Lege har ofte deltatt i tverrfaglege drøftingar på grunn av krevjande enkeltsaker. Samarbeid på tvers av etatane i desse sakene er svært viktig og synast å fungere godt.

NAV: Bokn har felles NAV kontor med Karmøy, og er eit samla kontor som inneheld både kommunale og statlege tenester. Nokre tenester må utførast i Karmøy, medan andre tenester vert utført i Bokn. Dette er mellom anna tenester som støttekontakt, avlastning og tildeling av bustadar. I løpet av 2020 fekk åtte personar vedtak om støttekontakt. Det har vist seg vanskeleg å rekruttere støttekontaktar, men ein klarte likevel å rekruttere nokre i løpet av året. Ein har revidert rutine for støttekontakt, laga lister og informasjonsskriv for utdeling til støttekontakt. Det har vore gjennomført fleire møter med støttekontaktane og deltatt på møter med støttekontakt og brukar for å etablere kontakt. I tillegg har ein vore behjelpelig med å fylle ut både time- og køyrelister i saman med støttekontakten. Dersom ein ynskjer å behalde støttekontaktane er eit tiltak å utvide retten til køyregodtgjersle.

Kommunen hadde ein person i avlastningsheim i 2020, tiltaket vart avslutta våren dette året. Vi har mottatt ny søknad hausten 2020, og ein har arbeidd for å få på plass eit nytt tilbod frå nyåret starta.

Aktivering eldre og funksjonshemma: Bokn kommune har ein auka aldrande befolkning. Eldre skal ha moglegheit til å leve aktive og sjølvstendige liv, og når helsa vert dårlegare. Førebygging, tidleg innsats og rehabilitering er viktige tiltak for å nå dette målet. Når den enkelte får behov for pleie- og omsorgstenester, skal dei verte tilbudd tenester av god kvalitet.

Bu- og aktivitet: Avdelinga bu- og aktivitet i kommunen yter bustad og dag-/aktivitetstilbod til både personar med funksjonshemming og utviklingshemming. Eininga har og tilbod om avlastning for familiar som har behov for dette. Tilsette i avdelinga har i tillegg ansvar for å drive Dagsenteret.

Dag- og aktivitetstilbod for eldre: Kommunen har eit dagtilbod for eldre to dagar i veka. Dette er eit lågterskeltilbod til heimebuande eldre og inkluderar personar med kognitiv svikt. På dagsenteret er det ulike aktivitets og kulturtilbod. Det vert servert måltider og arrangert årlege turar ut av kommunen. Dei som har behov for det får tilbod om skyss til dagsenteret. På grunn av pandemien vart tilbodet stengt i perioden mars – august, men gav i denne perioda tilbod til enkelt brukarar med behov.

Dag- og aktivitetstilbod for funksjonshemma og utviklingshemma: Tenester til funksjonshemma omfattar tilbod til personar under 67 år med bevegelsesvanskar, syns- og hørselshemningar, samt somatiske diagnosar som fører til nedsatt fysisk funksjonsevne. Dag- og aktivitetstilbodet skal gi eit tilbod til dei som ikkje kan delta i ordinært arbeidsliv. Det vert lagt til rette for ulike aktivitetar ut frå den enkelte sine forutsetningar, og kommunen kjøpte i 2020 dag- og aktivitetstilbod av både andre kommunar og private aktørar. På den måten skal ein sikre gode helse- og omsorgstenester til mennesker med ulike behov og i ulike livsfasar, i tillegg til å sikre at tenestemottakar har god livskvalitet, sikras god fysisk og psykisk helse, og at ein førebyggjer sjukdom. Bokn kommune har som eit overordna mål å leggje til rette for at den enkelte skal kunne bu i eigen heim.

Heimesjukepleie: Tenesteytinga til heimebuande er i kommunen samorganisert med tenesteytinga på sjukestova. Tilsette arbeidar anten «ute» i heimetenesta eller «inne» på sjukestova. Pleie og omsorg gir tenester til eldre heimebuande pasientar og andre som treng helsehjelp eller praktisk bistand og opplæring for å kunne mestre sin eigen kvardag i eigen bustad.

Praktisk bistand og opplæring (heimehjelp): Tenesta er tatt ut av drifta på sjukestova, og ein har i dag ein fast tilsett i 35 prosent stilling. Ordninga har fungert fint, brukarane gir veldig positiv tilbakemelding på at ein sett pris på at ein nå berre har ein person å forholde seg til. Det vart hausten 2020 gjennomført ei brukarundersøking til alle som mottok tenester frå heimetenesta (både praktisk bistand og opplæring og heimesjukepleie).

Brukarundersøking: Undersøkinga gir eit inntrykk av korleis målgruppa opplev tenestetilbodet i kommunen, der hensikten er at ein skal kunne følgje med på eigen kvalitetstutvikling, og samtidig få eit bilete av kvaliteten på tenestene som gis slik brukaren opplev det. Ved avvikande funn må ein inn og sjå på eigen tenesteyting, og vurdere om der må sette i gong nye tiltak, eventuelt endre dei tiltaka vi har. Resultatet frå undersøkinga skal nyttas i kommunen sine plan- og styringsdokument.

Totalt fekk 27 personar tilbod om å delta, 21 av desse har svart på undersøkinga, noko som gir oss ein svarprosent på 78%. Resultata frå undersøkinga viser at brukarane i stor grad er nøgd med det tenestetilbodet dei mottar, dette gjeld både heimesjukepleie og praktisk bistand og opplæring (heimehjelp). Det kjem fram at det er høg grad av medbestemmelse i forhold til kva hjelp og korleis denne skal utførast (brukarmedverknad). Svara i brukarundersøkinga viser at brukarane opplev at det er kort ventetid på tenestetilbod, og at den enkelte er nøgd med den tildelte tida dei har fått i vedtaket, og at tenestene er med på at dei kjenner seg ivaretatt og trygg i eige heim (tilgjengelighet på tenester/personal). Det vert oppgitt at det i svært stor grad eller at ein i stor grad opplev å ha god informasjon om kva tenestetilbod som finnes i kommunen.

Sjølv om resultata frå brukarundersøkinga viser at dei fleste brukarane er svært tilfreds med dei tenestene dei får, ser vi likevel at det er rom for å ta ei evaluering av tenestetilbodet. Dette ut frå kommentarane som er gitt av brukarane i forbindelse med undersøkinga. Pleie- og omsorg skal som eit resultat frå brukarundersøkinga sjå på kor vi kan gjere forbedringar. Vi skal gå gjennom alle interne rutinar og endre desse, der vi nå har fått innmeldt behov.

Kreftkoordinator/ressurssjukepleiar: Dette er eit nytt lavterskeltilbod som starta opp i juli 2020. Ein treng ikkje tilvisning frå lege eller spesialisthelsetenesta for å få tilbod, og fleire av brukarane har tatt direkte kontakt, medan andre er henvist via fastlege, spesialisthelsetenesta og palliativt team i Haugesund og Stavanger. Det kan sjå ut som at dette er eit etterlengta tilbod i befolkninga, då ein har hatt kontakt med ni personar i kommunen i tillegg til fleire inne på sjukestova. I tillegg til direkte pasientkontakt har ressurssjukepleiar oppfølging og kontakt med pårørande og etterlatte.

Kreftkoordinator/ressurssjukepleiar har fått god støtte og råd frå rådgivar i kreftforeninga som i 2012 var med på prosjektet med å innføre kreftkoordinator i fleire kommunar i Noreg. Ein har fått hospitere med kreftkoordinator i Tysvær i to dagar, og på den måten sett korleis ho arbeider. Samarbeidet her vert oppretthaldt, og ein har planar om å delta i workshop kor ein arbeider med å planleggje «forhåndsamtalar», og på sikt gjere dette i Bokn. Ein deltar i tillegg i nettverk for lindrande behandling, og deltar på årlege møter og fagdagar.

Kontakten mellom ressurssjukepleiar og den enkelte pasient og/eller pårørande kan variere i hyppighet. Alt frå dagleg kontakt i periodar, til ukentleg eller annakvar veke, ein gong per månad eller jevnleg telefonkontakt. I funksjonen ligg det og at ein kan vere tilgjengeleg for kollegaene, både for å gi råd og veiledning, samt opplyse og motivere til å delta på kurs og fagdagar innanfor relevant fagområde. Ein har stort fokus på å arbeide tverrfagleg og har tett samarbeid med spesialisthelsetenesta, lege, prest, fysioterapeut og heimesjukepleien med meir. Målet er at kreftkoordinator/ressurssjukepleiar skal bidra til auka tryggleik, og sjå til at ein lukkas i å gjere god kartlegging, planlegging og tilrettelegging for at den enkelte skal mestre kvardagen på best mogleg måte, til tross for alvorlig sjukdom og/eller kort forventa levetid.

Psykisk helse- og rusteneste: Er eit lågterskeltilbod til alle innbyggjarane i kommunen, og der er ikkje krav om diagnose eller henvisning frå lege. Tenesta skal vere både synleg og godt kjent i kommunen. Tenesta har som målsetting å bidra til å betre levekåra for personar som har eit rusmiddel- eller psykisk helseproblem, førebyggje og redusere problemutvikling og fremje meistring av eige liv. Vidare skal pårørande til mennesker med rusmiddel- eller psykiske helseproblem sikrast nødvendig støtte og avlastning. Tenesta har eit godt samarbeid med fastlegen i kommunen, og periodevis og i enkeltsaker og med fastlegar i andre kommunar eller spesialisthelsetenesta. Helsesjukepleiar og pleie – og omsorgstenesta er viktige interne samarbeidspartar. Tilbodet yt tenester på dagtid i vekedagar.

Brukarar som har hjelpebehov til andre tider får tenestene frå eininga som gir pleie og omsorgstenester til eldre heimebuande.

I 2020 hadde tenesta utfordringar med langtidssjukemelding i personalet første halvdel av året. Frå hausten har situasjonen vore stabil. Helsesjukepleiar har 40 % stilling med fokus på barn og unge si psykiske helse. Psykisk helse og rus for vaksne er tilgjengeleg fire dagar i veka. Tenesta har jamt over brukarar som treng bistand for å bryte isolasjon og ta del i ulike sosiale, kulturelle eller fysiske aktivitetar. I 2020 var det ein person som hadde vedtak om fritidskontakt, og totalt 28 personar som fekk tilbod om psykisk helsetenester dette året.

Hovedtyngda av brukarane er i alderen 26 – 55 år, og det er flest kvinner som oppsøker hjelp. Litt under halvparten av desse bur saman med ektefelle/sambuar, få brukarar av tenesten har born under 18 år. Dei fleste henvendingane er av mindre alvorlig art og har månadleg kontakt eller sporadisk etter behov. Årsaka til kontakten skuldast i dei fleste tilfellene lette til moderate symptom på angst og depresjon. Nesten halvparten av dei som har fått tilbodet i 2020 har vore innom tenesta ei kort periode, ofte på grunn av livskrise. Ingen har hatt individuell plan, koordinator eller ansvarsgruppe. Nokre av brukarane har tenester frå fleire instansar, for eksempel pleie- og omsorgstenesta, fritidskontakt, poliklinisk kontakt i spesialisthelsetenesta, medan fleire av brukarane

har tenester frå NAV. Trenden i 2020 viser at fleire får oppfølging berre ein kort periode i forhold til dei som har jamn oppfølging over tid.

Det er utfordrande å vere ein liten kommune, i og med at kvar tilsett må ha fleire funksjonar. Det kan vere vanskelig å alltid ha rett og tilstrekkeleg kompetanse. Kommunen manglar dag- og aktivitetstilbod til brukarar med rus- og psykiske helseutfordringar. Bokn kommune er deltakar i eit 3-årig prøveprosjekt med helseføretak og omliggjande kommunar rundt brukarar med psyko-seproblematikk. Etter kvart skal prosjektet og gjelde dei med rusproblem. Det er lovpålagt med kommunepsykolog, men sjølv om ein har arbeidd for å knyte til seg denne har dette vist seg vanskeleg. Dette er og trenden i andre kommunar. Ein kommunepsykolog kunne ha bistått personalet i vanskelige saker. Arbeidet med å få tilsatt denne vil fortsette i 2021.

Helseteam for eldre: I 2020 var det totalt sju personar over 75 år busatt i Bokn, og det vart gjort eitt besøk før pandemien i mars satte ein stopp for vidare gjennomføring. I haust vart det bestemt å utsettje vidare heimebesøk til neste år, dette mykje på grunn av situasjonen og jobbmengden som fulgte med Covid-19. Hausten vart Helseteam for eldre invitert til eldrerådet for å informere om kva hensikten med teamet er, og korleis dette vert utført. Ein har ei målsetting om å etter kvart tilby alle innbyggjarar over 85 år besøk frå helseteamet. Dette då fleire blir eldre, og fleire bur lengre heime nå enn tidlegare.

Velferds- og tryggleiksteknologi: For å møte framtidige utfordringar må ein ta i bruk velferds-teknologiske løysingar. Kommunen innført i 2017 digitale tryggleiksalarmar. For at eldre skal kunne mestre og oppleve tryggleik i eigen heim var dette starten på eit viktig arbeid for å arbeide vidare med å tilby ulike tryggleiksteknologi til heimebuande. Kommunen deltek i det interkommunale velferdsteknologi-prosjektet på Haugalandet og får igjennom dette prosjektet moglegheiten til å ta i bruk ulike teknologiske løysingar saman med dei andre deltakarkommunane.

Vi har eit mål om at tenestemottakerane skal kunne bu heime og vere sjølvhjulpne så lenge som mogleg. Teknologi kan gi pårørande fordelar som redusert bekymringsnivå, og mellom anna gi moglegheit til å følgje med og delta i oppfølginga av sine pårørande. Bebuarar i institusjon og bu-fellesskap skal oppleve tryggleik, sjølvråderett og sikkerheit. Kommunen skal bruke sine ressursar på ein smartare måte for å møte framtidige utfordringar, samstundes som kvar enkelt brukar vil få ein tilpassa løysing som aukar tryggleiken. På den måten kan velferdsteknologien vere med på å bidra til at fleire som ynskjer å bu lengre heime kan fortsette å gjere dette på ein trygg måte.

Velferdsteknologi skal vere ein integrert del av tenestetilbodet i åra framover. Satsingsområda her er primært retta mot brukaren sine behov, og ikkje dei teknologiske innretningane, noko som er i tråd med nasjonale anbefalingar og føringar.

Sjukestova: Institusjonen har plass til 14 pasientar fordelt på 13 rom. Vi har i 2020 hatt ei auke på institusjonsplassane frå 73,51% i 2019 til 82,34% i 2020, dette til tross for at vi hadde ein roleg periode i oppstarten av året. I mars vart det inngått ein avtale med Karmøy kommune om sal av institusjonsplassar, og den fyrste pasienten kom allereie dagen etter at kontrakten var signert. Ein har i løpet av året solgt fem institusjonsplassar til Karmøy, noko som har vore med og bidratt til at budsjettet gjekk i balanse dette året. Til tross for at vi sel fem plassar til Karmøy har vi fram til nå ikkje hatt problem med å ta imot egne innbyggjarar. Vi opplev at dei pasientane som får tildelt plass på sjukestova er mykje dårlegare fungerande enn tidlegare, dette gjeld både gjestepasientar og andre. Dette har fleire årsakar, ein av desse er at ein lev lengre og mange får fleire helseutfordringar, ein annan årsak skuldast konsekvenser av samhandlingreforma, der pasientane vert fortare utskrevne frå sjukehuset.

Rekruttering: For å sikre bærekraftig omsorgsteneste med god kvalitet, er det naudsynt med fagleg omstilling. Dette krev endra og høgare kompetanse, nye arbeidsmetodar og nye faglege tilnærmingar. Utfordringsbiletet har dette året hatt mangel på søkjerar til utlyste sjukepleiarstillingar, dette til tross for at ein har forsøkt med aktiv rekruttering. I forhold til utlyste vikariater har det vist seg ved fleire anledningar at vi ikkje får søkjerar i det heile tatt. Samla sett gjer dette at kommunen er sårbar i forhold til sjukepleiardekninga.

Kompetanse: Bokn kommune har i helse ein høg andel tilsette med grunn- og vidareutdanning, og det er ved alle tilsettingar eit mål å rekruttere framtidsretta tilsette med rett kompetanse. Dette året har vore spesielt med tanke på pandemisituasjonen, og ein har ikkje fått gjennomført alle kompetansehevande tiltaka som planlagt. Noko har ein likevel fått gjennomført, der er mellom anna ei gruppe som har tatt Velferdsteknologiens ABC, ein sjukepleiar vart ferdig med vidareutdanning i rehabilitering, ein sjukepleiar starta opp med vidareutdanning i sår, to helsefagarbeiderar har tatt vidareutdanning i lindarande behandling via AOF, to assistentar har gjennomført grunnkurs som helsefagarbeidar gjennom AOF og hovedtillitsvalgt fagforbundet vart ferdig med vidareutdanning i HMS, dette og via AOF. Elles har ein hatt generell kompetanseheving av personalet mellom anna i smittevern, i kvardagsrehabilitering og innanfor områder i Profil.

13. RAMMEOMRÅDE 4 – SOSIAL OG BARNEVERN

Barneverntenesta skal bidra til at barn og unge i kommunen har gode levekår og moglegheit til positiv utvikling under trygge rammer. Når barn har behov for det så skal barneverntenesta gi råd, rettleie eller setje inn andre former for hjelpetiltak. Alle tenester som blir gitt frå barneverntenesta skal skje i samråd med familien. Dei fleste barn får hjelp heimen hos familien sin, mens nokre barn får det betre ved å flytte i fosterheim eller på institusjon for en periode eller meir langsiktig. Barneverntenesta leverer tenester til barn og unge i alderen 0-25 år som av ulike grunner er i særleg behov for hjelp. Barnevernloven har som formål å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling får nødvendig hjelp og omsorg i rett tid, samt at barn og unge skal sikrast trygge oppvekstvilkår.

Videre har kommunen og barneverntenesta eit ansvar for universelle og selektive tiltak for utsette barn og unge. Barnevernet har ansvar for spesifikke individuelle tiltak og skal i samarbeid med andre instansar medverke til planlegging av generelle tiltak for å trygge barn og unges oppvekst. Tverrfagleg og forebyggjande arbeid vektleggast i det kontinuerlege arbeidet. Barnevernloven og barnevernretten bygger på tre hovudprinsipp: det biologiske prinsipp, minste inngreps prinsipp og omsynet til barnets beste. Desse prinsippa ligger til grunn for utøving av myndigheita i tråd med barnevernloven, og er styrande for de avgjerslene som blir fatta etter denne loven.

Det er i første rekke foreldre som har ansvar for sine barn. Barnevernloven gir regler om det offentlege ansvar for barn, som kjem i andre rekke. Sentralt for det offentlege ansvar er tiltak og inngrep som kan gjerast overfor barn og familiar. Loven har regler om kva for tiltak som kan iverksetjast, innhaldet i tiltaka, og kva som skal til for at det kan gjerast inngrep.

Korleis tenestene gis

Bokn kommune kjøper barneverntenester av Karmøy kommune.

Barneverntenesta har fylgjande verdigrunnlag:

Respekt

- Me møter og behandlar born, foreldre, familie, samarbeidspartnarar og tilsette med respekt.

Medbestemming

- Me tek born og unge med på avgjersler og ber dei om tilbakemelding.

Kjærleik

- Me er til stade og genuint interessert i den andre. Me viser godheit og engasjement. Born og unge skal kjenne at me bryr oss om dei, me at me stekk oss litt ekstra, viser varme eller gir ein klem om det er greitt.

Openheit

- Me er ærlege om kva barnevernet gjer og korleis me tenker framover. Me gir informasjon om kvifor me er i barnet sitt liv. Me er opne med barn og unge om kven me som barnevernsarbeider er.

- **Audmjukheit**

Me tør å innrømme og akseptere feil, og me kan si unnskyld. Me viser interesse, toleranse og respekt for andre si unike oppleving. Me sitt ikkje alltid med svaret.

- **Kvalitet**

Me har ein forsvarleg praksis prega av tydelege verdiar, naudsynt grunnkompetanse, tilstrekkeleg opplæring, trygg og god kunnskap om lovverk, retningslinjer, prosedyrar og rutinar som styrer arbeidet vårt.

Kvalitet i tenestene

Barneverntenesta legger til grunn kvalitetsprinsippa definert av Verdens helseorganisasjon, som er bygd på barnevernområdet nasjonalt, som utgangspunkt for definisjon av kvalitet;

1. Tenestene skal være verknadsfulle.
2. Tenestene skal ha gode utnytting av ressursane.
3. Tenestene skal være tilgjengelege og rettferdig fordelt.
4. Tenestene skal involvere brukarane og gi dei innflyting.
5. Tenestene skal være samordna og preget av kontinuitet.
6. Tenestene skal være trygge og sikre.

Mål for tenestene

Barneverntenesta vil vidareføre og styrke arbeidet slik at me på enno betre måte skal kunne gi betre hjelp der barnet bur. Den siste tida har det vore arbeida med ein omstrukturering av organisasjonen. Denne omstruktureringa blei effektivert april 2021 og vil kunne bidra til ein meir robust og mindre sårbar organisasjon. I tillegg vil arbeidet med oppdragstakar og besøksheim styrkes.

Økonomi - Resultatvurdering

Rammeområde 4. Sosial og barnevern

Fordelt slik	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Avvik i kr	Avvik i %
Lønsutgifter	498 244	417 400	74 624	17,9 %
Andre driftsutgifter	1 993 032	1 871 700	121 332	6,5 %
Inntekter	-15 258	-143 800	128 542	89,4 %
Netto utgift	2 476 018	2 145 300	330 718	15,4 %

Fordelt på ansvar	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Avvik i kr	Avvik i %
400 - SOSIAL	1 032 055	725 300	290 035	40,0 %
410 - BARNEVERN	1 443 963	1 420 000	23 963	1,7 %
Netto utgift	2 476 018	2 145 300	313 998	14,6 %

Avviket på sosial rådgivning og veiledning /NAV skuldest eit meirforbruk på sosialstønad på ca 175 000 kroner. Det er i tillegg eit overforbruk på omsorgsløn på 80 000 kroner.

14. RAMMEOMRÅDE 6 – SEKSJON TEKNISK

Kommunens ansvar

Eit overordna krav er at verksemder og eigedommar skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast, drivast og avviklast på ein helsemessig tilfredsstillande måte, slik at dei ikkje medfører fare for helseskade eller helsemessig ulempe. Lov om offentlege anskaffelsar, forskrift om miljøretta helsevern og forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular er blant det sentrale lovverket isåmåte. I tillegg kjem ei rekkje lover og forskrifter innanfor kvart fagfelt. Dei vesentlegaste er:

Folkehelselova, folkehelseforskrifta, plan- og bygningslova med forskrifter, veglova, forurensningslova, vann- og avløpsanleggslova, drikkevannsforskrifta, naturmangfoldlova, kulturminnelova, havne og farvannslova, sentrale brannforskrifter m.fl.

Seksjon teknisk skal bidra til berekraftig utvikling av lokalsamfunnet, samordne offentlege tekniske oppgåver, sikre at byggetiltak blir utført i samsvar med lovgjevinga samt sikre at saksbehandlinga gjev moglegheiter for medverknad. Det skal takast omsyn til universell utforming, born og unge sine oppvekstvilkår samt estetisk utforming av omgjevnadene. Helse i alt og helse i plan står sterkt kanskje spesielt i seksjon teknisk. At samfunnet er tilrettelagt på ein måte som fremjer helse i befolkninga gjev stor gevinst på både kort og lang sikt. Teknsik er ein svært viktig bidragsytar i såmåte.

Jamfør brann- og eksplosjonsvernlova skal kommunen sørge for etablering og drift av eit brannvesen som kan ivareta forebyggende og beredskapsmessige oppgåver etter lova på ein effektiv og sikker måte. Jamfør forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen § 1-3 kan kommunen oppfylle sine plikter ved avtale med annan kommune, verksemd eller liknende. Bokn kommune tek del i det interkommunale samarbeidet Haugaland Brann og redning IKS.

Korleis tenestane gis

Hovudmålet for rammeområde 6 seksjon teknisk er å utføra god saksbehandling innaføre lovpålagte fristar, samt gjennomføra vedtatte prosjekt. I tillegg er det eit overordna mål å levera gode tenester til brukarane samt sikra god forvaltning av kommunale anlegg og kommunal bygningsmasse.

Seksjonen skal og levere på informasjonsutveksling. Det er av stor betydning å informere innbyggjarane om relevante saker som angår dei.

Seksjon teknisk er, per mars 2021, organisert som plansjen under viser:

Organisasjonskart



Fram til 1. august 2020 hadde seksjonen 4,2 årsverk. Frå 1. august gjekk ein frå 4,2 til 5,2 årsverk då leiar for kommunal planlegging, teknisk drift og vedlikehald tiltrådte i 100 % stilling. Sjukefråværet i 2020 var på heile 20 % noko som hadde si årsak i ei langtidsjukemelding.

Aktivitetsnivået innanfor alle fagfelt var derimot minst like høgt som tidlegare år. Ein opplevde difor noko slitasje på alt personell dette året. Det har vore behov for å leiga inn konsulent for å kunne levere tilfredsstillande og innføre definerte tidsfristar, på fleire av oppgåvene i seksjonen. Tidlegare teknisk sjef har også vore innleigd i samband med ferdigstilling av gamle saker, i 2020. Engasjementet hans opphørde på permanent basis 26.august 2020.

Arbeidsmiljø

Arbeidsmiljøet internt i seksjonen er, trass høgt aktivitetsnivå og til dels stor belastning på personell, godt og inkluderande. Frå august 2020 har det blitt gjennomført faste avdelingsmøter kvar veke. I desse måndagsmøtene tek ein opp større og mindre utfordringar. Nokre av dei vert løyste raskt medan andre lyt vente – ofte på grunn av uavklarte økonomiske forhold knytt til saka. Arbeidet med å tilrettelegge for nytt, større og meir hensiktsmessig kontor til alt driftspersonell starta opp i august 2020.

Målet med å tilrettelegge for nytt kontor er todelt:

1. Oppfylle krav til godt arbeidsmiljø (lys, luft m.m)
2. Gjera arbeidskvardagen betre med tanke på effektiv oppfølging av ulike område med behov for konstant overvåking (vassverket, driftssystem Bokn Arena, driftssystem Bokn skule m.m).

Det blei ikkje gjennomført medarbeidersamtalar i seksjonen i 2020.

Resultatområde teknisk omfattar fylgjande tenester:

• **Administrasjon og oppfølging av alle lovpålagde oppgåver som mellom anna**

- ° Plan – og bygningsmyndigheit
- ° Forureiningsmyndigheit
- ° Førebygging av brann/ulukker
- ° Beredskap/aktuelle øvelsar

• **Administrasjon og oppfølging av vertskommuneavtalen med Karmøy kommune**

Vertskommuneavtalen som i 2017 blei vedtatt med Karmøy kommune inneber at Bokn kommune får bistand til, på ein tilfredsstillande fagleg måte, ivaretaking av:

- ° *Byggesaksbehandling, herunder godkjenning av tekniske planar samt røyrleggjarmeldingar*
- ° *Plansaksbehandling*
- ° *Kart og oppmålingsoppgåver*
- ° *Landbruksforvaltning, herunder konsesjonssaker*
- ° *Viltforvaltning*
- ° *Natur, miljø og forureiningssaker*
- ° *Skogbruk*

• **Samfunnsutvikling/tettstadsutvikling**

• **Langsiktig og strategisk planarbeid**

- ° Kommuneplan og revisjon av denne
- ° Koordinere kommunens totale planverk

• **Drift og administrasjon av all kommunal bygningsmasse**

Den totale, kommunale bygningsmassen tel per 2020 ca. 11 300 kvm.

• **Drift og vedlikehald av all kommunal veg herunder veglys, uønskt vegetasjon, brøyting, strøing m.m**

Det totale, kommunale vegnettet tel per 2020 21 kilometer med kjørbar veg. På denne strekninga finn ein totalt 191 lyskjelder.

• **Drift og vedlikehald kommunale havner**

• **Drift og vedlikehald av kyrkjegard, parkar og anlegg**

• **Vatn , Avlaup, Renovasjon (VAR)**

- ° Produksjon og distribusjon av vatn
- ° Drift og vedlikehald av avløpsnett, avløpsrensing, tilsyn med private septiktankar

- **Renovasjon**

Haugaland Interkommunale Miljøverk leverer desse tenestene

- **Informasjonsarbeid både internt og ut mot innbyggjarar**

- **Innovasjonsarbeid**

- **Kvalitetsarbeid**

- ° Revidering og utarbeiding av aktuelle rutinar

- ° Kompetansekartlegging og kompetanseheving

Aktiviteten

- **Administrasjon og oppfølging av lovpålagde oppgåver**

Året 2020 var, som tidlegare år, prega av høg aktivitet innanfor alle fagfelta.

Administrasjon og oppfølging av alle lovpålagde oppgåver pregar den daglege drifta og arbeidet er tidkrevjande. Å førebu saker til politisk handsaming er ressurskrevjande, men heilt nødvendig og er eit arbeid ein til eikvar tid skal prioritere. Det å svara ut ulike tilsyn frå ulike offentlege organ krev også store ressursar. Å sikre at tilfredsstillande dokumentasjon er på plass er difor ei oppgåve som løpande må ha prioritet for slik å effektivt kunne svare ut dei ulike tilsyna.

Seksjon teknisk fastset vegnavn i henhald til matrikkelova og lov om stadnamn og hausten 2020 vart arbeidet med namnesak knytt til E39 gjennom kommunen tatt opp att. Det føreligg no eit forslag om å leggja namneforslaget ut på høyring. Saka skal opp til politisk behandling i mars 2021.

Å søkja om midlar frå aktuelle stønadsordningar er og ei oppgåve som har hatt prioritet hausten 2020. Det blei mellom anna søkt trafikksikkerhetsmidlar. Arbeidet med å førebu søknadar om midlar til klima og miljørelaterte prosjekt vart starta hausten 2020 og i januar og i februar 2021 blei søknadane sendt inn til Miljødirektoratet.

- **Administrasjon og oppfølging av vertskommuneavtalen med Karmøy kommune**

Omfanget av byggesaker auka i 2020. Denne auken ser ein også i andre kommunar. Auken har antagelegvis samanheng med at koronapandemien gjer at fleire tek fatt på byggeplanar dei har hatt, men som dei ikkje har gått i gong med tidlegare. Ein svært høg prosentandel av alle byggesøknadar i Bokn kommune blir innvilga, ca. 97 %. Vertskommunesamarbeidet med Karmøy kommune fungerer godt. Aktuelle statusmøter mellom vertskommunen Karmøy kommune og Bokn kommune, som formelt går under tittelen samarbeidskommunen i denne avtalen, har blitt gjennomført jamnleg i 2020. Karmøy kommune ivaretek kart og oppmålingsoppgåver, men lokalt driftspersonell deltek på oppmålingsforretningar på Bokn der det er aktuelt. I henhald til vertskommuneavtalen blir plansaker behandla av Karmøy kommune. Representant frå seksjon teknisk, Bokn deltar på interne høyringsmøter knytta til plansaker samt på oppstartsmøter ved behov.

Vertskommeavtalen sikrar landbruksforvaltning og bistand til kommunen sine gårdbrukarar. Hausten 2020 var representant frå Karmøy kommune på befarig på Bokn saman med leiar kommunal planlegging, teknisk drift og vedlikehald, noko alle fann svært nyttig.

Hjorteviltforvaltning i Bokn

Årets jakt har gitt en 100 % avskytning på hjorten og ein har klart å holde mål om tildeling og avskytning som er gitt i den interkommunale hjorteviltforvaltninga. Til saman er det skutt 32 dyr, med ei fordeling på 12 kalvar, 13 hodyr og 7 hanndyr. Enkelte stader er det rapportert om beiteproblematikk noko som gjer at ein vil dreie avskytning mot hodyr, for å redusere bestanden og beiteproblematikken.

Rådyr: Tildeling på 49 dyr, men det er kun rapportert inn 12 skutte dyr.

Begge bestandane ser ut til å vere i god kondisjon, og skaper ikkje andre problem enn dei kjende beiteproblema. Dette vil ein, som nevnt, prøve å løyse innanfor dagens tildelingar.

• Samfunnsutvikling/tettstadsutvikling

Samfunnsdelen til kommuneplan stadfestar at samfunnsutvikling skal stå høgt på dagsorden. Seksjon teknisk har vore sterkt involvert i Opplev Bokn, eit forprosjekt med mål om å samla lokale krefter innanfor reiselivs -og andre bransjesatsingar på Bokn. Prosjektet har og mål om å førebu nye samarbeidsprosjekt samt tilrettelegge for nyttig nettverksbygging og kunnskapsdeling.

I forbindelse med fokus på samfunnsutvikling/småtettstadsutvikling har deltagelse på diverse aktuelle webinar og kurs funne stad i 2020. I 2019 fekk kommunen midlar for å utarbeide Plan for samordning offentleg/frivillig sektor og ei kartlegging av frivillig sektor vart utført på forsommaren 2020. Planen skal ferdigstillast i løpet av 2021.

Som eit ledd i samfunnsutviklinga og som eit bidrag inn i sentrumsutviklinga av Føresvik konkret, blei arbeidet med å få på plass eit sanitæranlegg starta i 2020. Rigging av sanitæranlegget er venta slutført på vårparten 2021.

• Langsiktig og strategisk planarbeid

I fylgje planstrategi for Bokn kommune 2019-2023 skal områdeplan for næringsområdet i Knarholmen ferdigstillast i denne planperioden. Arbeidet med planen har diverre vore noko «sett på vent» i 2020. Det har si årsak i kapasitetsutfordringar samt uavklarte forhold knytt til andre prosjekt (Rogfast, 4-felts veg Bokn - Førde). Det har likevel vore noko møteverksemd mellom kommunen, Rogfast-prosjektet og Statens Vegvesen/Rogaland Fylkeskommune for statusoppdateringar. Særleg Rogfast-prosjektet har stor innverknad på framdriftsplanen for områdeplan Knarholmen. Ein håpar no at arbeidet med planen kan takast opp att i løpet av 2021.

Rulleringa av kulturminneplanen blei ferdigstilt og planen vedtatt hausten 2020. Planarbeidet har blitt møtt med entusiasme. Det er tatt grep for å kobla handlingsplanen til økonomiplan. Revidert versjon av trafikksikkerhetsplan for Bokn kommune vart og ferdigstilt og vedtatt seinhaustes 2020. Energi og klimaplan, som blei utarbeidd våren 2020, har vore på høyring, men på bakgrunn av kapasitetsutfordringar er ikkje planen bearbeidd, som fylgje av høyringsuttalane, enno.

Eit betydeleg antal timar har gått med i utarbeidinga av planprogram for revidering av deler av arealdel til kommuneplan. Planprogrammet blei endeleg vedtatt i februar 2021 og arbeidet med revideringa av arealdel har no starta opp. Eit særst godt internt, tverrsektorielt samarbeid har no resultert i at kommunen for fyrste gong inviterer til å koma med innspel til revideringsarbeidet via eit eige digitalt skjema. Målet har vore å tilrettelegge for ein effektiv og forutsigbar prosess knytt til handteringa av innspel, altså ei forbetring for både eksterne aktørar, innbyggjarar og kommunen internt. For å få til ein god revideringsprosess er det viktig å ha eit godt kunnskapsgrunnlag å sjå til. Kommunen har difor søkt om, og fått, midlar for gjennomføring av Barnetråkk - registrering. Seksjon

teknisk er sterkt inne også i dette prosjektet. Initiativ til dette prosjektet blei tatt allereie i 2019, midlane vart bokført i 2020 og målet er å sluttrapportere innan 1.oktober 2021.

Seksjon teknisk utfører, på løpande basis, eit vesentleg veiledningsarbeid knytt til plan- og bygningslova.

• **Drift og administrasjon av all kommunal bygningsmasse**

I 2020 blei alle dei seks omsorgsbustadane rehabiliterte og eit stort stykke arbeid blei lagt ned i denne rehabiliteringa. Ein av dei kommunale ungdomsbustadane på Øyrenfeltet blei ferdigstilt. Akutte, uforutsette behov for iverksetting av tiltak knytt til utfordrande brukar ved sjukestova, har medført ekstrakostnader og ekstraarbeid i seksjon teknisk i 2020. Å planlegge for slike hendelsar er ikkje alltid mogleg. Seksjonen er innforstått med at løysningsorientering og samarbeid på tvers av seksjonane er løysninga for alle paratar.

I september 2020 blei dei kommunale brakkene i Føresvikvegen 14 og 16 solgt. Dei blei solgt noko under takst. Dette gjev likevel kjærkomne inntekter til kommunen parallelt med at vedlikehaldsarbeid blir redusert.

Generelt vedlikehald på all kommunal bygningsmasse finn fortløpande stad når vedlikehaldsbehovet tilseier det. Seksjonen har eit mål om å utarbeide ein oversiktleg vedlikehaldsplan for perioden 2021-2023 og arbeidet med denne startar snarast.

NB. Teknisk brukar årleg mange timar på å hjelpe til i arbeidet som fylgjer av hjelpemiddelsentralplikta. Det å sikra innbyggjarar hjelpemiddel for slik å kunne blant anna bu heime er av stor betydning for både livskvaliteten til den einskilde, men og for samfunnet.

• **Vatn , Avlaup, Renovasjon (VAR)**

Seksjon teknisk har ansvar for produksjon og distribusjon av vatn. I 2020 har store delar av arbeidstida til alle involverte gått med i arbeidet med å leggja vassledning og å vidareutvikla vannverket. Som for 2019 er fortsatt to prosjektansatte involvert i vassledningsprosjektet.

Våren 2020 blei, basert på krav frå Mattilsynet, ei større farekartlegging av vannverket utarbeidd. Heile 6 personar var involvert i dette arbeidet.

I tillegg hadde seksjonen "hendene fulle" som fylgje av krav frå NVE om iverksetting av fleire tiltak (krav om åle-led, implementering av rapportsystem m.m) knytt til oppdemminga av Torlandsvatnet. Kommunen blei, i denne saka, ilagd ei foretaksbot som samla sett har blitt svært kostbar. Årsaka til foretaksbota var at oppdemminga ikkje var søkt om før iverksetting og ferdigstilling.

Implementeringa av nye datasystem og rapportsystem har fordra samarbeid på tvers internt også på dette området.

Utredingar knytt til områda nødvatn og reservervatn har også lagt beslag på ein del timar særleg hausten 2020. Kommunen har fortsatt eit godt stykke arbeid å gjera her; arbeidet står øvst på lista over prioriterte prosjekt. Kommunen er del av Haugaland Vannområde og nyt godt av kunnskapsdelinga der.

Overvatn: Kommunen opplever, som dei fleste andre kommunar i dag, utfordringar med overvatn. Arbeidet med å utreda vegen vidare på dette feltet starta hausten 2020 og også dette arbeidet står høgt på prioriteringslista over prosjekt ein lyt definere endeleg.

Det pågår til eikvar tid drift og større eller mindre vedlikehald av avløpsnett i kommunen.

I Føresvik oppgraderte ein noko vann og- avløpsnett i løpet av 2020 for på sikt å nå målet om å etablere eit ringledningsnett i området. Det er sett ned ein ny vannkum med brannuttak.

• Drift og vedlikehald av all kommunal veg herunder veglys, uønskt vegetasjon, brøyting, strøing

Seksjon teknisk har hatt ordinær drift og vedlikehald av veg, veglys og andre forhold knytt til kommunal veg. Det er ikkje utført større trafikksikringstiltak. Ein ser også til at friluftsområder, badeplassar og parkar blir halde vedlike.

I 2020 blei det kjøpt ny bilhengar.

Det blei utarbeidd nye arbeidsvarslingsplanar, både på generelt grunnlag, men også spesifikt for vegstrekningen som ein periode vil bli definert som skuleveg (Boknatunvegen ved omsorgsboligane).

På bakgrunn av tilsyn utført i 2020 har teknisk oppgradert dei kommunale leikeplassane.

Kvalitet i tenestene

•Kvalitetsarbeid

Innbyggjarar og forvaltning forventar, heilt ubevisst, at ein utfører og leverer tenester av god kvalitet. Bevissthet rundt kva som gjev kvalitet er nok diverre undervurdert og seksjon teknisk har alt å tene på å arbeide for auka bevisstgjerings på området. Å kunne svara på kva som skal til for å lever tenester av god kvalitet er eit godt utgangspunkt.

Seksjon teknisk har difor starta eit forisktig arbeid for auka fokus på revidering og utarbeiding av aktuelle rutinar knytt til arbeidsoperasjonar. Det er i tillegg tatt initiativ til å vidareutvikla kvalitetssystemet sjølv om dette ofteer ei oppgåve som blir nedprioritert i mangel på ressursar.

Seksjonen har auka fokus på kompetanseheving for alle ansatte. Ein repetisjon av aktuelle lovreguleringar og aktuelle forskrifter er alltid nyttig for oss alle. Kjekke kontorfasilitetar er avgjerande når ein skal setja seg ned med lover, forskrifter og anna nyttig kunnskapsgrunnlag og arbeidet med å tilrettelegge for nytt kontor til alt driftspersonell blei påbegynt i august 2020. Å ta inn over seg behovet for digitalisering og vilje til å tenkja nytt om mykje er og viktige deler av det å leverer tenester av god kvalitet.

To av seksjonens ansatte deltok på henholdsvis arbeidsvarslingskurs 1 og arbeidsvarslingskurs 2 i august 2020.

Samarbeid på tvers av sektorar internt, men og interkommunalt bidrar til auka kvalitet i tenestene, det same gjer nettverksbygging for kunnskapsdeling.

At seksjon teknisk blir pålagd å svara ut ulike tilsyn er nyttig. Eit tilsyn gjev moglegheit til å bli kjend med forbettringspotensiala våre rett og slett fordi resultatet av tilsynet gjev oss ei objektiv tilbakemelding på kor skoen trykker.

Seksjon teknisk har som mål å snarleg definere nokre parametre som skal brukast til å måla kvaliteten på tenesteleveransen vår. Vi skal starte i det små og ta eit steg av gongen. Vi skal feire små sigrar

medan vi går. For er det ein ting vi allereie no kan måla så er det den uttalte viljen til å gjera sitt ytterste for innbyggjarane på Bokn.

Mål for tenestene

Det er ikkje vedtatt eigne, konkrete mål for seksjon teknisk, men det ligg i “saka sin natur” at ein skal levera på fylgjande hovudmål:

- **Å utføra god saksbehandling innføre lovpålagte fristar, samt gjennomføra vedtatte prosjekt.**

Vertskommuneavtalen med Karmøy kommune gjer at vi kan konkludera med at dette målet er nådd for 2020. Det vil alltid vera rom for forbedringar og det vil vera nyttig å definere enno klarare mål og delmål for dette kommande år.

- **Å levera gode tenester til brukarane.**

Også dette målet meiner vi oppfylt trass i ein krevjande bemanningssituasjon i 2020. For å sikre ei berekraftig drift framover vil det vera avgjerande å arbeide fram og å få vedtatt tydelege mål for kommande driftsår. Tydelege mål vil, i neste runde, automatisk generere kva som til eikvar tid skal prioriterast. Nettopp på bakgrunn av eit ibuande ynskje om å levera gode tenester har ein, som for alle driftsår tidlegare, ynskt å levera på alle henvendelsar – ofte utan at ein har hatt ein plan for arbeidet. Dette ser vi resultatet av når vi analyserer tala og når vi skal forklare deler av overforbruket i 2020. Ein må difor ha ei strammare budsjettoppfølging for å unngå å havne i same situasjon som no der overforbruket har vore betydeleg.

- **Å sikra god forvaltning av kommunale anlegg og kommunal bygningsmasse.**

Seksjonen har arbeidd godt, dog utan eit bevisst forhold til at ein arbeider for å nå eit mål, på dette området. Vi meiner at målet er nådd også her. Tydelege mål for drifta må på plass, dei må vedtas og kommuniserast ut i organisasjonen slik at rett ressurs er på rett prosjekt til rett tid og innanfor vedtatte økonomiske rammer.

- **Å levera på informasjonsutveksling er berre til dels gjort førre driftsår.**

Seksjon teknisk tok difor hausten 2020 eit initiativ for å både forenkla ein del system, dette til fordel primært for innbyggjarar, men også internt for organisasjonen. Målet med dette er å tilrettelegge for “organisert” to-vegs kommunikasjon. To-vegs dialog med innbyggjarar og andre er heilt avgjerande for at teknisk i Bokn skal lukkast i å nå alle framtidige, vedtatte mål for seksjonen. Å nå måla for å nå måla har i seg sjølv ingen verdi. Måla må setjast med helse i alt i fokus, med fokus på klima og miljø og på å drifta på eit vis som sikrar berekraft for åra som kjem.

Økonomi - Resultatvurdering

Rammeområde 6. Teknisk

Fordelt slik	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Avvik i kr	Avvik i %
Lønsutgifter	3 449 814	2 289 000	1 160 814	50,7 %
Andre driftsutgifter	10 009 605	7 211 700	2 797 905	38,8 %
Inntekter	-9 617 226	-8 633 000	-984 226	11,4 %
Netto utgift	3 842 193	867 700	2 974 493	342,8 %

Inntektene er ca 1 million høgare enn budsjettet. Årsaka er refusjon av meirvedavgift på 0,55 millionar høgare enn budsjettet, men same beløp er ført i rekneskapen under utgifter slik at netto effekt er 0. Det er også mottatt forsikringsoppgjør på ca 0,5millionar.

Avvik lønnsutgifter er på 1,2 millionar kroner. Dette skuldas ei feilbudsjettering, der lønnsutgifter som tidligare blei ført som investering i vassverktbygginga nå er tatt inn i drifta utan at dette vart reflektert i budsjettet. I tillegg har det vært langtidssjukefråvær ved avdelinga.

Avvik på andre driftsutgifter er på 2,8 millionar meirforbruk. 0,55 million av dette er refusjon mva, som også vart som inntekt. Det er brukt konsulenttenester for 1,2 millionar kroner, mot eit budsjett på 0,75. Dette heng saman med langtidssjukefråvær. Det er også eit overforbruk på tenester kjøpt frå andre med 1,3 million. Overforbruk er knytt til reparasjon skade sjukestova, samt underbudsjettering av kjøp av tenester frå Haugaland Brann og redning, frå Karmøy kommune og andre.